

Barnet si stemme ved samlivsbrot

Kva kan barn fortelje om sine opplevingar i samband med foreldra sitt samlivsbrot?

Mariann T. Haugan

29. mai 2015

Rettleiar: Halvor de Flon

Mastergradsoppgåve i familieterapi og systemisk praksis

MGFAM-11-2

Diakonhjemmet høgskole, Oslo

Institutt for sosialt arbeid og familieterapi

Dato: 29.mai 2015

Antal ord: 27 419

Forord

Fire års studie i familieterapi og systemisk praksis nærmar seg avslutning. Dei to siste åra har eg vært så heldig å studera ved Diakonhjemmet høgskole. Denne mastergradsoppgåva markerer slutten på ei spanande reise med mange gode og kloke medstudentar, lærarar og forelesarar. Det har vore ein svært travel, lærerik og spanande prosess. I periodar heilt isolert i mi eiga verd i prosessen med denne oppgåva. Det har vore viktig for meg å få fordjupe meg i eit tema som opptek meg mykje, barn som opplever foreldra sitt samlivsbrot.

Det er mange som må takkast. Denne oppgåva og alt den har kravd kunne eg ikkje ha klart åleine. Eg vil takka dei fem flotte informantane som ville bli intervjuet av meg! Eg har lært så mykje av dåke, tusen takk for tilliten ved å dele dokkar historier med meg. Utan informantane hadde ikkje dette prosjektet vore mulig, den er bygd på deira erfaring.

Eg vil takke kollegaer på arbeidsstaden min for tilrettelegging for at eg kunne ta denne utdanninga. Permisjon til studieveker, og avspasering ein månad til skriving var viktig for å klare å gjennomføra dette prosjektet. Takk for at dåke takla dei ekstra belastningane dette førte med seg, og takk for interesse og støtte for studiet mitt.

Ei stor takk til rettleiaren min, Halvor de Flon, for god og nyttig rettleiing undervegs. Det har vore veldig trygt å ha deg med i denne prosessen. Uansett spørsmål frå meg har du alltid hatt tid til å svare raskt. Tusen takk for denne krevjande og spennande prosessen saman. Tusen takk til gode medstudentar for mange sterke og viktige opplevingar saman. Mange takk til Siv M. Myra som alltid har vore ein positiv og oppmuntrande klassestyrar.

Eg vil takka den kjære familien min, og spesielt mann, to barn, svigerdotter og barnebarn for at dåke har vist interesse og tolmod med det eg har vore fordjupa i. Og vist forståing for at eg i periodar har måtte prioritera arbeidet med oppgåva, og ikkje vore så sosial. Det skal det bli endring på no. Det har vore så positivt å opplevd dotter som bur heime si interesse for faget eg har studert, og mann som har kome med mat og drikke når eg har gløymt det. Tusen takk.

Mariann T. Haugan

Stord, 28.05.2015

Samandrag

Barn og ungdom kan oppleve at foreldra deira går gjennom eit samlivsbrot, dette påverkar dei på mange måtar. Fokus i denne undersøkinga er korleis barn og ungdom kan ha det når foreldra går frå kvarandre. Korleis kan det vera å leva med foreldra sine under og etter samlivsbrotet? I mastergradsoppgåva ynskjer eg å få fram barna sine stemmer, og om korleis dei opplevde den nye familiesituasjonen. Korleis vart barna ivaretekne av foreldra når dei vaksne var midt oppe i eit samlivsbrot? Klarte dei vaksne, ut frå barnet sin ståstad, å vera opptekne av barna sine og sjå deira behov i denne perioden? Ein periode som også kan vera vanskeleg for dei vaksne.

Tema for mastergradsoppgåva; *Barnet si stemme ved samlivsbrot*

Problemstilling;

Kva kan barn fortelje om sine opplevingar i samband med foreldra sitt samlivsbrot?

- Barna sine erfaringar og tankar i ein ny familiesituasjon?
- Kva oppleving hadde barna av å bli sett og høyrte, og kva kan dei gi av råd til vaksne og barn i liknande situasjon?

Eg har valt å bruka ei kvalitativ metode, med ei fenomenologisk analyse. Ved bruk av analysemetoden Interpretative Phenomenological Analysis (IPA) har eg prøvd å belysa ungdomane sine erfaringar med foreldra sitt samlivsbrot, og korleis dei forstår erfaringane sine. Eg har hatt dybdeintervju av fem ungdomar som er mellom 16 og 19 år, dei er rekruttert frå Utekontakten og frå ein vidaregåande skule i distriktet. Informantane som er invitert til å vera med i undersøkinga er tilfeldige og ukjende informantar for meg. Eg har valt å ha informantar som er over 16 år. Dette er i eit retroperspektiv, nokre år etter at ungdomane opplevde foreldra sitt samlivsbrot. Dei fire hovudfunna i denne undersøkinga vart;

Barnet si stemme - å bli sett og høyrte. Følelsar og reaksjonar knytt til samlivsbrotet.

Fekk barna tilbod om samtalar / oppfølging av andre. Råd frå barna / ungdomen.

Funna i undersøkinga visar at informantane har ulike opplevingar med foreldra sitt samlivsbrot. Funna blir drøfta i forhold til aktuell teori og empiri for temaet.

Innholdsliste

1 Innleiing	1
<i>1.1 Bakgrunn for val av tema og problemstilling</i>	1
<i>1.2 Oppbygging av oppgåva</i>	4
<i>1.3 Avklaringar av begreip</i>	4
<i>1.4 Relevans og betyding for fagfeltet</i>	5
<i>1.5 Avgrensingar</i>	7
2 Teori	8
<i>2.1 Grunnlagsteori</i>	8
2.1.1 Systemteori og kommunikasjonsteori	8
2.1.2 Det narrative perspektiv	10
2.1.3 Det salutogene perspektiv	11
<i>2.2 Teori om barn og samlivsbrot</i>	13
2.2.1 Tilknytningsteori og samlivsbrot	13
2.2.2 Barn og foreldre sine opplevingar av eit samlivsbrot	16
2.2.3 Profesjonelle sitt møte med barn som har opplevd samlivsbrot	20
3 Metode	24
<i>3.1 Vitskapsteoretiske ståstad – fenomenologisk og hermeneutisk forståing</i>	24
<i>3.2 Metode for datainnsamling – kvalitativ forskning</i>	25
3.2.1 Fenomenologi	27
3.2.2 Hermeneutikk	28
3.2.3 Ideografi	29
3.2.4 Analysemetode; Interpretative Phenomenological Analysis (IPA)	29
<i>3.3 Forskingsetikk</i>	30
<i>3.4 Innsamling av data</i>	32
3.4.1 Intervjuguiden	32
3.4.2 Rekruttering av informantar	33
3.4.3 Intervjua	34
3.4.4 Transkribering	36
3.4.5 Presentasjon av ungdomen	36
<i>3.5 Refleksivitet</i>	37
<i>3.6 Validitet og reliabilitet</i>	39
4 Analyse, funn og drøfting	40
<i>4.1 Arbeid med data</i>	40
<i>4.2 Presentasjon og drøfting av funn</i>	42
4.2.1 Barnet si stemme - å bli sett og høyr	43
4.2.2 Følelsar og reaksjonar knytt til samlivsbrotet	51
4.2.3 Fekk barna tilbod om samtalar / oppfølging av andre	56
4.2.4 Råd frå informantane / ungdomen	60
5 Oppsummering, avslutning og implikasjonar	66
<i>5.1 Oppsummering av studien</i>	66
<i>5.2 Kva viser denne undersøkinga om funna?</i>	67
<i>5.3 Viktig faktorar for at barnet si stemme skal bli høyr i samlivsbrot</i>	68
<i>5.4 Avgrensingar og sjølvrefleksjon</i>	72

<i>5.5 Implikasjoner for videre forskning</i>	72
6 Litteraturliste og referanser	73
7 Vedlegg	76
Vedlegg 1 Svar frå REK på prosjektsøknad	
Vedlegg 2 Svar frå NSD på vurdering av prosjektet	
Vedlegg 3 Informasjonsbrev om prosjektet, med teieplikt- og samtykkeskjema	
Vedlegg 4 Intervjuguiden	
Vedlegg 5 2 sider translatering	



«Ansikt på innsida og ansikt på utsida»

Dette er teikning av meg i senga i går. Eg høyrde lydar. Slik ser eg ut når eg har ansikt på innsida og ansikt på utsida. Det er to figurar som står på skuldrene mine, den eine seier at eg må vera trist, og den andre seier at eg må vere glad.

Emma, 9 år.

1 Innleiing

Bildet av «Ansikt på innsida og ansikt på utsida» er det «Emma» på 8 år som har teikna. Ho er ei jente som eg har snakka med i arbeidet mitt. Eg spurde Emma om ho kunne teikna korleis dette ser ut, og slik ser det ut for henne. Når eg snakkar med barn og ungdom som har ulike utfordringar i livet spør eg ofte om dei forstår dette uttrykket, og om dei kan kjenna seg igjen i korleis det kan vera å ha eit ansikt på innsida og eit ansikt på utsida. Uttrykket skildrar det at barn, og vaksne, kan ha to ansikt, eit på utsida som dei visar, og eit på innsida av seg som er korleis dei eigentleg føler det. I det ligg det at barna ikkje alltid visar på utsida det dei føler på innsida.

1.1 Bakgrunn for val av tema og problemstilling

Eg arbeider i barneverntenesta med frivillige hjelpetiltak til familiar, og har i tillegg til det min eigen private praksis som rettleiar og familieterapeut. På tidlegare arbeidsplass, i førebyggjande teneste, hadde eg ansvar for organisering og gjennomføring av samtalegrupper for barn som har opplevd samlivsbrot. Dette i samarbeid med familievernkontoret i kommunen. Gjennom erfaring og utdanningar har eg sett og lært kor viktig det er å snakka og arbeida saman med alle i familien. I arbeidsdagen ser eg kor viktig det er å ha med seg ei forståing av det systemiske perspektivet. Biolog og vitenskapsmann, Ludvig von Bertalanffy, utvikla generell systemteori. Han starta på 1920 talet å studera samspel mellom komplekse biologiske system, og hevda at kompliserte samspel burde bli oppfatta som heilskapar eller system, i staden for å studera deira enkelte bestanddelar (Hårtveit og Jensen 2004).

Med systemer mente Bertalanffy enhver enhet som kunne sies å opprettholde seg selv ved et samspill mellom systemets deler, det være seg et bakeri, et molekyl, en buhund, en fagforening, en personlighet- eller en familie (ibid:49).

I samband med von Bertalanffy sin teori såg ein at dette også hang saman med korleis personane i ein familie påverkar kvarandre gjensidig. Familieterapien si forståing på begrepet system har sitt utspring frå von Bertalanffy sin generelle systemteori (ibid). Her blir det i samband med barn som opplever foreldra sitt samlivsbrot.

Temaet som er valt for dette prosjektet; *Barnet si stemme ved samlivsbrot*, kjem på bakgrunn av erfaringa mi og interesse for dette feltet. Og ut frå temaet har eg kome fram til problemstillinga, under den er det to forskingsspørsmål eg ynskjer å belyse i masteroppgåva;

Kva kan barn fortelje om sine opplevingar i samband med foreldra sitt samlivsbrot?

- Barna sine erfaringar og tankar i ein ny familiesituasjon?
- Kva oppleving hadde barna av å bli sett og høyrte, og kva kan dei gi av råd til vaksne og barn i liknande situasjon?

Eit samlivsbrot betyr ikkje bare at foreldra vel å gå frå kvarandre, det kan også bety at ein familie vert splitta. Mange av mine tidlegare og nåverande arbeidsoppgåver er knytt til barn og foreldre med utfordringar i forhold til dette. Eg har samtalar med foreldra, med barna, kvar for seg og saman. I barneverntenesta får me ofte ei bekymring frå foreldra retta mot barna, men det kan ofte visa seg at det er problem og utfordringar mellom foreldra som kan gjera det vanskeleg for barna. Eg har hatt mange samtalar der eg har opplevd at barna har det svært vondt når foreldra har valt å gå kvar til sitt. Erfaringa har vore at barna har eit stort behov for å få snakke om det dei opplevde, dei har ofte ikkje fått fortelje foreldra eller andre rundt seg korleis dei opplever dette. Barna har kanskje gått med eit ansikt på innsida og eit på utsida. I arbeidet mitt som familierapeut i barnevernet prøver eg alltid å tenkje systemisk, at alt heng saman med alt. Ein familie er sett saman av medlemmer som påverkar kvarandre gjensidig, på godt og vondt. Eg meiner at ein må snakka med både dei vaksne og med barna, for at ein skal kunne bidra med hjelp til dei.

Grunnen til at dette temaet opptek meg så mykje er at erfaringane mine har ført til at eg har undra på om barna kanskje ikkje alltid blir møtt på sine behov. Der foreldra er i ein prosess med samlivsbrot kan det nokre gonger verka som om foreldra har mindre kapasitet til å ivareta barna sine behov i ein periode. Foreldra kan i ein periode ha nok med si eiga sorg og fortviling over situasjonen, og ha mindre overskot til å sjå borna sine behov. Eg har ofte undra meg på om kanskje ikkje barna blir høyrte og sett nok under og etter samlivsbrotet, mykje går kanskje på dei vaksne sine premisser. Eg har undra meg på om foreldra tenker at det går bra

med barna i denne perioden, bedre enn kva barna sjølv føler. Får barna fortald om korleis dette er for dei? Det var noko av det eg ynskte å undersøkje gjennom mastergradsprosjektet. Det er viktig innleiingsvis å poengtera at når det gjeld vaksne og barn sine opplevingar med samlivsbrot er biletet oftast samansett og komplekst. Nokre foreldre og familiar får overgangen frå å vera *ein* familie som bur saman, til at familien vert delt og bur kvar for seg, til å gå veldig bra. For andre familiar kan denne overgangen bli veldig vanskeleg. Eg prøver å balansera dette i denne oppgåva, og vel i oppgåva å ikkje leggja meir vekt på grunnar til foreldra sitt val av å skile lag. Undersøkinga er tufta på det tilfeldige utvalet av informantar eg fekk, og deira erfaringar med sine foreldre sitt samlivsbrot.

Eg ser at erfaringa mi med samtalar med barn kan farga meg i samband med problemstillinga i masteroppgåva. Dette sidan dei barna eg har snakka mest med er dei som har hatt det vanskeleg i samband med foreldra sitt samlivsbrot. Ein veit at dei fleste barna har hatt det nokolunde greitt i den nye familiesituasjonen etter eit samlivsbrot. Dei barna som har ei slik erfaring har ikkje behov for å snakka med nokon i hjelpeapparatet. Psykologiprofessor Frode Thuen (2011) si undersøking frå 2004 visar at 80 % av barna som opplever samlivsbrot klarar seg bra. I kapittel 2, teori, blir det vist til fleire andre undersøkingar med liknande funn.

I denne oppgåva vel eg å ikkje gå inn på utviklinga for ulike familiekonstruksjonar, samlivsbrot, eller grunnane for samlivsbrot. Men at det har vore ei stor og endra utvikling på dette området er udiskutabelt. Før var det mest vanleg med gifte foreldre, så vart det meir vanleg med sambuande. I tidlegare tider var det uhøyrte å gå frå kvarandre, i dag er det meir akseptert (Moxnes 1999). I ein artikkel på NRK.no / Puls (Thuen 2007), står det at ein kan slå fast at barn som opplever samlivsbrot i dag, ikkje har det lettare enn kva barn som opplevde dette tidlegare hadde det.

Det viser seg nemlig at barn slett ikkje takler foreldrenes samlivsbrudd bedre i dag enn for noen tiår sidan, og det til tross for at skilsmisser er blitt langt mer utbredt. Barn av skilte sliter dobbelt så mye med skoleproblemer og rusmisbruk sammenlignet med barn av foreldre som holder sammen (ibid).

Talet på samlivsbrot og separasjonar har gått ned dei siste åra (Statistisk sentralbyrå 2014). Frå 2005 til 2013 har nedgangen vore på 12 %. I 2013 vart det inngått 23 400 ekteskap, 10 900 par tok ut separasjon, 9700 par vart skilde. I 2013 hadde ekteskapet vara i gjennomsnitt 12,9 år. Det var 9000 barn under 18 år som opplevde at foreldra skilde lag i 2013, og 11 900 barn som opplevde at foreldra vart separerte. Denne statistikken gjeld par som var gifte, då ein ikkje har same oversikt over par som er sambuande. Det betyr at det er fleire par og barn enn desse tala Statistisk sentralbyrå (ibid) visar til som opplever samlivsbrot. Frode Thuen (2011) si undersøking visar at det kvart år i Noreg er ca. 25 000 barn under 18 år som opplever at foreldra deira går frå kvarandre (gifte og sambuande par).

1.2 Oppbygging av oppgåva

I kapittel 1 har eg skrive om bakgrunn for og val av tema og problemstilling. Der det er forklart kvifor val av temaet barnet si stemme ved samlivsbrot vart teke. Det er blitt vist litt til anna forskning på temaet samlivsbrot. Vidare i kapittel 1 blir det avklaring av begreip, temaet sin relevans og betydning, og avgrensingar for oppgåva. I kapittel 2 blir teori og empiri som er valt rundt temaet barn og samlivsbrot belyst. I dette kapitlet blir det først presentert grunnlagsteori som eit bakgrunnsteppe, der systemteori og kommunikasjonsteori, det narrative perspektiv og det salutogene perspektiv blir omtalt. Vidare vert relevant teori og forskning om barn og samlivsbrot belyst. I kapittel 3 blir dei metodologiske rammene for dette studiet presentert, det blir skildra korleis prosessen med denne undersøkinga har vært, og kva val som er blitt teke. Det blir vist val av analyseringsmetode, IPA, og korleis eg kom fram til funna i undersøkinga. Det er ein kort presentasjon av informantane i dette kapitlet. I kapittel 4 blir funna i undersøkinga vist, med sitat frå informantane. Desse blir drøfta opp mot den teoretiske forståinga som vart presentert i kapittel 2. I kapittel 5 blir det ei oppsummering og avslutning av undersøkinga. Vidare er det kort om begrensingar og sjølvrefleksjon, og implikasjonar for vidare forskning.

1.3 Avklaringar av begreip

Nokre avklaringar av begreip kan vera viktig i starten av dette kapitlet. Eg brukar begrepet *samlivsbrot* i oppgåva anten foreldra var gifte eller sambuande. Det som eg visar til av

statistikk og historie gjeld i hovudsak undersøkingar av oppløysing av lovleg inngåtte ekteskap. Dette då ein ikkje har så mykje forskning på oppløyste sambuarforhold, sidan dei ikkje er registrert på ein tilsvarende måte som inngåtte ekteskap. Uansett om foreldra var sambuande eller gifte kan ein tenkje seg at opplevinga for barna kan vera den same. Det er fem ungdomar som er informantar i denne undersøkinga. I teksten i oppgåva brukar eg både *barn og ungdom*. Eg brukar dette ulikt gjennom oppgåva.

1.4 Relevans og betyding for fagfeltet

Personale i ulike fagfelt som arbeider med barn og unge, har erfart at det er mange barn som kan ha det vanskeleg etter foreldra sitt samlivsbrot. Dette har eg også opplevd i arbeidet mitt som familieterapeut i førebyggjande teneste, og i barneverntenesta. Nokre av desse barna me møter kan ha ei vanskeleg tid då dei har opplevd at familien ikkje skal leva saman som før. Mor og far skal leva kvar for seg, og barna skal leve «mellom» dei. Det er skrive svært mange bøker og artiklar om temaet samlivsbrot. Det er også litteratur som har fokus på barn sine opplevingar, blant anna masteroppgåver skrive av studentar på Diakonhjemmet høgskole og andre høgskular. Men det er framleis mest forskning på dette temaet ut frå dei vaksne sitt syn, det trengst meir forskning der barn og ungdom får uttala seg. Det empiriske grunnlaget for å belysa forskingsspørsmålet i masteroppgåva viser eg kort i punkt 2 om teori.

Barneverntenesta i Fredrikstad (Fredrikstad Blad 2015) fortel at dei opplever ei auka pågang av bekymring der familien har opplevd samlivsbrot, det gjaldt 44 % av 76 saker. Før kom ungdom til barneverntenesta på grunn av rus, kriminalitet og åtferdsproblematikk, no er det også problem i samband med samlivsbrot som er ein del av biletet. Barnevernet opplev ofte at det er alvorlege saker der foreldra er i så store konflikhtar, og at barneverntenesta oftare må vurdera ei omsorgsovertaking på grunn at dette. Ein ser at barn lir under foreldra sine konflikhtar og dårlege samarbeid, og barna fungerer nokså dårleg. Barnevernsleiaren seier at barn hadde det nok vondt tidlegare også, men at no ein ser på dette med eit anna samfunnsfokus (ibid). Dette eg visar til frå Fredrikstad stemmer med erfaringa barneverntenesta i min kommune også har. Ein er ofte uroa for barn og ungdom som lever i familieforhold der konflikhtar mellom foreldra er veldig stor.

Vidare er erfaringane mine med ein til ein samtale med barn, og med samtalegrupper for barn som har opplevd samlivsbrot, viktig empiri for val av tema. Eg skriv om dette i kapittel 2, teori, og i kapittel 4, analyse, funn og drøfting. Utgangspunktet for samtalegruppene er såkalla PIS-grupper (Program for skilsmissegrupper). Desse er administrert av «Voksne for Barn» (Voksne for barn 2014). Mine erfaringar og møte med mange barn, og med samtalegrupper, er ein viktig grunn til at eg ynskjer å forska på korleis barn si stemme i samlivsbrot kjem fram. I oppgåva har eg valt å skriva kort om PIS-grupper og erfaringa mi med desse. Korleis barna si stemme blir høyrtd i gruppene, av dei vaksne gruppeleiarane, men også av dei andre barna. Alle viktige tankar og innspel frå barna, og mitt innblikk i korleis ein ny familiesituasjon kan bli opplevd av barna som opplever at foreldra skil lag, har vore eit viktig bakteppe for val av tema. Dette skildrar det narrative aspektet ved at barna i samtalegrupper, og i individuelle samtalar, får fortelje *si* historie og oppleving av foreldra sitt samlivsbrot.

Eit barn kan bli trist og lei seg for at foreldra skil lag uansett om det har vore konflikt eller ei. Sjølvsgd kan det ha blitt opplevd som mykje vanskelegare for nokre barn som har opplevd foreldra sine konfliktdar. I oppgåva vel eg å ikkje skrive noko om konflikt mellom dei vaksne, eller fokusere noko på om det var konflikt eller ikkje mellom foreldra til informantane i dette prosjektet.

Målet med oppgåva er også at eg synes det er viktig at foreldre og andre vaksne får meir kunnskap om korleis barn kan oppleva ein ny familiesituasjon, som eit samlivsbrot vil vera. Erfaringa mi er at det ofte er foreldra sine stemmer som kjem mest fram i samlivsbrotet, og at det blir lite eller ikkje plass til barna sine stemmer. Dette er det sett lys og fokus på i dette mastergradsprosjektet. I tillegg til at foreldre bør få meir kunnskap om dette, er målet med undersøkinga at også fagfolk får vite meir om dette temaet. Dette kan vera personale i m.a. barnehage, skule, helsesystem, sosial- og helseteneste, barnevern, familievernkontor m.m. Eg håpar og meiner at undersøkinga kan vera relevant og viktig kunnskap for personalet i desse instansane. Ved å undersøkje dette temaet, med ungdomen sine røyster og erfaringar, kan både private og fagfolk få ny og viktig kunnskap. Dette kan vera med på at vaksne som arbeider med barn og ungdom som har opplevd samlivsbrot kanskje kan hjelpa barna meir og betre. Fagfolka kan etterspør meir korleis dette kan bli opplevd av barna. I ein travel

arbeidssituasjon kan det kanskje vera lett å «gløyma» å høyra på barna si historie, den kjem kanskje ikkje fram fordi ein har mest fokus og oppgåver knytt til dei vaksne rundt barna. Ved å vite meir om dette temaet meiner eg det kan gi vaksne, både private og profesjonelle, tryggleik til å ta initiativ til å snakke meir med barna som har opplevd at foreldra har gått frå kvarandre. Det er ikkje alltid det synes så godt at barn kan ha det vanskeleg, dei rolege barna kan ha det like vanskeleg eller verre enn dei barna som reagerer meir synleg.

I ein kronikk i Dagbladet 19. februar 2015 skriv Barneombod, Anne Lindboe, at barn blir stille i stormen dei opplever når foreldra går frå kvarandre. Ho seier vidare at me må tørre å lytte til barna sine behov og ønskjer (Dagbladet 2015). I dette tenkjer eg at alle vaksne rund barna må bli flinkare til dette.

1.5 Avgrensingar

Då rammene for eit mastergradstudie har sine krav, er det ikkje mogeleg å dekkje alle tema som også hadde vore interessante i denne samanhengen. Eg har valt å skriva om teori som har vore dekkjande for mine funn i denne oppgåva. Eg vel å ikkje skriva noka om mekling mellom foreldre som går frå kvarandre, eller samværsavtalar, då det ikkje er i mitt felt for undersøkinga. Men eg vil nemna kort det Barneombod, Anne Lindboe, skriv i ein kronikk i Dagbladet 19. februar 2015 (ibid:50-51), *Når barn blir stille i stormen*. Ho skriv at barn og unge som opplev samlivsbrot, må få tilbod om ein eigen time samtale på familievernkontoret når foreldra deira er til mekling. Familievernkontoret må få ei plikt til å tilby dette seier Barneombodet. I dag blir barna sine synspunkt brakt inn i meklinga via foreldra, og det er ikkje bra nok seier Lindboe . «Barn har rett til å bli hørt. [...] Barna må få mulighet til å sette ord på hva samlivsbruddet innebærer for dem.» seier Lindboe (ibid:50). Når barna blir høyrte i meklinga visar det seg at foreldra får ei større forståing for barna sine behov og ønskjer etter samlivsbrotet, konflikten blir dempa, det er med på å betra samarbeidet, og det blir meir robuste avtalar mellom foreldra (ibid:51). Dette samsvarar med det eg skriv i oppgåva mi. Barneombodet seier også at barneverntenesta får fleire meldingar frå barn og foreldra på grunn av samlivsbrot.

2 Teori

Som bakgrunnsteppe for oppgåva vel eg først i dette kapitlet, under kapittel 2.1, å skriva kort om relevant grunnleggande teori som systemteori og kommunikasjonsteori, det narrative perspektiv og det salutogene perspektiv. Kapittel 2.2 handlar om teori om barn og samlivsbrot. I kapittel 2.2.1 skriv eg om tilknytningsteori og samlivsbrot. Kapittel 2.2.2 skildrar barn og foreldre sine opplevingar av eit samlivsbrot. Kapittel 2.2.3 omhandlar profesjonelle sitt møte med barn som har opplevd samlivsbrot.

I denne mastergradsoppgåva har eg fleire plassar i oppgåva, i kapittel 1, innleiing, kapittel 2, teori og i kapittel 3, metode, skrive om det narrative perspektivet, m.a. nyskriving av historia si. Dette då eg meiner det er viktig i fleire delar av oppgåva. Vidare har narrativ tilnærming fleire viktige fokusområde som eg tenkjer kan bidra til at ein kan møte barn og ungdom på ein god måte.

2.1 Grunnlagsteori

I denne delen av oppgåva skriv eg om systemteori og kommunikasjonsteori, det narrative perspektiv, og det salutogene perspektiv.

2.1.1 Systemteori og kommunikasjonsteori

Familieterapien si forståing på begrepet system har sitt utspring frå von Bertalanffy sin generelle systemteori (Hårtveit og Jensen 2004). Den var eit alternativ til den lineære og reduksjonistiske naturvitskapelege modellen, den positivistiske grunnhaldninga (ibid:49). Og von Bertalanffy sitt alternativ var «perspektivisme», at alle perspektiva er gyldige, men ingen er meir gyldige enn andre. «Dette betyr at å studere samspillet i et system har større betydning enn å studere delene i seg selv.» (ibid:49).

Eit paradigme blir av Dallos og Draper (2005) forklart slik; «[...] en udbredt måde, hvorpå man forstår og forklarer, «hvordan tingene fungerer her» i et givet miljø, der i det store og

hele er tavs og modvillig over for forandring.» (ibid:311). Ein kan også kalla det eit verdsbilete. Det er dei rammer vitskapen må halde seg innafor for å kalla seg vitskap. I slutten av 1980-åra var det ein overgang frå det konstruksjonistiske til det sosialkonstruksjonistiske, med Gregory Bateson, Paul Watzlawick og Humberto Maturana som viktige bidragsytarar. Det var ei endring frå den positivistiske grunnhaldninga (det naturvitskapelege paradigme), der ein behandla «problem» lineært, årsak-problem førestelling, der problemet var i individet, til at ein såg på det sirkulært (det systemiske paradigme) ved eit problem, der ein ser på samspelet i familien (Hårtveit og Jensen 2004:53). Me konstruerer våre liv gjennom dei historiene me fortel. Eg vel å skriva litt meir om dette under kapittel 3, vitskapelege val. Den engelsk-amerikanske antropologen og biologen Gregory Bateson introduserte kybernetikken i familierapifeltet (ibid). Han leia Palo Alto-gruppa i San Fransisco, som m.a. arbeidde med personar som hadde schizofreni. Bateson (2014) skreiv om mentale prosessar, «mind», det kybernetisk system, og om sirkularitet.

Et levende væsen unndrager sig forandring enten ved at korrigere forandringen eller ved at ændre sig selv for at imødegå forandringen eller ved at indlemme vedvarende forandring i sin egen væren (ibid:94).

Slik eg forstår systemteori er det ein måte å forstå sosiale fenomen på ved at det er fokus på relasjonane og ikkje enkeltindivid sine eigenskapar. «Kybernetikk er læren om hvordan systemer kan regulere seg selv, hvordan de kan «tenke», og hvordan de kan handle som om de har et formål, en intensjon.» (ibid:XIX). I dette kan ein m.a. tenkje at foreldra har ein intensjon om å gjera forholda mellom dei vaksne, og barna betre. Og på den andre sida kan ein tenkje systemisk ved at om foreldra har det vanskeleg kan også barna få det vanskeleg.

I Bateson si bok frå 2005 vert hans kommunikasjonsteori vist, som er viktig å ha med i denne samanhengen. Fokus i denne masteroppgåva er korleis kommunikasjonen i familiar med vaksne og barn kan fungera. Og som det vert spurd om i denne undersøkinga, om samlivsbrotet til foreldra vart kommunisert med barna. Og vart det kommunisert i familien korleis barna hadde det? Bateson (ibid) skriv om forskinga hans med delfinar og kvalar si kommunikasjon. Dette overfører han til menneska sin kommunikasjon.

Jeg er interessert i dens kommunikasjon, i dens såkaldte «adfærd», betragtet som et aggregat af data, der kan opfattes og er *meningsfulde* for andre medlemmer af den samme art. Den er for det første meningsfuld i den forstand, at den påvirker et modtagerdyrs adfærd, og for det andet i den forstand, at den påvirker et modtagerdyrs adfærd, og for det andet i den forstand, at manglende opfattelse af den rigtige mening i første forstand vil påvirke adfærden hos begge dyr (ibid:360).

Ved dette skildrer Bateson (ibid) at alle relasjoner mellom menneske og dyr blir påverka av åtferda. Det verbale og det non verbale. Han skildrar m.a. korleis katten, ved hjelp av sin non verbale kommunikasjon og åtferd, klarar å gje beskjed om at den vil ha mat eller drikke.

2.1.2 Det narrative perspektiv

Eg vel å skrive om det narrative perspektiv i denne delen, då eg meiner det er sentralt for denne oppgåva. Ein kan forklara det narrative perspektiv ved ei tilnærming der ein person eller familie, og terapeuten, saman lagar ei ny alternativ historie. Ei historie om seg sjølv eller om familien (Lundby 1998). I narrativ praksis ynskjer ein å ha fokus på det unike mennesket med deira liv og erfaringar, som ikkje er lik nokon andre sine.

Det er nettopp i de spesifikke og unike kunnskapene folk har om sine egne liv og historier at de rikeste kildene til kunnskap om hva som er bra for dem, hva som ikke er bra, og hva de ønsker, håper på og drømmer for livene sine, kan finnes (Lundby 2009:11).

Harry Goolishian og Harlene Anderson vart på slutten av 80-åra meir og meir opptekne av betydninga av språket og konversasjonen si betydning i forhold til meiningsdanning og meiningsystem. Kenneth Gergen var ein samarbeidspartnar til Goolishian og Anderson (Hårtveit og Jensen 2004). Ein tenkte at problemet blir ikkje løyst, men det blir oppløyst i språket, når ein snakkar om det på ein anna måte enn ein var van med. Michael White og David Epsen er dei to mest kjende innan den narrative retninga, med White som drivkrafta på slutten av 80-talet. I 1990-åra overtok nesten det narrative perspektivet familierapifeltet (ibid). I Noreg og Norden har m.a. Geir Lundby vidareført White si narrative tilnærming etter White døde. Nyskriving av historier forklarar White (2009) slik;

Ny-formulerende samtaler stimulerer folk til å bevege seg i nye retninger, oppmuntrer dem til å fortsatt å utvikle og fortelle historier om sitt eget liv, men de hjelper dem også til å ta med noen av de mer oversette, men muligens betydningsfulle begivenhetene og erfaringene som ikke passer inn i de dominerende linjene i fortellingen (ibid:59).

Ein finn då dei andre historiene som har blitt sett i skuggen av dei dominerande og ofte negative historiene, desse vert i det narrative kalla alternative historier eller unntak. Geir Lundby (1998) fortel at kommunikasjon er ein grunnleggande menneskeleg aktivitet, dette gjer ein ved å fortelje historier. Dette er med på tilhørsle med ei sosial gruppe (ibid:27). Lundby (ibid) skildrar historiefortellingane våre som ein metafor, der me set ein «spotlight» på ei scene. Då ser me best det som er innfor sirkelen av lys, alt som er utfor den blir uklart, eller heilt umulig for oss å oppfatta. Men det me ikkje ser av delane på scenen er ikkje mindre verkelege enn dei som er innfor sirkelen av lys, dei er bare mindre opplyst (ibid:31). Dette er eit bilde på at dei dominerande historiene i ein person sitt liv blir mest opplyst og lagt merke til. Ein ser ikkje dei meir positive alternative historiene eller unntaka for det negative. Slik eg forstår narrativ tenking kan ein gjennom dialog om eit dominerande problem vera med på ei gjensidig leiting og utforsking av meining av dette. Gjennom dialogen vil endring vera å utvikla ny meining knytt til det problemet som var utgangspunkt for samtalen. Problemet kan mista sin dominerande plass for personen og familien. Det blir sett andre ord på det, det blir oppløyst ved hjelp av språket, og ved hjelp av positive unntak lagar dei ei alternativ historie saman.

2.1.3 Det salutogene perspektiv

Den israelsk-amerikanske sosiologen Aaron Antonovsky (2012) utvikla frå 1972 til 1990-talet sine teoriar om salutogenese i motsetnad til den då dominerande patologiteorien.

En salutogen tankegang åpner for å undersøke hva som skjer når organismen utsettes for belastninger som det ikke finnes noen umiddelbart tilgjengelig eller automatisk adaptiv respons på - en allment anerkjent definisjon av en stressfaktor - når det er solid teoretisk grunnlag for å predikere et positivt helsemessig utfall (ibid:32).

Antonovsky (ibid, kap. 1 og 2) skildrar kor ulikt ein møtte ein pasient ut i frå dei ulike teoriane på den tida. Antonovsky (ibid) skreiv om indre kjensler, sosiale relasjonar, og forholdet mellom stress, helse og velvære. Stressfaktorar er ikkje nødvendigvis bare patologiske, men kan også vera helseframbringande. Dette er avhengig av karakteren stressfaktoren har, og korleis spenninga kan bli oppløyst på ein tilfredsstillande måte. Antonovsky (ibid) hadde undersøkingar og skreiv om begrepet OAS (på norsk) – oppleving av samanheng. På engelsk SOC, sense of coherence (ibid:17). Han undersøkte om personane hadde ei sterk eller svak OAS. Det som var felles for alle generelle stressfaktorar, var at det vart mogeleg å sette dei mange stressfaktorane ein kan bli bombardert med, inn i ein samanheng. Ved at ein fleire gongar opplever liknande erfaringar, vert det etter kvart generert ei sterk oppleving av samanheng. OAS vart definert som;

[...] en helhetlig holdning som uttrykker i hvilken grad man har en gjennomgripende, varig, men dynamisk tillit til at ens indre og ytre miljø er forutsigbart, og at det er stor sannsynlighet for at ting vil gå så godt som man med rimelighet må kunne forvente (ibid:17).

Det er viktig korleis me opplever at tilværet er begripelig, handterbar og meiningsfull for oss. Antonovsky (ibid) forklarar begripeleg som i kva grad ein opplever at stimuli ein blir utsett for, i det indre eller ytre miljø, er kognitivt forståeleg, eller om det er kaotisk, uorganisert, tilfeldig, uventa eller uforståeleg. Med handterbar tenkjer ein i kva grad ein opplever at ein har tilstrekkeleg resursar til å takle det ein vert utsett for. Dersom ein opplever det som handtert kjenner ein seg ikkje som eit offer for omstenda, eller at ein er blitt urettferdig behandla i livet. Meiningsfullheit vart forklart som at ein føler at livet er forståeleg når det gjeld følelsar, at ein vil bruke krefter, engasjement og innsats på det som er utfordrande, at ein tek utfordringa og prøvar å finne mening i den, og prøver å gjera sitt beste for å koma seg best mogeleg gjennom den (ibid:39-41). Eg meiner at Antonovsky (ibid) sine teoriar vil belyse viktige område i denne undersøkinga, som gjeld barn si erfaring under stresset eit samlivsbrot kan gje dei. Og om barna klarar å få ei oppleving av samanheng.

2.2 Teori om barn og samlivsbrot

Under dette avsnittet vel eg å skriva om aktuell teori om barn og samlivsbrot som kan vera med å belysa problemstilling og funn i undersøkinga.

2.2.1 Tilknytningsteori og samlivsbrot

Under dette punktet vel eg først å skriva om tilknytning. Dette då eg meiner det er viktig å sjå på korleis tilknytninga kan bli endra ved livssyklusendringar som eit samlivsbrot kan vera. I denne oppgåva handlar dette om barna si tilknytning til foreldra der familien blir splitta i to.

Det var den britiske barnepsykiateren og psykoanalytikaren, John Bowlby, som etter andre verdenskrig begynte å bruka begrepet tilknytning på bakgrunn av erfaringar med barn som vart separert frå foreldra og familien sin. Bowlby meinte at tilknytingsåtferd er eit instinkt, at det er eit medfødt, biologisk behov mennesket har for å knytte seg til andre menneske. (Ruud 2011:51). Han undersøkte kva som skjer med små barn når omsorgsgivar er ute av syne (Dallos og Vetere 2009, kap. 6). Tilknytning kan bli forklart slik;

Attachment theory can be regarded as predominantly a theory of emotional regulation: When an infant is frightened, distressed or anxious they turn to their parents for protection and reassurance. The comfort [...] but also serves to help the child to learn to manage their feelings (ibid:59).

Den første og viktigaste tilknytninga skjer som oftast i familien med barnet sine foreldre / omsorgspersonar. «Tilknytningsteorien er en teori om den prosessen som resulterer i et psykologisk «bånd» mellom barnet og dets nærmeste omsorgspersoner (Broberg mfl. 2006).» Ruud (2011:50). Barnet og deira omsorgspersonar vert knytt saman emosjonelt og relasjonelt. Når det gjeld truslar og fare seier Dallos og Vetere (2009) at mennesket eller dyret tek i bruk det det har lært i situasjonar tidlegare i livet, unngår det, eller står i det, meistrar det eller ikkje, og søker tryggleik og trøyst der det har fått det tidlegare. Barn sine tilknytingsmønster blir internalisert til indre arbeidsmodellar. Desse vil vera viktige for barnet sine forventningar til andre, og deira samspelreaksjonar til andre personar seinare i livet. Barnet vil læra korleis dei kan takle negative følelsar, om dei klarar det sjølv, eller at dei får hjelp av andre dei stolar

på. Dette reparerer samhandlinga mellom barnet og omsorgspersonen slik at ein usikker situasjon for barnet vert roleg og trygg igjen. «Et fundament i barnets utvikling er å kunne oppleve verden som forutsigbar og trygg, og den tidlige tilknytningen er et avgjørende utgangspunkt for dette (Ruud 2011:51). Ved hjelp av trygge vaksne omsorgspersonar kan barnet oppleve det føreseieleg og få hjelp til å forstå samanhengar. Dette kan ein samanlikna med det Antonovsky (2012) skriv om oppleving av samanheng.

«Selv om de første årene er sårbare når det gjelder tilknytning, er det viktig å ha med utviklingsperspektivet, og en optimisme med hensyn til endringspotensialer.» (Ruud 2011:56). Ein tenkjer at barnet utviklar seg gjennom heile livet, dette gjeld også barnet sin relasjon til andre. Tidligare tilknytning i barndomen er viktig, samstundes som det er verdifullt med nye erfaringar med tilknytning til andre vidare i livet. Desse kan endra eller modifisera eventuelle uheldige tidlegare tilknytingsmønster. I dette tenkjer eg det er viktig å trekkje fram at nye steforeldre og stesøsken kan vera ei positiv og god oppleving for barn som har opplevd foreldra deira sitt samlivsbrot. I samband med tilknytning kan det vera nye positive tilknytingspersonar for barnet og ungdomen.

«Divorce can represent one of the greatest attachment disturbances for children and families.» (Dallos og Vetere 2009:54). Dallos og Vetere (ibid) skriv om tilknytning og familien sin livssyklus, og endringar i den. Ein familie har ulike periodar i livet som krev endring og reorganisering i familien, alt frå å få barn til at eit par skil lag. Eit samlivsbrot er ei endring i ein familie sin livssyklus, ein familie sitt liv skal bli endra på mange område. Familie-medlemene i endring opplever dette ulikt når det gjeld det emosjonelle og i tilknytninga mellom familiemedlemene, og det kan vera utfordrande (ibid). Anten barn har hatt ei trygg eller utrygg tilknytning til foreldra sine i oppvekståra, kan eit samlivsbrot føre til nye situasjonar og utfordringar for barna. Desse kan utfordra den vidare tilknytninga barnet har til foreldra og tryggleiken til barnet. Familiar er komplekse og dynamiske system, med medlemer som kjem og går gjennom dei ulike stadia i familien. Det er viktig at familien klarar å tilpasse og justere endringar for at alle familiemedlemene beheld ein balanse når blir kravd mange indre og ytre endringar. Som eit samlivsbrot gjer.

Foreldra kan vera i ulike stadium i prosessen eit samlivsbrot representerer, den eine kan kjenne ei lette ved samlivsbrotet, den andre kan kjenne stor fortviling. Foreldra kan vera emosjonelt utilgjengelige og distraherete, og mindre i stand til å vera gode tilknytingspersonar for barna sine. Foreldra kan ha hatt ein lang periode der dei har vurdert samlivsbrot, og hatt sine reaksjonar på det. Når så barna får informasjon om brotet, får dei ofte ei kort tid til å sørge og reagere, før foreldra meiner at barna har brukt lang nok tid på dette. Dallos og Vetere (ibid) skriv om tap og sorg i samband med prosessar ved samlivsbrot.

Familiemedlemene kan oppleve tap ulikt, og der tapet og følelsane ikkje er blitt anerkjent eller snakka om kan barna sine følelsar få utløp på måtar som kan bli tolka feil av dei vaksne rundt dei. Dette kan t.d. vera åtferdsmessige problem for barna (ibid:53). Barna kan t.d. sørge og savne tapet av kontakt med den forelderen det ser minst, og sørge over tapet av familien sin. Medan foreldra kanskje er glad for at dei har kome seg vidare og funne ny partner.

For nokre av barna kan informasjonen om samlivsbrot kome som eit sjokk, og for andre kan det vera ei lette. Nokre barn kan oppleve at heile verda går i knus når foreldra går frå kvarandre. Mange barn kan i mange år ønske at foreldra skal kome saman igjen. Dersom samlivsbrotet mellom dei vaksne har vore vanskeleg, kan barn kjenna på lojalitetsproblem og føla at dei ikkje klarer å gjera nokon av foreldra nøgd. Ofte føler barn at dei blir tvungne til å velje side mellom foreldra. Barn som opplever at dei ikkje får snakke fint om, eller får fortelja om sine gode følelsar for den andre forelderen, kan reagere med emosjonell tilbaketrekking eller å utagere med ulik åtferd (ibid:2009:53).

Eit samlivsbrot som er ei endring i familien sin livssyklus kan også føra til positive reorganiseringar i familien. Barn kan t.d. utvikla ei form av sjølvstende, dei tek i bruk det positive ved vennskap meir, og i nokre familiar blir det utvikla ein tettare relasjon til foreldra. I nokre tilfelle utviklar barn ei meir vaksenrolle / foreldrerolle ved å passe på foreldra sine. (ibid:55). Nokre barn lærer seg til å stole meir på søskena sine, og utviklar eit tettare forhold til dei. I eit samlivsbrot, der foreldra kanskje ikkje alltid er så tilgjengelege som tidlegare, kan søsken verta erstatta som tilknytingsfigurar for kvarandre. Nokre barn tek ansvar for å sjå etter foreldra sine.

Barna har svært mange og krevjande overgangar å forholde seg til etter eit samlivsbrot, som t.d. flytting, foreldra får nye partnarar, og kanskje nye stesøsken. Barna er opptekne av sine relasjonar til foreldra sine som vert brote, og må også forholde seg til nye familiemedlemmer. Dette kan vera komplisert og utfordrande, og kan gje barna emosjonelle utfordringar (ibid).

2.2.2 Barn og foreldre sine opplevingar av eit samlivsbrot

Professor Kari Moxnes har vore familieforskar i over 35 år, og har gjort fleire undersøkingar. Bøkene *Skilsmisens virkning på barn* (1999) og *Skånsomme skilsmisser – med barnet i fokus* (2003) er viktig teori i denne undersøkinga. Der visar Moxnes (1999 og 2003) m.a. resultat frå ulike undersøkingar frå USA og England, frå Norden og frå eiga forskning i Noreg. Resultata frå undersøkinga *Skilte familier*, eit delprosjekt i den større undersøkinga *Familieforandringer og konsekvenser for barn og ungdom* blir vist. Den vart gjennomført frå 1995 til 2001, og var den største nordiske undersøkinga på dette temaet i 2003 då boka kom ut. Informantar i undersøkinga *Skilte familier* var både foreldre og barn, dette var 2-5 år etter brotet.

Barna sin situasjon under og etter eit samlivsbrot er avhengig av kva samlivsbrotprosess foreldra lagar (Moxnes 2003). «Noen foreldre lager gode skilsmisser, andre vonde og konfliktfylte.» (ibid:9). Slik eg forstår dette er det forskjellig korleis foreldra taklar og legg forholde best mogeleg til rette for barna sine, og korleis barna opplever dette. Barna kan ofte vera uvitande, har ingen påverknad og kan kjenne seg avmektige i situasjonen. For at barna skal kunne oppleva ein vanskeleg prosess på ein best mogeleg måte er det viktig at foreldra tek tida til hjelp, dempar eigne konflikhtar, og lagar ein prosess etter samlivsbrotet med små og så få endringar som mogeleg (ibid:9). Moxnes (1999) visar til internasjonale og nasjonale undersøkingar som seier at dei fleste barn som har opplevd eit samlivsbrot på ein sunn måte, gjennomsnittleg «har det» og «gjer det» ikkje noko dårlegare enn barn som veks opp med begge foreldra. Dette betyr at det bare er prosentvis nokon fleire barn som har det vondt og vanskeleg (ibid:9-10).

Foreldre tenkjer på korleis det går med barna når foreldra går frå kvarandre, foreldra er bekymra for om brotet vil skada barna. Dei tenkjer på korleis barna skal lida minst mogeleg.

Det er også mange foreldre som utset eit samlivsbrot av omsyn for barna. Eit samlivsbrot blir opplevd ulikt. Moxnes (2003, kap.1) skriv om korleis foreldra bør fortelje barna at foreldra skal flytte frå kvarandre. Dette er svært sentralt for tema og funn i undersøkinga mi. Foreldre kvir seg ofte til å fortelje barna at foreldra skal flytte frå kvarandre. Fleire forskarar seier at den vanskelegaste perioden barnet går gjennom i samlivsbrotet er separasjonsfasa, det er frå dei får vite om brotet og til den tida når alle er etablert på nye bustadar. Andre forskarar seier at fasen som startar frå barnet for vite om samlivsbrotet, til barnet har fordøydd nyheita, er ei sjokkfase for barnet. «Denne fasen kan se ut til å være vanskeligst fordi det er i denne fasen at barnet viser sine reaksjonar, det har ennå ikke lært å skjule kva det føler.» (ibid:18). I dette forstår eg at både reaksjonar og uttrykk frå barna kjem i denne perioden, barna tør å vera ærlege, før dei seinare i prosessen skjuler følelsane sine. Dette kan vera vanskeleg for heile familien, men først og fremst for barna.

Barn kan reagere ulikt på å få vite at foreldra skal flytte frå kvarandre (ibid:19-20). Dei fleste barna reagerer sterkt, dei kan bli ulukkelege og redde når dei får vite dette. Nokre barn reagerer med å lukke seg inne i seg sjølv, og dei trekk seg vekk frå foreldra og venner. Nokre barn reagerer med sinne og aggresjon, barn kan også bli meir aggressive mot vener og andre i nærmiljøet. Nokre barn visar ikkje tydelege reaksjonar, medan nokon vert letta og glade over dette. «Det er viktig å vite at selv om barna ikke utagerer eller viser sine følelser, så betyr ikke det nødvendigvis at de takler informasjonen om separasjonen så bra.» (ibid:20). Slik eg forstår dette kan foreldre kanskje tenkje at det går bra med barna sidan dei ikkje reagerer så mykje. Men barna reagerer sterkt, men i det stille. Dei mest vanlege reaksjonane barna fekk var å bli triste, vart sinte, nokre reagerte med frykt eller angst (ibid). Barn sine reaksjonar på brotet er avhengig av ulike faktorar som kan spela inn, det kan vera barna si forståing av brotet, konfliktnivået i familien, korleis tilstanden til foreldra var ved brotet, og barnet sin alder og kjønn (ibid:20-26). Undersøkingar visar at barn som opplever store konflikhtar mellom foreldra, problem med rus og / eller bråk, kjem dårlegare ut enn barn frå alle andre typar familiar (ibid). Barn som lever i familiar der forholdet mellom foreldra er vanskelege og øydeleggande kan tene på eit brot mellom foreldra. Barna kan kjenna på ei lette og håpar at det blir betre, det kan bli eit betre og tryggare liv for barna. Det er heilt omvendt der barn trudde dei levde i ein lukkeleg familie og ikkje var forberedt på brotet. Dei kan ofte bli meir

ulukkelege og ha det vanskelegare den første tida av samlivsbrotet, enn dei barna som kjende til problem mellom foreldra.

Foreldre som slit med forholdet sitt kan ofte bli så opptekne av sine eigne problem, vera sinte, deprimerte eller slitne, slik at dei ikkje klarar å vera gode foreldre for barna sine. Men om foreldra kan ha eit vondt og vanskeleg forhold, så har ikkje nødvendigvis barna også det vondt. Dei kan ha eit godt familieliv til trass for at foreldra har det vanskeleg (ibid).

Det er lite forskning på korleis foreldra informerer barna sine om separasjon og at dei skal gå frå kvarandre, om dei gjer det saman, om måten dei gjer det på, og korleis dette verkar på barna (ibid:27). Forsking visar at dei fleste foreldre dessverre ikkje fortel og forbereder barna sine på samlivsbrotet. «Undersøkelser fra engelsktalende land viser at bare 20 til 25 prosent av barna blir informert om separasjonen før foreldrene flytter fra hverandre.» (ibid:28). Den same forskinga visar at det er få av foreldrepara som informerer barna saman, som oftast er det mor som får dette ansvaret. Resultata frå den norske undersøkinga, *Skilte familier*, er meir positive. Moxnes (ibid) håpar og trur dette er på grunn av at foreldre no er meir bevisste på kor viktig det er å gje barna god informasjon, enn kva foreldre var tidlegare. Mange foreldre fortalde ikkje noko til barna, fordi dei meinte at barna var så små og derfor ikkje kunne forstå. Barn opp til 5 år vart av nokre vurdert som for små. Nokre foreldre var så ulukkelege, deprimerte eller sinte slik at dei ikkje klarde å fortelje barna sine om brotet. Andre gongar var foreldra ueinige i kven av dei som skulle fortelje det. Mange av barna i undersøkinga huska ikkje korleis dei vart informert, eller om dei blei det. Nokre var små då det skjedde. «Men det var også mange barn som var eldre, som ikke kunne huske at de noen gang ble fortalt at foreldrene skulle skilles. I noen tilfeller ble ikke barna informert i det hele tatt.» (ibid:29). Andre barn fekk andre fordekte historier eller dei fekk høyra det av andre.

Moxnes (ibid) seier at mange barn er kritiske til korleis foreldra fortalde om brotet, og at dette ofte blei gjort for dårleg. «Ofte ble det fortalt bare en gang, som en beskjed, og så raskt at barna verken fikk tid til å fordøye det som ble sagt, eller til å formulere spørsmål og få stilt disse.» (ibid:29). Etter at barna hadde fått informasjon om samlivsbrotet til foreldra, var det

mange foreldre som aldri meir snakka om dette. Barna opplevde det som noko som blei tabubelagt, noko forbyddt og farleg å snakka om (ibid).

Moxnes (ibid) poengterer at for fleirtalet av barna i undersøkinga var separasjonen skånsam. Dei opplevde det på ein bra måte, fekk god informasjon, støtte og hjelp frå foreldra. Det er dei barna som ikkje opplevde dette, som brukte lang tid på å forstå og akseptera samlivsbrotet, og som viste negative åtferdsendingar etter brotet. «Det er mindretallet av barna som fikk en dårlig start på skilsmisseprosessen.» (ibid:31). Moxnes (ibid) rådar foreldre til å fortelje barna om separasjonen og samlivsbrotet, at dette er ei avgjer dei vaksne har teke, og at det er ikkje barna si skuld. Det er viktig å visa barna at foreldra også kan vera lei seg og at dette er vondt for dei også. Vidare at dei er lei seg for å sára barna ved dette, og at dei viser barna forståing for at dei kan ha det vondt. Foreldra må gi barna ei aldersadekvat forklaring for kvifor dei vil skilast, og ikkje lar være å forklare. For å gjera det mest mogeleg føreseieleg er det viktig at foreldra seier kva dei har bestemt seg for, at dei ikkje kjem til å vera kjærestar vidare, og kva dette konkret vil seie vidare for familien og barna. Foreldra blir råda til å vera saman når dei skal fortelje barna om samlivsbrotet, barna treng å oppleve at foreldra fortel dette saman, og høyra at det kjem frå dei begge (ibid). Det er viktig at foreldra har mange samtalar med barna om brotet, og lar barna vera med i forhandlingar om framtida når det er aktuelt. Ved det får barna ta del i foreldra si forståing, og kan dela sine egne tankar, behov, ønske og uro med dei (ibid:44). I dette tenkjer eg at foreldra prøver å sjå og høyra barna.

Forskarane i undersøkinga til Moxnes (ibid:57) spurde foreldra om korleis samlivsbrotet kunne ha påverka barna. Hovudfunnet i undersøkinga var at foreldra meinte at dei fleste barna gjekk gjennom eit samlivsbrot utan registrerbare sosiale og psykologiske skader. Det var ofte endringar i forholdet til søsken, då søsken gir kvarandre støtte og hjelper kvarandre i fasen med samlivsbrotet (ibid).

I fleire undersøkingar der barn får uttale seg kjem det fram kor viktig det er for barn at alle familiemedlemene er saman, at foreldra er venlege mot kvarandre, og er saman på store dagar som er viktige for barna. Dette er med på å gje barna ei kjensle av stabilitet og tryggleik på at

dei framleis er ein familie. Det er viktig for barna at dei kan vera saman med alle dei er glad i, og også å få visa andre at familien kan vera saman (ibid:87).

Førsteamanuensis og familieterapeut, Ottar Ness, skriv ein vitenskapleg artikkel om forskingsprosjektet; *Barns fornemmelse for brudd. Erfaringer med å vokse opp med skilte foreldre* (Tidsskrift for norsk psykologforening 2014:815-821). Eg vel å skriva kort om funna i dette prosjektet. Informantar i prosjektet var 10 vaksne personar som var i eit samlivsbrot, som sjølv hadde opplevd at deira foreldre også hadde opplevd samlivsbrot. Det var vaksne personar som var informantar, som fortalde korleis dette hadde vært for dei då dei var barn / ungdom. Ness (ibid) hevdar at dei barna som kjem godt gjennom brotet til foreldra, har foreldre som er merksame ovanfor barna sin situasjon, og som støttar dei positivt både før, under og etter brotet. «Å fornemme atmosfærer og stemninger.» var eit funn i Ness si undersøking (ibid:817). Barna får med seg at det er ei dårleg stemning mellom foreldra, fordi om foreldra prøver å skjerme dei for det. Det at foreldra hadde ein god tone seg i mellom skapte tryggleik for barna. Ness (ibid) kopla dette til det Antonovsky kallar «Sense of Coherence (SoC)» (ibid). Dette har eg skrive om tidlegare i teorikapitlet. Eit anna funn var «Betydningen av den utvidede familie og andre ressurspersoner.» (ibid:817). Deltakarar i prosjektet fortalde at det var viktig at dei vart sett og snakka med av andre i deira utvida familie og nettverk etter brotet mellom foreldra. Det kom fram at støtte frå lærarar eller andre i familien ikkje må stoppe opp for tidleg etter brotet, barna har behov for dette over lengre tid. Eit funn var «Forutsigbarhet og fleksibilitet.» (ibid:817). Det var viktig med fleksibilitet og det føreseielege i samband med samarbeid, samvær, og at avtalar vart heldt. Eit anna funn var «Følelsen av å ha to foreldre.» (ibid:817). Ved eit godt samarbeid mellom foreldra, og at foreldra var saman i bursdagar og feiringar med barna, ville dette «være med på å bidra til å «lappe sammen» bruddet og skape meningsfull sammenheng for dem.» (ibid:819).

2.2.3 Profesjonelle sitt møte med barn som har opplevd samlivsbrot

Først vil eg visa tilbake til det som blei skrive om Ness (2014) si undersøking i førre kapittel. Det viste barna sitt behov for å bli sett og snakka med i ein lengre periode etter brotet av andre i familien, eller av andre viktige ressurspersonar som t.d. lærar, førskulelærar,

helsesøster. Barna ynskte meir støtte eller oppfølging frå skulen også ei stund etter brotet. Lærarane må spør barna fleire gongar om korleis barna har det, og ikkje stoppe opp for raskt.

Ruud (2011) skriv om tre grunnleggande prinsipp i kommunikasjon; meining, verdigheit og om å anerkjenne. Alle tre prinsippa er viktige, og eg har tidlegare skrive det Antonovsky (2012) hevdar om meining. Det å anerkjenna nokon handlar om ei haldning og ikkje noko me gjer aktivt. Kjernen i kommunikasjon er å anerkjenna den andre. Difor er det viktig å møta barn i vanskelege livssituasjonar med å anerkjenne den måten barnet vel å framstilla eg sjølv og ulike hendingar på (Ruud 2011:25). Det er viktig å anerkjenna barnet som saknar ein av foreldra og er trist, med å støtta barna sine følelsar. Ikkje bare møte det med forklaringar og ord. Det er ikkje alltid foreldra klarar å støtte barna i deira sakn då foreldra sjølv kanskje saknar den andre eller er trist (ibid).

Profesjonelle som snakkar med barn og ungdom er vant til å tenkja praktisk og handlande, og set ofte i gang ting som ikkje var barna sitt ynskje. Ofte vil barn bare snakke om det som kan vera vanskeleg, ikkje at det må gjerast noko med det med ein gong (ibid). Ruud (ibid) seier at dei profesjonelle som snakkar med barn og ungdom må vera flinkare til å lytte utan å handle. Ruud (ibid) skriv også om samtalegrupper for barn med liknande livserfaring, t. d. barn med foreldre som er psykisk sjuke. «Det å møte andre som har felles opplevelser, kan bidra til gjenkjennelse, en form av at noen forstår, og av at det ikke er nødvendig å forklare så mye.» (ibid:193). Dette gjeld også for barn som har opplevd samlivsbrot, som eg skriv om. Både Ruud (ibid) og Moxnes (2003) skriv om at barn ikkje alltid klarar å visa og fortelja om følelsane sine.

Noen barn greier ikke, mens andre er redde for å vise sine følelser. Det er derfor viktig å huske at det barna viser, ikke alltid er det de føler. Blant disse barna er det noen som sier at de ble så fortvilet og redde at de ble passivisert, og derfor tror at de ikke viste noen reaksjoner (ibid:27).

Mange barn skjuler og visar ikkje kva dei føler, for foreldra sine eller andre vaksne rund dei. Det er viktig at dei vaksne rundt barna veit at det ungane visar ikkje alltid er det dei føler. Det

Moxnes (ibid) skildrar her samsvarar med det eg tidlegare har skrive om uttrykket «Ansikt på innsida og ansikt på utsida». I den samanhengen vel eg å skrive om samtalegrupper som kan vera ei god tilnærming, dei såkalla PIS-gruppene (Plan for Implementering av Samtalegrupper for skilsmissebarn i skolen) (Egge 2012). Vidare skriv eg om helsesøster og høgskulelektor, Hilde Egge (ibid), si mastergradsoppgåve om PIS-gruppene.

Helsesøstrene i Bærum såg at barn i skulen hadde eit aukande behov for å snakke med nokon etter dei hadde opplevd foreldra sitt samlivsbrot. Bærum kommune hadde eit prosjekt med samtalegrupper frå 2004 til 2008, og etter prosjektperioden vart det tilbod om slike grupper i mange kommunar i Noreg. Dette i samarbeid med skulane i kommunen (ibid). Gruppene er administrert av «Voksne for Barn» (Voksne for barn 2014). Det er 8 samlingar i samtalegruppene, med faste tema for gruppemøta. I gruppene for barnehage- og skulebarn brukar ein boka til Kirsti R. Haaland (2005), *Even og skilsmissen*.

Mastergradsoppgåva til Hilde Egge (2012), «*Du er ikke alene*» *Samtalegrupper som helsefremmende tiltak for skilsmissebarn*, omhandlar PIS-gruppene. Ho var med på PIS-prosjektet. Bærum kommune si evaluering av PIS-gruppene etter prosjektslutt viste at slike samtalegrupper gir ein positiv effekt ved at barna i gruppene blir meir opne, gladare, tryggare og meir nøgd med seg sjølv. Dette stemde med funn frå nordiske og internasjonale undersøkingar (ibid:5). Hensikta med mastergradsoppgåva til Egge (ibid) var å kartleggja kva som hjelper, og kvifor det hjelper å delta i samtalegrupper for barn som har opplevd samlivsbrot. Informantar i undersøkinga var 28 barn i alderen 14 til 16 år, frå tre ulike delar av Noreg.

Egge (ibid) skriv at årsaka til psykiske vanskar ofte kan skyldas at menneske ikkje har ord for, eller ikkje klarar å setje ord på den erfaringa eller opplevinga dei har bak seg. Eg visar til det Moxnes (2003) seier om dette. «I samtalegruppene får elevene hjelp til å sette ord på det de har opplevd ved å snakke gjennom alle faser i skilsmisse-prosessen, ofte ved bruk av ulike kommunikasjons-verktøy.» (Egge 2012:9). Hovudfunna i Egge (ibid) si undersøking om barn som var med i samtalegrupper var; oppleving av fellesskap, støtte, identifisering, openheit,

auka tryggleik og sjølvtilitt, auka påverknadskraft og kontroll over eige liv, auka forståing for foreldre / steforeldre, evner til å sjå det positive ved samlivsbrotet (ibid: 22). Dette samsvarar med andre undersøkingar som også er gjort på dette (ibid). Det å kunne dela historier, kjenna seg igjen i kvarandre, å vera til nytte og støtte for kvarandre kan samtalegrupper bidra til. Barna kan oppnå nytt sjølvbilete og får nye ferdigheter ut av fellesskap med andre barn i liknande livssituasjon. Dei unge blir flinkare til å uttrykke seg, snakkar opent om samlivsbrotet, og oppnår ei større forståing av det som har skjedd. Barna blir tryggare på seg sjølv og sin situasjon, og får eit betre forhold til familien sin. Barna får tilbake auka kontroll over eigne liv, og kan få ein betre kvardag (ibid:30).

Mennesket har et grunnleggende behov for å bli sett, hørt og trodd, og det kan alle bidra til, men først i fellesskapet med andre med skilte foreldre opplever de unge å virkelig bli forstått. Opplevelsen av at det er flere som har det på samme måte, gir en følelse av normalitet (ibid:30).

Egge (ibid:31) summerte opp og konkluderte mastergradsoppgåva si med at effekten av å vera med i samtalegrupper er førebyggjande, helsefremjande, det har ei stor samfunnsmessige gevinst og kan vera eit viktig tiltak i folkehelsearbeidet. Det er med på at barna kan utvikla ferdigheitene med å identifisera og verkeleggjera forhåpningane sine, tilfredsstilla behova sine og endra eller meistra miljøet sitt. Egge (ibid) skriv om den helsefremjande tenkinga til Antonovsky (2012), som eg også har skrivne om. Ungdomane som var med i samtalegruppe støtta kvarandre og var til nytte for kvarandre, det blei opplevd som meningsfylt. Dei klarte å sjå at samlivsbrotet var til det beste for alle i familien, det gav også meining i tilværet. Ungdomane fekk ei større forståing for situasjonen sin og menneska rundt dei. Dei såg samanheng mellom endring og åtferd (ibid). Eg visar kort til samtalegrupper for ungdomsskoleelevar i Kristiansand; «Vanlig, men vondt», (Kristiansand kommune 2015). Dei har også gode evalueringar frå grupper med eldre barn.

3 Metode

I dette kapitlet skriv eg om prosessen i mastergradsoppgåva, og korleis eg kom fram til funna i denne undersøkinga. Eg vil gje greie for kva metodologisk tilnærming og val eg har gjort i denne studien. Kvale (2007) seier at det ein ynskjer å undersøkje bør bestemmas kva analysemetode ein vel å bruka. Eg valte fenomenologi og hermeneutikk, med ei kvalitativ tilnærming i intervju. Vidare vil eg i dette kapitlet skriva om mitt val av analysemetode; Interpretative Phenomenological Analysis, heretter forkorta til IPA. I dette kapitlet vel eg å skriva om forskningsetikk, korleis eg samla inn data, og ein kort presentasjon av informantane i prosjektet. Til slutt skriv eg kort om refleksivitet, validitet og reliabilitet.

3.1 Vitskapsteoretiske ståstad – fenomenologisk og hermeneutisk forståing

Mitt val av analysemetode vart som nemnt ei fenomenologisk og hermeneutisk forståing. Masteroppgåva er forankra i det sosialkonstruksjonistiske, konstruksjonistiske og hermeneutiske perspektivet. Med utgangspunkt i desse perspektiva blei Interpretative Phenomenological Analysis (IPA) valt som design og analysemodell i denne undersøkinga. Fenomenologi, hermeneutikk og konstruksjonisme høyrer til ei kvalitativ forskningstradisjon, med humanistisk filosofi som sitt utspring (Kvale og Brinkmann 2009). «Humanismen er idealistisk.» (Aadland 1998:106). Menneskeverdet er ein grunnverdi i humanismen. Fenomenologar er oppteke av å illustrere menneske si oppleving av eit fenomen i deira livsverden, og hermeneutikarar fortolkar meining (Kvale og Brinkmann 2009). Eg prøver i oppgåva mi å gjere begge delar. Målet mitt med dette studiet er å få fram og belysa spesielle sider ved eit fenomen, og fortolka meininga ved det.

Thagaard (2009, kap.2) skriv at den vitskaplege forankringa er avgjerande for kva forståing forskaren har som utgangspunkt når forskaren søkjer informasjon om eit fenomen. Dette vil vera styrande for korleis eg har lagt opp undersøkinga mi og valet mitt av framgangsmåte (ibid). Eg skriv meir om IPA i kapittel 3.2.4.

Fenomenologi og hermeneutikk oppsto som ei motkraft til positivismen, som var ei «absolutt sikker kunnskap». «Et slikt tankemønster, ideen om at alt i verden har en eneste årsak, kan vi kalle lineært tankemønster.» (Hårtveit og Jensen 2004:43). Kvantitative undersøkingar ligg innafor denne tradisjonen. Dei kvalitative undersøkingane visar til kvalitetar ved forskinga, ein leitar ikkje etter tal og mengde, men personars opplevingar frå det levde liv.

Innenfor den postmodernistiske retningen har det konstruktivistiske perspektivet en fremtredende plass. Konstruktivismen oppfatter kunnskap som konstruert av dem som deltar i bestemte sosiale sammenhenger. Sosialkonstruktivismen fremhever at vi forstår omverdenen gjennom de kategorier vi gir uttrykk for (Jørgensen & Phillips 2005:13-14, i Thagaard 2009:43).

Geir Lundby (1998) skriv at me konstruerer våre liv gjennom dei historiene me fortel, og at dette har opphavet sitt i sosialkonstruksjonismen. Lundby (ibid) skriv det Jill Freedman og Gene Combs skriv om å ha eit narrativt og sosialkonstruksjonistisk syn på verda slik;

1. Virkeligheten blir sosialt konstruert.
2. Virkeligheten konstitueres gjennom språket.
3. Virkeligheten blir organisert og bevart gjennom historier / narrativer.
4. Det finnes ingen grunnleggende / essensielle sannheter om folk.
(Jill Freedman og Gene Combs 1996, i Lundby 1998:78).

Dette som er skildra i Lundby (ibid) si bok, meiner eg kan bli overført til informantane i denne undersøkinga. Korleis kom deira historie om samlivsbrotet fram? I ein familie der foreldra opplev samlivsbrot vil det vera mange historier å fortelje. Det er dei ulike familiemedlemene si ulike oppleving av samlivsbrotet, det er ikkje *ei* historie om den eller *ei* sanning om den. I denne undersøkinga er eg nysgjerrig på ungdomane sine stemmer og kva dei vil fortelja om dette, dei får fortelja si historie om det fenomenet eg undersøker.

Analysemetoden IPA består av tre kunnskapsområde; fenomenologi, hermeneutikk og ideografi (Smith, Flowers og Larkin 2009). Eg vel å skriva kort om dette i underpunkta her.

3.2 Metode for datainnsamling – kvalitativ forskning

Kvale og Brinkmann (2009, kap.2) skriv at det kvalitative forskingsintervjuet søker kvalitativ kunnskap ved intervju i normalt språk. Intervjuet sitt mål er nyanserte skildringar av den som

blir intervjuet så livsverd gjennom ord og ikkje tal. Intervjuaren ynskjer å få fram så nøyaktig som mogeleg det informanten opplever og føler, skildringar av meiningsfortolkingar, og korleis dei handlar. Målet med den kvalitative undersøkinga er det motsette av den kvantitative undersøkinga, som leitar etter tal og eksakte kvantitative målingar. Ofte ved hjelp av spørjeskjema.

Tradisjonelt har kvalitative metoder blitt forbundet med forskning som innebærer nær kontakt mellom forsker og de som studeres, som ved deltagende observasjon og intervju [...]. En viktig målsetting med kvalitative tilnærminger er å oppnå en forståelse av sosiale fenomener (Thagaard 2009:11).

Studiet si problemstilling og vitenskaplege ståstad gjer at ei kvalitativ tilnærming verkar å vera den mest hensiktsmessige for mi forskning. Eg har vald å ha dybdeintervju med ungdom / unge vaksne mellom 16 og 19 år. Gjennom intervjuet fekk eg innblikk i deira oppleving av og refleksjon rundt det å ha vore i ein situasjon med foreldre som gjennomgjekk samlivsbrot. Hensikta med dybdeintervju er blant anna å komme tett på ungdomane sine opplevingar. Ved å ha eit kvalitativt forskingsintervju prøver eg å forstå verda sett frå intervjupersonane si side (Kvale og Brinkmann 2009).

Formålet med et intervju er å få fyldig og omfattende informasjon om hvordan andre mennesker opplever sin livssituasjon og hvilke synspunkter og perspektiver de har på temaer som blir tatt opp i intervjusituasjonen. Intervjuer gir et særlig godt grunnlag for å få innsikt i informantens erfaringer, tanker og følelser (Thagaard 2009:87).

I undersøkinga ynskjer eg å få fram ungdomen si refleksjon over deira erfaring, og forståing av det. «De begivenheter og erfaringer som de forteller om, er gjenfortellinger av hendelser og preges derfor av informantens forståelse av det han eller hun har opplevd.» (ibid:87). Det er informantane i denne masteroppgåva sine erfaringar og opplevingar som kjem fram i undersøkinga. På bakgrunn av undersøkinga si tilnærming og omfang kan dei funn som måtte framkome ikkje generaliserast. Eg håper likevel at informasjonen som kjem fram i undersøkinga, samanhalde med anna forskning og teori, vil bidra til å kaste verdifullt lys på situasjonen for barn som har opplevd foreldra sitt samlivsbrot.

3.2.1 Fenomenologi

Eg vel å bruka ei fenomenologisk analyse av datamaterialet eg får, der eg søker svar på korleis informantane mine opplevde at foreldra gjennomgjekk eit samlivsbrot.

Når det er snakk om kvalitativ forskning, er fenomenologi mer bestemt et begrep som peker på en interesse for å forstå sosiale fenomener ut fra aktørenes egne perspektiver og beskrive verden slik den oppleves for informantene, ut fra den forståelse at den virkelige virkeligheten er den mennesker oppfatter (Kvale og Brinkmann 2009:45).

I denne oppgåva ynskte eg å prøva å forstå det sosiale fenomenet samlivsbrot, ut frå informantane sine perspektiv, og slik dette vart opplevd av dei. Fokuset i fenomenologien vil vera intervjuobjekta si oppleving av den verda dei lever i, samspelet mellom menneske og det offentlege rom der opplevingane føregår (Langdridge 2007).

Det viktige for en fenomenolog er ikke om det finnes en virkelig verden utover opplevelsene våre, men hva vi faktisk har tilgang til. Og det vi har tilgang til er det delte offentlige rommet av opplevelser (ibid:271).

Fokuset til ein fenomenolog er på våre opplevingar av verda, som kan undersøkjast. Eg undersøkker ungdomane si oppleving av foreldra sitt samlivsbrot. «Phenomenology is a philosophical approach to the study of experience.» (Smith, Flowers og Larkin 2009:11). Det er eit studie av erfaring. Det er ulike ting som blir vektlagt, og det er ulike interesser for fenomenologar, men det som er felles er at dei er interessert i å undersøkja korleis det er å vera menneske, på alle ulike aspekt. Spesielt er dei opptekne av område som er viktige for oss, og som utgjør vår levde verd. Mange fenomenologar er opptekne av å forstå korleis menneske lagar meining av opplevingane og erfaringane sine av verda (ibid:11).

Eg vel å bare nemne kort dei fire store fenomenologiske filosofane; Husserl, Heidegger, Merleau-Ponty og Sartre. Husserl og Heidegger har hatt stor innflytelse på fenomenologisk psykologi, inkludert IPA (ibid:12). Filosof Edmund Husserl grunnla fenomenologien ca. 1900. Martin Heidegger vidareutvikla den som eksistensfilosofi, seinare vart den utvikla i eksistensialistisk og dialektisk retning av Jean-Paul Sartre og Maurice Merleau-Ponty (Kvale

og Brinkmann 2009:45). I starten var fenomenologien oppteke av bevisstheit og oppleving, deretter vart den utvida til også å omfatta mennesket si livsverd av Husserl og Heidegger. Merleau-Ponty og Sartre ville at fenomenologien også skulle ta omsyn til kroppen og menneske si handling i ei historisk samanheng (ibid:45). «Sentralt innen fenomenologien er å forstå fenomen på grunnlag av de studeredes perspektiv, og å beskrive omverden slik den erfares av dem.» (Thagaard 2009:38).

3.2.2 Hermeneutikk

Hermeneutikk betyr læra om fortolkinga av tekster (Kvale og Brinkmann 2009). Det er fortolking av mening som er det sentrale tema. Det blir lagt vekt på tolkaren si forhåndskunnskap om temaet i ein tekst og korleis den påverkar forståinga. «Formålet med hermeneutisk fortolking er å oppnå gyldig og allmenn forståelse av kva en tekst betyr.» (ibid:69).

Vidare kan ein forklara hermeneutikk som å uttrykka, fortolka og forklara, og å oversetja frå eit språk til eit anna (Læg Reid og Skorgen 2006). Opphavleg er hermeneutikken knytt til tolkingar av bibeltekstar (Hårtveit og Jensen 2004), eller av juridiske eller litterære tekstar (Kvale og Brinkmann 2009). Hermeneutikken framhevar betydinga av å fortolka menneske sine handlingar gjennom å fokusera på eit djupare meningsinnhald enn det først innlysende (Thagaard 2009, kap.2). Det vert lagt vekt på at det ikkje er ei eigentleg sanning, men at ein kan tolka fenomen på fleire nivå. Hermeneutikken er bygd på prinsippet om at mening bare kan bli forstått i lys av den samanhengen det ein studerer er ein del av. Og me forstår delane i lys av det heile. Dette er den hermeneutiske sirkel, som av Thagaard (ibid) blir beskrive som det viktigaste begrepet i hermeneutikken. «I forhold til dette representerer hermeneutikken en viktig inspirasjonskilde for samfunnsvitenskapelige tilnærminger hvor fortolking har en sentral plass.» (ibid:39). Hårtveit og Jensen (2004) hevdar at den hermeneutiske sirkel har mykje til felles med den systemiske forståinga, som er oppteke av at me i tette relasjonar påverkar kvarandre gjensidig. Den hermeneutiske sirkel representerer ei sirkulær tilnærming til det som skal bli betrakta.

3.2.3 Ideografi

Ideografi er det tredje kunnskapsområde IPA er påverka av. I boka til Langdridge (2006) blir ideografisk forklart som at alle intervjuer blir analysert kvar for seg før ein prøver å generalisera utover individnivå. Ein er oppteken av det spesielle ved ein person eller situasjon, og ikkje det generelle. I motsetning til andre analysemetodar som er ute etter grupper eller populasjonar er IPA oppteken av detaljar som krev djupne i analysen. Derfor må analysen vera grundig og systematisk. Deretter er IPA oppteke av å forsøke å forstå korleis ei spesiell opplevd erfaring, som eit fenomen, kan bli forstått ut frå perspektivet til ei spesiell gruppe menneske, i ein spesiell kontekst. «IPA utilizes small, purposively-selected and carefully-situated samples, and may often make very effective use of single case analyses.» (Smith, Flowers og Larkin 2009:29).

3.2.4 Analysemetode; Interpretative Phenomenological Analysis (IPA)

Analyseringsmetoden som eg valde å bruka var som tidlegare skrive IPA. Som tidlegare nemnt består analysemetoden IPA av tre kunnskapsområde; fenomenologi, hermeneutikk og ideografi som eg valte å skriva om tidlegare i dette kapittelet, under punkt 3.2.1, 3.2.2 og 3.2.3. Etter samråd med rettleiaren min, det eg leste om analysemetodar, og det me fekk undervisning i, fann eg ut at analysemetode IPA var den metoden som passa forskinga mi best. Dette er som tidlegare skrive ei fenomenologisk tilnærming, der innhaldet frå intervjuer blir kategorisert ut frå fleire tema som går igjen i datamaterialet eg har fått i intervjuer mine.

IPA legg vekt på det hermeneutiske fenomenologiske fenomenet meir enn Giorgio Armands deskriptive fenomenologi på 1970-talet. IPA har dei seinare åra blitt brukt til å undersøkje mange ulike emne, både innan sosial- og helsepsykologi. IPA er fortolkande, søker å skape psykologisk teori og forhold seg i større grad til tradisjonell teori (Langdridge 2006).

I IPA fokuserer ein i intervjuer ikkje bare på skildringar av opplevingar, men ein kan også spør om ein person sine haldningar, meiningar og generelle refleksjonar om det temaet ein snakkar om. «Målet er å få deltageren til å fortelle så detaljert som mulig om opplevelsene sine, og å

gi forskeren så god adgang som mulig til deltagerens livsverden.» (ibid:278). Ein får ein rik og tjukk forteljing frå informanten, og får eit innsyn i den sin verden. Ein tenkjer at menneska som skapande vesen som gjennom refleksjonane sine prøver å finna meininga bak handlingane sine (ibid). I IPA er det like viktig med den tolkande delen som at sjølve fenomenet blir beskrive. Beskrivinga av eit fenomen blir nødvendigvis ei tolking. I IPA held forskaren på med dobbel hermeneutikk fordi han prøver å skape meining av informanten, som prøvar å skape meining av det som skjer med dei (Smith, Flowers og Larkin 2009:3)

Eg valte å følgja analyseringsmetoden slik Dallos og Vetere (2005) skildrar, med dei seks stega i IPA analysen. Korleis eg prøvde å følgja desse seks stega i IPA analyseringa visar eg i kapittel 4, i analysedelen. Under 4.1, arbeid med data.

3.3 *Forskingsetikk*

I eit forskingsprosjekt med kvalitative dybdeintervju er det svært viktig at ein set dei etiske vurderingane høgt. I tillegg til å følgja dei etiske retningslinjene til Fellesorganisasjonen for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere (FO 2002) som sosionom, og som familieterapeut, følgde eg dei forskingsmessige etiske retningslinjene. Eg skulle intervjuja ungdomar som kunne vera sårbare i samband med deira oppleving av foreldra sitt samlivsbrot. Eg kjende ikkje informantane frå før, og visste difor ingenting om korleis deira erfaring og oppleving av dette var. I prosessen med mastergradsoppgåva sendte eg ei framleggingsvurdering for *Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk* (REK). Eg fekk som svar at prosjektet mitt var eit grensetilfelle i forhold til framlegging for REK. Difor sendte eg prosjektsøknad til REK 17. juni-14. Eg fekk svar frå REK om at prosjektet fall utanfor REK sitt mandat (Vedlegg 1).

I juni-14 sendte eg også vurdering av prosjektet til *Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS* (NSD). Eg fekk svar og vedtak frå NSD den 22.09.2014;

Etter gjennomgang av opplysninger gitt i meldeskjemaet og øvrig dokumentasjon, finner vi at prosjektet ikke medfører meldeplikt eller konsesjonsplikt etter personopplysningslovens §§ 31 og 33 (NSD, 22.09.14). (Vedlegg 2)

Som informasjonsskriv og samtykkeskjema til informantane har eg brukt REK sine malar som utgangspunkt, og har justert det til mitt mastergradsprosjekt (Vedlegg 3). Alle eg har samarbeid med i prosjektet som t.d. informant, rådgjevar, helsesystrer, lærar, translatør har skrive under på teiepliktskjemaet (i vedlegg 3). Data eg fekk inn vart anonymisert, ikkje noko skal kunne bli kjent igjen. Personopplysningar skal ikkje kunne bli knytt til enkeltpersonar. Eg har ikkje oppbevart personlege opplysningar om informantane mine. I informasjonsskrivet informantane fekk tilsendt står det m.a. informasjon om forskingsprosjektet, at det ikkje er fare for at dei vert skada, og at det er lov å trekka seg i løpet av forskingsprosessen dersom informanten ynskjer det (Vedlegg 3). Dette informerte eg informantane om før me starta på intervjuet. Dei skreiv under på samtykkeskjemaet, som også har vore innelåst heile perioden.

Eg informerte ungdomane om at eg har teieplikt, og at det har også dei i Utekontakten og på vidaregåande skule som hjelpte meg å koma i kontakt med informantane. Vidare gav eg også informasjon om ungdomane si eiga teieplikt ovanfor seg sjølv. Ved at ungdomane sjølv kan bestemma om dei ynskjer å fortelje andre at dei var med på prosjektet eller ikkje. Også når det gjeld å eventuelt å fortelje til andre kva sitat som er brukt i mastergradsoppgåva som er deira. Dette er deira val. Alle informantane var interessert i å få tilsendt mastergradsoppgåva når den er godkjend.

Undervegs i prosessen tenkte eg at det kunne vera eg spurde informantane om tema som var vanskeleg for dei å snakke om. I intervjuet gav eg dei anledning til å la vera å svara på spørsmål som dei syntes var vanskelege, eller dei ikkje hugsa noko om. Ingen av dei skulle føla seg pressa til å svara på noko dei ikkje ville. I intervjukonteksten var eg oppteken av å ivareta informantane på ein best mogeleg måte ved å visa respekt, visa ansvar og vera følsam for informantane gjennom studiet, og ivareta menneskeverdet og unngå skade (Kvale og Brinkmann 2009).

Eit anna prinsipp i etisk forsvarleg forskning er kravet om konfidensialitet. «Forskeren må hindre bruk og formidling av informasjon som kan skade enkeltpersoner det forskes på» (Thagaard 2009:27). Eg noterte namnet til informantane på ein lapp ved starten av studiet, og eg hadde lydfilet med opptak av intervjuet, der namna deira ikkje har blitt sagt. Det er det einaste eg har hatt av personlege opplysningar av informantane. Dette har vore innelåst i heile forskingsprosessen. Alt materiale brukt i prosessen vil bli sletta og makulert når prosjektet er avslutta. Eg anonymiserte informantane i prosjektet ved først i intervjuperioden kalla dei informant 1, 2, 3, 4, 5, i analyseringsperioden kalla eg dei ved fargar (raud, gul, blå, grøn og rosa). Ved presentasjon av informantane og bruk sitat av dei i mastergradsoppgåva har eg gitt dei fiktive namn.

3.4 Innsamling av data

Under dette kapitlet skriv eg korleis eg gjekk fram for å samla inn datamaterialet til forskinga mi. Eg skriv om intervjuguiden, rekruttering av informantar, intervjuet, transkribering og ei kort presentasjon av ungdomen.

3.4.1 Intervjuguiden

Intervjuet med informantane var semistrukturerte intervju, som verken er ein open samtale eller ein lukka spørreskjemasamtale (Kvale og Brinkmann 2009). Eg brukte ein intervjuguide med hovudtema og underspørsmål i forhold til problemstillinga i masteroppgåva (Vedlegg 4).

Eg valde å ha 11 hovudtema, med 41 underspørsmål, ein ganske stor intervjuguide. Det var bevisst frå mi side å ha så mange hovudtema og underspørsmål, då tenkte eg at eg ville «treffe» informantane med nokre av spørsmåla som var viktigast for dei. Det var større sjansje til å sirkla inn på deira viktige erfaringar, og ikkje gå forbi dei fordi eg ikkje spurde. Ved å unngå å ha for få tema og spørsmål, der eg kunne ha spora inn på ting eg sjølv ynskde å leita etter, ville eg ved hjelp av mange spørsmål treffa kjernen på det som var informantane sine viktige erfaringar. Eg tenkte at dette ville vera med på at det var mykje det vart spurd om, viktige spørsmål vart spurt og ikkje utelate. Min tanke med dette var at det gjorde det ekstra spanande kva som var informantane sine fokusområde, og kor dei ville bringa meg vidare i prosjektet. Eg var klar over at eg kanskje måtte endre eller justere problemstilling for oppgåva

undervegs, fordi dei gav meg andre viktige funn enn det eg først hadde vore nysgjerrig på i oppstartinga av forskinga. Det viste seg at denne intervjuguiden gav meg mange viktige funn i undersøkinga.

Før eg starta med intervju av informantane mine i undersøkinga hadde eg eit pilotintervju med ein kollega av meg på barnevernet. Han hadde erfaring med å arbeida med barn/ungdom og foreldre som har opplevd samlivsbrot, og rollespelte ein ungdom som hadde opplevd dette.

3.4.2 Rekruttering av informantar

Eg har intervjuet ungdomar som eg har fått hjelp til å rekruttera frå Utekontakten og frå ein vidaregåande skule. Eg har hatt samarbeid med personalet i Utekontakten og rådgjevar og helsesystrer på skulen til å rekruttera unge vaksne for studiet mitt. Då fekk eg eit tilfeldig utval av aktuelle ungdomar, som sjølv valde om dei ville vera informantar i undersøkinga mi. Dette for å unngå å koma opp i etiske dilemma ved at informantane kjenner meg, og omvendt. Ungdomane er over 16 år og dei kunne dermed sjølv samtykkje til å vera informantar. Vidare er det nokre år sidan samlivsbrotet, dei er eldre, og kan reflektera over brotet på ein anna måte enn kva dei kunne då dei var yngre barn.

I kvalitative studie er det for lite utval av informantar til at ein kan generalisera som ein gjer i kvantitative studie. Når ein brukar IPA som analysemetode blir det foreslått tre informantar på mastergradnivå (Smith, Flowers og Larkin 2009:52). Eg hadde fem informantar. Ved ei IPA undersøking vel ein utvalet av informantar ut frå problemstillinga, som er eit strategisk utval. Ein ynskjer informantar med den type erfaring som problemstillinga spør etter. Det er ulike måtar å rekruttera informantar på, dei mest vanlege er gjennom referansar, gjennom muligheiter eller gjennom snøballeffekten (ibid). Eg brukte gjennom referansar då eg fekk hjelp av personale i Utekontakten og helsesyster på vidaregåande skule.

Det var viktig for forskinga at eg hadde både jenter og gutar som informantar, begge kjønna var representert. Desse var i ulike alder. Eg har valt at kjønn ikkje er noko tema i

undersøkinga, heller ikkje i analyseringa eller drøftinga. Men i utvalet mitt er det ein gut som sa ja til å vera informant. Sidan det var eit tilfeldig utval av informantar kunne ikkje dette bli styrt. Eg har heller ikkje fokus på kor lenge det var sidan foreldra sitt brot. Eg vurderte det slik at invitasjonen til å vera med i forskingsprosjektet måtte vera open for å sikre at eg fekk informantar. Men dersom ein hadde fokusert på meir like faktorar, eller fokus på lengde sidan brotet kunne ein finne andre svar på forskinga. Det informantane har som like faktorar er at dei har opplevd samlivsbrot, er nokolunde i same alder, er frå same geografiske område. Det er 4 jenter og 1 gut som er informantar.

Tilbakemeldingane frå informantane i prosjektet, før og etter intervju, var at dei var veldig bevisste på at dei ville vera med på denne undersøkinga. Med det ynskte dei å bidra med viktige opplysningar om temaet, som ein kan læra av.

3.4.3 Intervjua

I intervjusituasjonen var eg oppteken av at eg skulle få til ein god relasjon, og opptre med respekt og varsemnd overfor dei eg intervjuar. Eg tok omsyn til at det eventuelt kunne vera vanskeleg for informantane mine å bli minna på ei kanskje vanskeleg tid for dei, då foreldra deira gjekk frå kvarandre. «Relasjonar som utvikles mellom forskeren og informanten, er viktige for det materialet forskeren får.» (Thagaard 2009:13). Det var også viktig å vera klar over mi rolle i intervjusituasjonen, eg var då forskar og ikkje terapeut. Eg skriv litt meir om dette i punkt 3.4.

Vidare var det viktig å vera klar over at eit kvalitativt forskingsintervju har eit asymmetrisk maktforhold mellom forskaren og den som vert intervjuar (ibid). Eg vel å ikkje gå inn på dei ulike maktforholda som Thagaard (ibid) skildrar. Eg prøvde å ha fokus på dette i intervjuet ved å informera informantane om kor viktig det var at eg fekk ta del i deira erfaringar og refleksjonar rundt foreldra sitt samlivsbrot.

Alle informantane i prosjektet sa ja til at intervjuet vart teke opp på band, ingen hadde innvendingar mot det. Intervjua blei teke opp på band, slik at eg ikkje blei forstyrra i samtalen, og kunne konsentrera meg om spørsmåla og relasjonen til den eg intervjuar utan å notera undervegs. Det som blei teke opp vart anonymisert, eg sa ikkje namnet til ungdomane under intervjuet. Like viktig var det at då fekk eg med meg alle detaljar og nyansar i intervjuet med ungdomane. Det munnlege materialet vart lagra på lydfil, som skulle transkriberast og deretter analyserast.

Eg informerte alle informantane om at dersom nokre av dei fekk behov for å snakka med meg etter intervjuet, på grunn av tema som kunne ha blitt vanskeleg for dei etterpå, fekk dei mulighet til dette. Vidare informerte eg om at eg kunne hjelpe dei til å få anna hjelp i hjelpeapparatet dersom dette viste seg å bli aktuelt. Ingen av ungdomane har teke kontakt etter intervjuet for å ha behov for dette.

Det var svært viktig for meg at informantane sjølv ynskte å vera med på masterprosjektet mitt, at dei ikkje følte seg pressa på nokon måte. I prosessen med masteroppgåva, og det eg håpar å få fram i masteroppgåva, har det vore viktig for meg å få fram dei viktige erfaringane og tankane barn som har opplevd dette har. Dette meiner eg kan vera til hjelp for andre barn og foreldre i liknande situasjonar, og at det er viktig at også fagfolk får denne kunnskapen. Intervjuet var også frå mi side som forskar tenkt at det kunne vera ei positiv oppleving for ungdomane. Fleire av ungdomane sa det var veldig bra for dei å få fortelja *si* historie og oppleving av samlivsbrotet.

Intervjuet er en aktiv kunnskapsproduksjonsprosess. Det er intervjueren og den intervjuede som produserer kunnskap sammen. Intervjukunnskap produseres i en samtalerelasjon; den er kontekstuell, språklig, narrativ og pragmatisk (Kvale og Brinkmann 2009:37).

Det var lærerikt å sjå korleis intervjuet og samtalen mellom meg som forskar og intervjuar, og ungdomen som informant, var med på at me saman var i gang med å laga kunnskap. Materialet vaks fram under intervjuet, og i alle intervjuet var det spanande å få del i kunnskapen frå informantane på dette temaet.

3.4.4 Transkribering

Deretter vart intervjuet transkribert, og dette vart mine innsamla data for å analysa og belyse problemstillinga i undersøkinga mi. «Når intervjuene transkriberes frå muntlig til skriftlig form, blir intervjusamtalene strukturert slik at de er betre egnet for analyse.» (ibid:188). Ved dette får ein alt munnleg til skriftleg og kan starta analysen. Når ein transkriberer teksten vert ein kjend med dataet, får ei viss føling med materialet, og får med seg mange detaljar (Langdridge 2006). Det er anbefalt at ein transkriberer materialet sjølv for å få dette med seg.

Alt materiale frå intervjuet blei anonymisert. Opptaka av intervjuet, både på lydfil og det transkriberte og analyserte tekstmaterialet blir makulert etter masteroppgåva er godkjend.

På grunn av tidsperspektivet i mastergradsprosjektet valde eg å få hjelp til å transkribere nokre av intervjuet mine i prosjektet, då eg var uroa for ikkje å klara å transkribere alle intervjuet sjølv. Dei fem intervjuet i prosjektet mitt varierer i lengde frå ca. ein time til ca. to timar. Eg transkriberte to av intervjuet mine sjølv (2 sider som eksempel i vedlegg 5). Tre av intervjuet fekk eg ein person, som arbeider med dette, til å transkribere for meg. Eg er klar over kva det *kan* ha betydd at eg har brukt ein anna person til å transkribere tre av intervjuet for meg. Eg kan ha mista noko av det å jobba meg gjennom intervjuet frå munnleg til tekst, ved å høyra det fleire gongar medan eg transkriberer. Men eg lytta fleire gongar gjennom dei intervjuet eg fekk hjelp til å transkribere, og kontrollerte at all tekst i intervjuet kom med. Samstundes leste eg gjennom transkriberingane som vart gjort for meg fleire gongar.

3.4.5 Presentasjon av ungdomen

I mastergradoppgåva har eg har valt å kalla informantane ved andre anonymiserte namn. Dette for å få betre fram deira personlege erfaringar, at ein «høyrrer» meir ungdomane sine stemmer i tekstmaterialet mitt. Eg vel å gjera dette då eg synes at funna og sitata eg brukar vert meir levande, og ikkje «kald» informasjon ved å skriva «informant nr..». Ved dette valet, å kalla informantane mine ved namn i teksten, har det hjelpt meg gjennom heile oppgåva å ha

fokus på utgangspunktet mitt for forskinga. Eg vel å presentera ungdomane kort, utan for mykje skildringar av dei og familien deira, dette for å ivareta anonymiteten deira.

Informantane i forskingsprosjektet var;

- Anne Gro var 1-2 år då foreldra hennar gjekk frå kvarandre. Dette er 16-17 år sidan. Ho har fleire stesøsken, eldre og yngre enn henne. Anne Gro er 18 år og går på vidaregåande skule
- Oda opplevde foreldra sitt samlivsbrot då ho var 2 år, for 16 år sidan. Oda opplevde også at far og hans sambuar skilde lag for 2 år sidan. Ho snakkar om sine erfaringar med to samlivsbrot. Oda har ei eldre biologisk søster og fleire yngre stesøsken. Oda er 18 år og går på vidaregåande skule
- Espen var 11 år då foreldra hans gjekk frå kvarandre, dette er 8 år sidan. Han har tre yngre biologiske søsken, og fleire yngre stesøsken. Espen er 19 år og arbeider i butikk
- Amalie sine foreldre gjekk frå kvarandre då ho var 8 år, for 8 år sidan. Ho har ei biologisk søster som er eldre, og ho har fleire eldre stesøsken. Amalie er 16 år og går på vidaregåande skule
- Silje var 10-11 år då foreldra hennar skilde lag, dette er 6-7 år sidan. Ho har ei biologisk søster som er eldre, og eit yngre stesøsken. Silje er 17 år og går på vidaregåande skule

3.5 Refleksivitet

I prosessen med denne masteroppgåva var eg klar over at eg kanskje hadde med meg mine for-forståingar i samband med kva barn som har opplevd samlivsbrot kan ha av erfaringar. Eg har hatt mange samtalar med barn og foreldre som har opplevd dette, og eg har hatt mange samtalegrupper for barn. Hadde eg for mange «kjepphestar» med meg inn i prosjektet? Var eg for forutinntaande? Eg hadde mange rundar med meg sjølv, der eg hadde fokus på dette. Eg har prøvd «å nullstilla» meg i planlegginga av prosjektet, spørsmåla, og i møte med dei ungdomane eg intervjuar, og i forskinga vidare. «Å «nullstille seg» i kommunikasjon vil si at man aktivt går inn for å være undrende, nysgjerrig, uten å være forutinntatt.» (Ruud 2011:34). Eller som Thagaard (2009) seier, at forskaren så godt som det er mogeleg prøver å unngå at

eigne verdiar pregar intervjusituasjonen. Eg visste ingenting om kva *desse* ungdomane hadde opplevd i deira erfaring med foreldra sitt samlivsbrot. Eg har prøvd å vore «nullstilt og blank», og ved det vore nysgjerrig på kva desse ungdomane kunne fortelja meg. I samband med dette var det viktig for meg som forskar og intervjuar at utvalet av informantar var eit tilfeldig utval. Eg kjente ingen av dei og dei kjente ikkje til meg heller, ingen av dei hadde vore med i mine samtalegrupper. Me starta med blanke ark saman i intervjusituasjonen. Dette var med på at dei var ærlege i svara sine til meg, dei var ikkje «høfleige» fordi dei kjende til meg frå før.

Thagaard (ibid:103) skriv at forskaren kan representera ulike ting for informanten. Nokre gongar kan forskaren bli assosiert med ein kategori som informanten har kjennskap til frå før, som t.d. sosialarbeidar, journalist eller ei leiarrolle. Dette kan virke forstyrrende inn på intervjusituasjonen, det kan vera at informanten har forventningar til at forskaren kan bidra til meir enn det intervjusituasjonen skal vera, eller han / ho har kompetanse for. Det er då viktig å avklare dette før start av intervjuet. I denne samanhengen var det viktig å vera klar over mi rolle i intervjusituasjonen, det viktigaste i denne samanhengen var forskarrolla, men at eg i den også hadde element frå terapeutrolla. Dette for å kunne identifisera eventuelle behov hjå informanten, og kunne ivareta informantane på ein god og forsvarleg måte. Alle informantane sa etter intervjuet at det var bra å få snakka om dette, og gav tilbakemelding om at dei hadde opplevd seg ivaretekne.

I intervjuet er den hermeneutiske sirkel viktig, det at meining bare kan bli forstått i lys av den samanhengen det ein studerer er ein del av, og me forstår delane i lys av det heile (ibid). Det kvalitative intervjuet representerer ein konstruksjonistisk ståstad. «Fokus rettes mot betydningen av sosial interaksjon mellom forsker og informant og hvor begge parter i fellesskap utvikler kunnskap og forståelse i intervjusituasjonen (Rapley 2007:22).» (ibid:87). I intervjusituasjonen er det påverknad begge vegar. Meg som intervjuar - dei som informantar. Me formar våre omgivnader, og desse formar oss igjen.

3.6 Validitet og reliabilitet

Undersøkinga skal ha validitet i samband med relevans og gyldigheit med innsamla data som er relevante til problemstillinga. Prosessen og arbeidet med masteroppgåva skal også ha reliabilitet ved at undersøkinga er påliteleg, og at eg som forskar har vore nøyaktig i prosessen (Larsen 2007).

Validitet betyr i denne samanhengen om gyldigheita av tolkingane forskaren kjem fram til (Thagaard 2009:22). Reliabilitet gjeld om resultata er pålitelege. Det som her blir vurdert er om dersom ein anna forskar hadde brukt dei same metodane, ville den då ha kome fram til same resultat / repliserbarhet (ibid:22).

Begrepet overførbarhet er spørsmålet om tolkingar basert på ei enkelt undersøking også kan gjelda i andre samanhengar (ibid:22). I det kan ein spørje om andre hadde forska på det same som meg, om dei ville kome fram til same funn.

4 Analyse, funn og drøfting

I dette kapittelet blir funna i denne undersøkinga presentert, dei vart identifisert ved hjelp av IPA analyse. Dette vil bli vist ved sitat frå informantane i undersøkinga. I kapittel 4.1 vert det vist korleis eg gjennomførte mi analyse etter dei seks stega i IPA analysen. I kapittel 4.2 blir det presentering og drøfting av funna i undersøkinga i forhold til teorien i kapittel 2. Funna blir å finna i; kapittel 4.2.1 Barnet si stemme – å bli sett og høyrte. Kapittel 4.2.2 Følelsar og reaksjonar knytt til samlivsbrot. Kapittel 4.2.3 Fekk barna tilbod om samtalar / oppfølging av andre. Kapittel 4.2.4 Råd frå informantane / ungdommen.

4.1 Arbeid med data

Informantane fortalde i intervjuet svært mykje om temaet for denne forskinga. For å klare å gjera materialet forståeleg og overkommeleg vart intervjupersonane sine utsegn forkorta til kortare setningar. Ein lagar kortare setningar av lange setningar, der meininga med det som vert sagt, blir sagt med få ord, dette er meiningsfortetting (Kvale og Brinkmann 2009). I ei fenomenologisk basert meiningsfortetting er det viktig at ein får fram ei rikholdig og nyansert skildring av fenomen som blir undersøkt i intervjupersonen sitt daglege språk (ibid). Deretter kan dei tema ein har funne bli fortolka / meiningsfortolka, og teoretisk analysert. Dette blir vist i kapittel 4.2, presentasjon og drøfting av funn. I dette kapittelet blir det skildra korleis eg gjekk fram då eg arbeidde med datamaterialet i undersøkinga. Eg valde å bruka Dallos og Vetere (2005, kap. 4) sin framgangsmåte av IPA analyseringsprosessen, dei skildrar dei seks stega i IPA analysen slik;

1. Each transcript is read in detail a few times.
2. The search for themes begins with a two-margin approach to coding. [...].
3. [...] annotate your inferences, assumptions and reactions to the text, especially made with existing theory. [...].
4. [...], list all the left-hand codes chronologically and search for connections between the codes. [...].
5. Next, give the clustered codes a category title – these become the emergent themes. [...].
6. The emergent themes can be clustered into superordinate themes, and if desired, clustered again, into master level themes. [...].
(ibid:59-60).

Eg vil visa korleis eg prøvde å følgja desse seks stega i IPA analysen. Etter intervjuet med dei fem informantane i prosjektet var ferdig, lytta eg fleire gongar gjennom alle lydfilane. Dette for å høyra etter kva informantane sa, og for å få tak i hovudessensen i alle intervjuet. Dette slik det blir beskrive i steg 1 (ibid). Medan eg lytta til informantane på lydfilane noterte eg det som var viktig som kvar informant fortalde, og noterte mine egne tankar om dette. Eg leste også fleire gongar gjennom transkripsjonen av intervjuet.

På datamaskina lagde eg eit analyseringsskjema med tre kolonnar. Intervjuet / datamaterialet vart plassert i ei kolonne i midten, i venstre kolonne hadde eg meiningsstruktur / funn, nøkkelord / uttrykk, motsetningsfulle utsegn, informanten sine egne ord. I høgre kolonne hadde eg tema / essens, egne refleksjonar, og forslag til teori. Analyseringa vart fortløpande notert i analyseringsskjemaet på datamaskina. Dette tok lang tid då det var mykje tekst.

Eit og eit intervju vart analysert, i kronologisk rekkefølge. Eg følgde steg 1, 2, 3 slik Dallos og Vetere (ibid) skildrar stega. For meg vart det mest naturleg å ta steg 2 og 3 samstundes. Undervegs i analyseringsprosessen dukka det opp aktuell teori under steg 2 og 3, dette noterte eg i høgre margen. Eg valde å leita etter aktuell teori etter eg hadde analysert alle intervjuet. Dette då eg meinte at eg ikkje ville bestemma kva teori eg ville bruka i oppgåva før informantane hadde leia meg til kva som var deira viktigaste tema. Vidare var eg då «fri» i forskinga ved at eg ikkje leita etter noko spesifikt i datamaterialet, eg vart ikkje styrt i leiting av funn etter kva teori eg ville bruka. Teorien leita eg spesifikt etter då eg hadde analysert ferdig og funne hovudfunna i denne undersøkinga. Dette samsvarar med det Dallos og Vetere (ibid) skriv: «The main literature review is delayed until analysis is well under way, and is driven by the emergent findings» (ibid:55).

I steg 4 vart alle nøkkelutsegna nummererte i tekstmaterialet, sidetalet dette stod på vart også nummerert. Eit stort arbeid, som eg meinte ville hjelpa meg etter kvart i analyseringa med å finna dei ulike utsegna. Og det erfarte eg at det gjorde også, det var lett å finna igjen dei ulike utsegna. Eg fann 576 nøkkelutsegn frå informantane. Vidare i steg 4, å sjå etter samanhengar mellom informantane sine nøkkelutsegn (ibid), valde eg først å kalla informantane mine ved

fargar. Deretter skreiv eg dei ferdige analyseringsskjema ut på ark i desse fargane for å skilja dei lettare, og klipte opp alle 576 nøkkeltsegna. Eg tok også ut eit ekstra sett i desse fargane for å ha «manuset» til alle informantane sine analyseringsskjema. Dette for å ha ei god oversikt når alt var klipt opp.

Etter at steg 1 til 4 var gjennomført med alle intervju, vart alle utsegnene etter hovudfunn i steg 5 kategorisert. Liknande utsegner / tema vart organisert i rekker på golvet. Desse flytta eg rundt for å leita etter eventuelle samanhengar (ibid). Først fann eg 41 tema. Desse samla eg til beslekta tema, som då vart 19 hovudfunn med undertema. Deretter leita eg etter kor mange fargar eg såg, det vil seia om eg såg uttale frå alle informantane i kvart hovudtema. Dette gjorde at eg i denne delen av analysinga identifiserte fire hovudfunn med 13 underpunkt, som eg skriv om i oppgåva. Eg fann dermed desse hovudkategoriane;

- Barnet si stemme - å bli sett og høyr
- Følelsar og reaksjonar knytt til samlivsbrotet
- Fekk barna tilbod om samtalar / oppfølging av andre
- Råd frå barna / ungdomen

I steg seks brukte eg notata i høgre kolonne, refleksjonane mine til aktuell teori (ibid), og leitte etter aktuell teori til dei fire hovudfunna i undersøkinga. Det vart ei spanande lesing og leiting etter teori som kunne bli sett i samband med desse funna.

4.2 Presentasjon og drøfting av funn

I dette kapitlet blir hovudfunna med underspunkt presentert og drøfta opp mot teorien i kapittel to. I innleiinga av teorikapitlet skreiv eg om Ludvig von Bertalanffy, som utvikla generell systemteori (Hårtveit og Jensen 2004), og om Bateson (2005) som utvikla familiesystemteori. Ein familie er eit system samansett av mange medlemer, som påverkar kvarandre gjensidig. Barn blir t.d. påverka av dei vaksne sitt samlivsbrot. Dette visar funna i dette kapitlet.

Funna i denne undersøkinga blir illustrert med sitat frå informantane. Stillhet i intervjuet vert markert med punktum, der eit punktum er eit sekund stillhet. Når noko er utelate innanfor eit sitat, utan å avbryte det, vert det brukt tre prikkar i skarpe klammer; [...] (Diakonhjemmet Høgskole 2013). Alle «eh» og «mm» informanten har sagt er teke med. Ord er understreka når informanten legg tyngde på orda. Alle intervjuar er skrivne på nynorsk, men ikkje heilt korrekt nynorsk. Dette då språket skal vera likt det ungdomane brukar. Eg har valt å ikkje skriva dialekten til informanten, dette for at dei skal bli anonymisert.

4.2.1 Barnet si stemme - å bli sett og høyr

Grunnen til at eg var interessert i dette forskingsspørsmålet var at eg ofte hadde undra meg på om barna sjølv føler at dei har blitt sett og høyr i prosessen med foreldra sitt samlivsbrot. Moxnes (ibid) seier det er viktig at foreldra snakkar med barna om samlivsbrotet for at barna skal føle seg sett og høyr. Ness (2014) skriv at barn også må bli sett og snakka med av andre i deira utvida familie og nettverk, etter brotet mellom foreldra. Barneombodet, Anne Lindboe, seier at barn har rett til å bli høyr, og få mulighet til å sette ord på kva samlivsbrotet betyr for dei (Dagbladet 2015). Desse sidene det er vist til her samsvarer med fokuset i denne oppgåva.

Då eg spurde ungdomane om kva oppleving dei hadde av å bli sett og høyr av foreldra då dei opplevde samlivsbrotet kom det ulike svar; «*Eg blei ikkje sett og eg blei ikkje høyr. Altså.. eg blei liksom sett og høyr då eg var glad. Men... altså, den einaste som såg og høyrte meg då eg hadde det dårleg det var stefaren min.*» (Anne Gro, s 21).

Ei av dei andre svara at «*.. eh. Me blei vel sett og hørt på visse ting, men ikkje så mykje. Då måtte me gi beskjed, veldig kraftig, for å bli hørt... me måtte bøye oss i støvet.*» (Oda, s.13).

Dette var i forhold til kva dei vaksne bestemte.

1 av 5 av informantane i denne undersøkinga følte seg sett og høyr. 2 av 5 følte dei ikkje blei sett og høyr. 2 av 5 sa det var litt begge deler, dei følte seg sett og høyr på noko, og ikkje på andre ting. Dei som ikkje følte seg sett eller høyr hadde opplevd dette vanskeleg.

Bateson (2014) skriv at ein endrar seg sjølv for å imøtegå ei endring, dette gjeld ofte for barn i eit samlivsbrot. Som informanten i siste sitat sa, dei måtte finne seg i endringane det vart då foreldra skilde lag. Det var ikkje så mykje barna kunne seia for å endre på ting. Dallos og Vetere (2009) skriv om familien sin livssyklus, og endringar i den. Eit samlivsbrot er ei stor endring i familien sin livssyklus, både for dei vaksne og for barna.

Antonovsky (2012) er oppteken av salutogenese, indre kjensler, sosiale relasjonar, og forholdet mellom stress, helse og velvære. Om tilværet er begripelig, handterbart og meiningsfullt. I dette tenkjer eg det er avgjerande korleis foreldra møter og tek vare på barna sine i prosessen med eit samlivsbrot. Og om dei klarar å bidra til at barna skal føla seg sett og høyrte av dei. I samanheng med eit samlivsbrot tenkjer eg om det er begripelig og handterbart ved at barna opplever dei kan takle det dei vert utsett for. Meiningsfullheit ved at barna føler at livet er forståeleg når det gjeld følelsane deira.

Dallos og Vetere (2009), Ruud (2011) og Ness (2014) skriv om tilknytningsteori knytt til samlivsbrot, dette synes relevant for utsegn som kjem fram frå informantane i dette studiet også. I denne samanhengen tenkjer eg at informantane har tilknytninga si til foreldra sine før samlivsbrotet. Tilknytninga kan få ekstra utfordringar når foreldra skil lag, den kan bli betre eller verre etter samlivsbrotet, alt etter korleis foreldra klarar å vere trygge omsorgspersonar for barna vidare etter brotet.

Informasjon om, og forståing av brotet

Informantane fekk spørsmål om korleis dei fekk vite at foreldra deira skulle gå frå kvarandre. Om dei var opptekne av grunnen til det, og om dei hadde behov for ei forståing av det. Det kom ulike svar;

«Dei var veldig forsiktige og sa at... Eller me hadde fått vite det på ein måte litt tidlegare, at dei var... ikkje ville være samene lenger. Men eg forstod ikkje at det betydde at dei skulle gå frå kvarandre, eg trudde dei skulle bu saman for det.»
(Amalie, s 2).

Eine informanten var ikkje klar over at foreldra var på veg til å skile lag. «*Det kom som eit sjokk ein dag når... eg fekk ikkje vite det før dagen me skulle flytta ut.*» (Espen, s 2). Moxnes (2003) skriv at barn som trudde dei levde i ein lukkeleg familie og ikkje var forberedt på brotet ofte kan bli meir ulukkelege, og har det vanskelegare i ein periode, enn dei barna som kjende til problem mellom foreldra. Dette stemmer med funn i denne undersøkinga.

«*Fordi om det var forventa så blei eg veldig sjokkert, eigentleg. .. For det var bare ein heilt vanlig dag, og så plutselig satt dei der, og bare sa det, rett ut. Og det kom som eit sjokk, på ein måte...*» (Oda, s 5).

4 av informantane sa dei ikkje hadde fått nok informasjon om, eller hadde noko forståing av brotet. 1 informant hadde ikkje fått informasjon, men forstod at foreldra skulle skile seg sidan dei kranla så mykje. Alle informantane svarte dermed at dei syntes dei fekk lite informasjon om at foreldra deira skulle skile lag. Dei fleste opplevde at dei ikkje hadde noko forståing av brotet og situasjonen. Funna i denne undersøkinga visar det same som andre undersøkingar visar, at barna får lite eller ikkje informasjon om brotet, og grunnen til brotet (ibid). For at barn og ungdom skal få ei forståing av samlivsbrotet og endringane skal bli meir forståelege for dei, er det viktig at foreldra har hatt ein open kommunikasjon med barna om brotet (Dallos og Vetere 2009). Resultata i denne undersøkinga visar at dette ikkje alltid skjer.

Antonovsky (2012), Ruud (2011) og Ness (2014) skriv om barn sine opplevingar med tilknytning, og at dei vil vera viktige for barnet sine forventningar og samspelreaksjonar til andre personar vidare i livet. For barn som har opplevd eit samlivsbrot er det svært viktig at dei opplev at dei vaksne som dei stolar på, tek vare på barna. Det er ein ny, og kanskje uoversiktleg og usikker familiesituasjon for barna når foreldra går frå kvarandre. Ness (ibid) koplars også det han fann i si undersøking til Antonovsky (2012) sin teori. Dette har eg skrivne om tidlegare i teorikapittelet, som viktig grunnlagsteori for temaet i denne oppgåva. Ness (ibid) skriv om dei indre og ytre endringane eit samlivsbrot representerer, men at barna i tida etterpå likevel kan oppleve ein samanheng i livet, at det er begripeleg, handterbart og meiningsfullt. Størksen (2006) visar i si doktoravhandling, *Parental Divorce: Psychological Distress and Adjustment in Adolescent and Adult Offspring*, det same. Det at tilknytninga for barn også påverkar barna i vaksen alder i samband med deira forhold til partnarar som vaksne.

Størksen (ibid) seier det er viktig å ha program og kurs for foreldre som er med på å lette og hjelpe foreldra i prosessen etter samlivsbrotet, dette vil ivareta tilknytninga mellom foreldra og barna, og auke stabiliteten i familien. Slike kurs har m.a. familievernkontora.

Ness (2014) viste til at dei barna som kjem godt gjennom brotet til foreldra, har foreldre som er merksame ovanfor barna sin situasjon, og som støttar dei positivt både før, under og etter brotet. Dette samsvarar med Moxnes (2003) sine funn. Alle informantane i denne undersøkinga fortalde om ein vanskeleg periode etter samlivsbrotet til foreldra, men at dei likevel syntes dei har klart seg greitt etter samlivsbrotet. Ei seier; «*Altså det er bra at dei gjekk frå kvarandre. [...]. ...Så det har vært ein tung sti, det at dei gjekk frå kvarandre. Men det hadde vært enda tyngre om dei var i lag i dag.*» (Anne Gro, s. 64).

Moxnes (2003) skriv at foreldre som skal fortelje barna om samlivsbrotet ofte kvir seg til dette, og at dette er ein av dei viktigaste grunnane til at foreldra ikkje fortel så mykje om brotet til barna. Forskinga visar at dei fleste foreldre ikkje fortel og forbereder barna sine på samlivsbrotet (ibid). Dette stemmer med mine funn, og ein kan sjå at desse faktorane kan vera noko av forklaringa på at foreldra ikkje informerer barna sine om samlivsbrotet.

Moxnes (ibid) formidlar at fleire barn er kritiske til måten samlivsbrotet blei formidla av foreldra, og at dette kunne føra til meir uro blant anna. Funna i denne undersøkinga visar at ikkje alle informantane synes dei fekk god nok informasjon, dei fekk informasjon om at foreldra skulle gå frå kvarandre på ulike måtar. To av informantane var så små at dei huskar ikkje korleis eller om dei fekk informasjon, dei var mellom 1 og 2 år då det skjedde. Eine av desse to opplevde både at foreldra gjekk frå kvarandre, og at far og stemor gjekk frå kvarandre. Ho huskar det siste.

Barnet si oppleving av brotet, vart det snakka om?

I intervjuet spurde eg om informantane si oppleving av brotet, om dei syntes at foreldra hadde snakka med dei om brotet. Ingen av informantane opplevde at det vart snakka så mykje om brotet heime. Eine ungdomen sa; «*Nei.. Ingen tok seg tid til å sette seg ned og faktisk finne ut kvifor eg hadde sinneutbrudd., og at eg plutselig kunne grina.*» (Anne Gro, s 21).

Ingen av informantane i undersøkinga følte at dei fekk snakke med foreldra om korleis dei hadde det. To av informantane sa at dei fekk snakke ein gong om det med ein av foreldra, å få fortelja korleis dei hadde det. «*Eg snakka med pappa ein gong om det.*» (Oda, s 14). Sidan vart det ikkje snakka om, informantane prøvde ikkje å snakka om det fleire gongar.

«Eg snakka aldri med foreldra mine om korleis det gjekk med meg. For liksom.. Det var ingen av... eller ingen lærerar, ingen skulevenninner som fant ut.. eh.. at foreldra mine hadde gått frå kvarandre.» (Silje, s 24).

Ingen av informantane i denne undersøkinga hadde fått snakka med foreldra om det som skulle skje. Dette stemmer med Moxnes (ibid) si undersøking, der barna fortalde at ofte blei informasjonen om samlivsbrotet bare fortalt ein gang, som ein beskjed, og så raskt at barna ikkje fekk tid til å fordøye det eller å stille spørsmål. Dette var med på å gjere barna meir usikre og engstelege, dei visste ikkje kva som skulle skje, kvifor det skjedde, eller korleis livet ville bli framover (ibid).

Eine informanten i denne undersøkinga som syntes ho ikkje fekk gode nok forklaringar til brotet, sa det blei ikkje snakka om. «*Ja, og dei sa at eg ikkje kom til å forstå eller at eg forstår når eg blir eldre. Og det var så irriterande, for dei ikkje trudde at eg kom til å forstå.*» (Amalie, s 15). Mange foreldre forklarar ikkje barna sine noko om brotet då dei synes barna er for unge og ikkje vil skjønna det, nokre meiner at barn opp til 5 år er for unge (ibid). Amalie var 8 år då hennar foreldre gjekk frå kvarandre, ho syntes ho var stor nok til å kunne forstå.

Moxnes (ibid) skriv om at barna den første tida etter informasjon om brotet til foreldra ofte er i sjokkfasa, der dei ennå ikkje har lært å skjule kva det følar. Slik eg forstår og har erfaring med dette, skjuler ofte barna det dei føler. Men det gjer dei ikkje den første perioden i samlivsbrotet slik det vert skildra av Moxnes (ibid). Då reagerer barna meir opent og ærleg, før barnet etter kvart skjuler følelsane sine. Dei vaksne må vera klar over at sjølv om barna ikkje viser følelsane sine, så betyr det ikkje at dei taklar separasjonen så bra (ibid).

Barn merkar og kan fornemme det som skjer mellom foreldra, eine ungdomen i denne undersøkinga fortalde: «*For dei holdt på å gå frå kvarandre i då eg gjekk i 7. klasse òg. Då var det litt sånn spent også, og så.. , og så blei det meir spent igjen. Det gjekk to år før dei separerte seg.*» (Oda, s 4). Eg vil nemna Bateson (2005) sin kommunikasjonsteori, barn merkar det som skjer mellom foreldra, både det verbale og non verbale. Dette jf. det Ness (2014) skriv at barn kunne fornemme stemninga mellom foreldra og atmosfæren i heimen. Dette stemmer med det nokre av informantane i prosjektet mitt fortalde. Dei var klar over at det fungerte dårleg mellom foreldra, men dei bare ensa det, foreldra fortalde ikkje barna om det.

Sakn og trøyst

Moxnes (2003) og Dallos og Vetere (2009) skriv om at mange barn får sorgreaksjonar når dei opplever at foreldra skal gå frå kvarandre. Barn kan oppleve tap ved at dei ikkje lenger har den daglege kontakta med mor og far, ved at dei mister nær kontakt med andre i familien, og tap av oppvekstheim. Slike tap kan utløyse sorg hjå barn. Reaksjonar på tapet som barna kanskje ikkje får snakke om kan vera skjulte, maskerte eller nekta for. Reaksjonane kan få utløp i ulike reaksjonar frå barna, som foreldra ofte kan misforstå (ibid). Desse reaksjonane fortalde fleire av informantane i denne undersøkinga om, det var vanskeleg å ikkje få snakke om det dei følte. Dyregrov (2006) skriv om barn som misser nære ved død. Barna kan reagere med angst, sterke minne, søvnforstyrningar, tristhet, lengsel og sakn, sinne og merksemdkrevjande åtferd, skyld, sjølvbebreidingar og skam, skulevanskar og kroppslege plager. Barn som opplev at foreldra skil lag kan ha fleire av desse reaksjonane på sorg og tap (ibid).

Informantane i denne undersøkinga fekk spørsmål om det var noko dei sakna, og om nokon hadde trøysta dei i perioden då foreldra gjekk frå kvarandre. Alle informantane i denne undersøkinga fortalde at dei sakna den andre forelderen då dei var hjå den eine. «*Ja, eg pleidde ringa på kveldane og sei god natt kvar dag. Eg huskar eg savna dei veldig masse i starten, men så blei eg vant med det.*» (Amalie, s 23). Det å sakne rommet og huset i eine heimen var også vanskeleg for nokre; «*Eg savna å bare ha ett rom, å bare ha ett hus.*» (Silje, s 49). Andre ting dei sakna var husdyr dei hadde hatt i familien tidlegare som blei igjen hjå

eine forelderen, leiker i den andre heimen, og leikekameratar. Fleire av informantane fortalde at dei sakna roen ved å bare bu ein plass og ikkje to.

Nokre av ungdomane i denne undersøkinga sa at familien var lite i lag rett etter samlivsbrotet, og at dei sakna dette. Ness (2014) skriv om følelsen av å ha to foreldre, at det er viktig for barn å ha ei kjensle av å ha to foreldre, sjølv om dei ikkje bur saman lenger. Nokre av informantane i denne undersøkinga fortalde at dei sakna at begge foreldra kunne vera saman med barna på dagar som var viktige for dei, og at familien kunne gjera noko saman.

Informantane fekk spørsmål om kven som trøysta dei då dei var lei seg eller redd, då dei var yngre. Den eine svara; «*Mamma sikkert. .. mm. Ikkje nokon eg kjem på. Eg huskar egentlig ikkje.*» (Silje, s 18). Ein anna informant svara kva som var god trøyst; «*Ja, husdyr...det hjalp veldig godt .. Fordi det er min katt, og den kommer alltid til meg når eg skal sove og sånn.*» (Espen, s 8). Eine informant fortalde om kosebamsen sin og om to hundar i familien som var ei god trøyst for henne; «*Det var liksom dei tre einaste tingene som egentlig eg følte var.. stabilt... for eg visste at eg alltid hadde dei.*» (Anne Gro, s 11).

2 av 5 av informantane fortalde at dei ikkje følte dei blei trøsta av nokon, verken foreldre eller andre vaksne. Dei tre andre sa at foreldre og søsken hadde prøvd å trøysta dei. Eine av desse informantane fortalde at også helsesøster på skulen hadde trøysta. Kosebamsar og kjæledyr var også viktig trøyst for dei fleste. Det er alvorleg å høyre at nokre av informantane ikkje følte dei blei trøysta av nokon då dei opplevde foreldra sitt samlivsbrot.

Eine informant fortalde at stefar var ein god og viktig person. Det var han som trøysta, og var den einaste som forstod korleis situasjonen vart opplevd for informanten som barn. Det var stefar som var den viktigaste og stabile omsorgspersonen for informanten i prosessen i samlivsbrotet. Han vart opplevd som tryggare enn eigne foreldre vart. Ness (ibid) skriv om kor viktig det er for barn i prosessen med foreldra sitt samlivsbrot å bli fylgt opp av andre i familien og andre ressurspersonar. Det er viktig at dei vert sett og snakka med av andre etter brotet mellom foreldra. Dette blir drøfta meir i kapittel 4.2.3.

Venner er viktige for barn og ungdom som opplever samlivsbrot. Undersøkingar til Moxnes (2003), Ung-HUBRO (Forsking.no 2004), og andre viser at det går betre med ungdom som opplever samlivsbrot når dei er fylt 15 år, enn om barna er yngre når dei opplever dette. Dei mindre barna er avhengige av foreldra sine. Undersøkingar har vist at dei eldre barna / ungdomane har vener og eigne ting dei er opptekne med som kan ta vekk fokus på vanskar heime. Det kom fram at ungdomar viser omsorg for kvarandre og tek seg av kvarandre (ibid). Informantane i dette prosjektet sa det var viktig med vener, at det hadde vore positivt å ha kontakt med dei. Men nokre av informantane sa dei trekte seg vekk frå vener ein periode.

Søsken viktige

Ei endring i familien sin livssyklus, som eit samlivsbrot er, kan også føra til positive reorganiseringar i familien (Dallos og Vetere 2009). Barn kan t.d. utvikla ein tettare relasjon til foreldre og søsken. I nokre tilfelle utviklar barn ei meir vaksenrolle / foreldrerolle ved å passe på foreldra sine. Nokre barn stolar meir på søskena sine, og utviklar eit tettare forhold til dei. Dette stemmer med det informantane fortalde i denne undersøkinga, nokre tok ansvar for foreldre og søsken, vart meir sjølvstendige, og vart tettare til søsken. Dette var også negativt for eine informanten som måtte veksa opp så fort og fekk ikkje vera eit barn. Fleire av informantane i denne undersøkinga fortale om søsken som hadde vore viktige for at brotet vart lettare for dei å koma seg gjennom.

«Ja, eg har ei storesøster som snakka veldig masse med meg. Ho snakkar fortsatt veldig masse med meg, for ho passar masse på. Me... følte dei (eldre søsken, red.) var meir støttande og beskyttande og passa på at me hadde det bra, og var veldig masse med oss, og var litt forsiktige og sånn.» (Amalie, s 17).

Fleire av informantane fortalde at dei tok ansvar for yngre søsken;

«Men når eg blir lei meg, så trur eg eg prøvde å skjule det litt med at eg prøvde å vera glad, liksom prøvde å leike litt ekstra med søstera mi for å prøve å gjera henne og glad... eg prøvde å leike meir med søster mi og gjøra henne glad.. for å prøva å gjøra meg sjølv glad., og ikkje tenke på det (samlivsbrotet, red.).» (Silje, s 19).

Fire av fem informantar i denne undersøkinga fortalde at det var viktig for dei med søsken då foreldra gjekk frå kvarandre. Dei snakka med kvarandre, støtta og trøysta kvarandre, gjorde ting saman, og tok vare på kvarandre. Det var viktig for dei at dei var fleire saman som opplevde brotet til foreldra. Det var naturlegvis kranglar mellom søskena, men fleire av dei trakk fram fokuset på søsken. Fleire av informantane tok også ansvar for søsken i brotet, dei fekk og tok eit stort ansvar. Dette kunne m.a. vera å leika med søsken, passa på dei, beskytta søsken for foreldra si krangling, gjera søsken glad og ikkje lei. Den eine informanten fortalde at det ikkje var så mykje kontakt med søskena, og at dei ikkje snakka saman om problem.

4.2.2 Følelsar og reaksjonar knytt til samlivsbrotet

Moxnes (ibid) si undersøkinga fortel at dei mest vanlege reaksjonen av eit samlivsbrot var at barna var triste, vart sinte, nokre reagerte med frykt eller angst, nokre reagerte med at dei vart letta eller viste forståing. Dette stemmer med kva informantane i undersøkinga mi har fortald om deira reaksjonar på foreldra sitt samlivsbrot. Barna si forståing av brotet, konfliktnivået i familien, korleis tilstanden til foreldra var ved brotet, barnet sin alder og kjønn påverkar deira reaksjon på brotet (ibid).

Informantane i denne undersøkinga fekk spørsmål om kva følelsar og reaksjonar dei fekk då foreldra gjekk frå kvarandre, og om dei endra åtferd. Informantane fortalde om ulike reaksjonar og følelsar då dei fekk vite dette; «*Så det var liksom.. at eg blei heile tida straffa for at eg hadde følelsar om ting.. og då blei eg bare endå meir.. sint.*» (Anne Gro, s 9). Ho sa ho følte at dei vaksne ikkje klarte å forstå at ho reagerte med å bli sint på grunn av følelsane ho hadde, som dei vaksne ikkje snakka med henne om.

Ei anna sa; «*Eg syntes det vel var vanskelig. Det var vanskelig å være barn eller liten, og ikke ha foreldre som bur sammen lenger.*» (Silje, s 30). Andre blei meir sinte; «*Eg blei litt sint på pappa som ville gå, og prøvde å overtala han til å bli og sånn. Men han var heilt sikker. Eg bare snakka med han og sa at det... ja eg huskar ikkje.*» (Amalie, s 5). Ho tok på seg meklarrolla og skulle prøva å få far til å bli. Det er eit stort ansvar.

Tre grunnleggande prinsipp i kommunikasjon er meining, verdigheit og å anerkjenne (Ruud 2015). Det er viktig å anerkjenne barnet som saknar ein av foreldra og er trist, med å støtta barna sine følelsar, ikkje bare med forklaringar og ord. Fleire av ungdomane i denne undersøkinga sa dei følte at ingen brydde seg om korleis det gjekk med dei, verken av foreldra eller andre vaksne rundt dei.

Åtferdsendingar

Dallos og Vetere (2009) skildrar ulike grunnar for åtferdsendingar, dersom tapet barna kjenner på ikkje vert snakka om eller blir erkjent av foreldra, kan det visa seg på andre måtar. Barn reagerer ulikt når dei opplev at foreldra skil lag. Nokre har åtferdsendingar, andre endrar seg ikkje så mykje. Informantane i dette masterprosjektet fortalde om at dei blei stille, blei lei seg, nedstemt, deprimert, blei sløvare, hadde skuleskulk, isolerte seg, reagerte med sinne og aggresjon, hadde dårleg konsentrasjon og hadde dårleg samvit.

Eine informanten syns ikkje ho endra seg etter samlivsbrotet. Ho hadde alltid vore «*veldig rolig.. stille og litt for meg sjølv.*» (Amalie, s 13). Ho fortsetje å vera det vidare, det vart ikkje annleis etter brotet. Ei anna fortalde også at ho alltid hadde vore stille og sjenert, men at ho vart endå meir stille etter brotet. «*Eh.. Eg har egentlig tenkt på det (at ho er stille og sjenert, red.) heile tida. Men kanskje det kom litt ekstra fram når dei gjekk ifrå kvarandre.*» (Silje, s 21). Det var nesten ingen rundt henne som visste om samlivsbrotet til foreldra sidan ho ikkje fortalde det til nokon på ei lang stund. Og ingen merka noko særleg endring på at ho var stille.

Fleire av informantane fortalde at dei blei lei seg og nedstemt. Ein informant fortalde konkret om depresjon. Dei fleste sa dei vart lei seg då dei opplevde samlivsbrotet til foreldra. «*Eg blei mest lei meg. For eg er ikkje noke sånn særlig sint person.*» (Espen, s 6). Ein anna fortalde; «*... Kan seia at eg var meir nedstemt enn kva dei andre var, eg var mykje meir stille, og ville ikkje finne på alle tinga som dei fant på.*» (Oda, s 11). Fleire fortalde at dei slutta på fritidsaktivitetar, og orka ikkje vera med venner eller finna på ting. Eine informanten fortalde at han «*Blei litt sløvare og tok det meir med ro.*» (Espen, s 12). Ein informant skulka skulen veldig mykje i ein periode, men det kom seg. To av informantane sa at dei isolerte seg;

«Ja, eg trakk meg meir inn, blei meir stille, var meir åleine.. enn kva eg var før. Ja, eg blei meir stille på skulen, brøyt avtalar med venner, ville ikkje vera så mykje med dei. Og når eg var heima satt eg som regel på rommet. Ja, det var min måte å takle det på.» (Oda, s 12).

Det at ho isolerte seg gjekk ut over skulen og venner, ho var mest heime på rommet sitt. Ein anna informant sa; «*I begynnelsen var det ikkje noke særlig, men i etterkant, noken månader, så begynte eg å bli meir for meg sjølv, og ikkje snakka med noken eller noke.*» (Espen, s 5). Han isolerte seg vekk frå familien og vener, og brukte mykje tid på dataspeling. Sjå meir om dette med data seinare i dette underpunktet, og i kapittel 4.2.4.

Eine informanten fortalde om sinne og aggresjon, dette kunne koma anten ho var sint eller lei seg. Eg spurde korleis ho kunne reagera; «*Veldig sint og veldig lei meg.. Voldelig.. og aggressiv.. Men det.. Eg har i vertfall ikkje lang lunte..*» (Anne Gro, s 8). Ei anna fortalde også at ho vart lei seg og sint.

Tre av informantane fortalde om dårlegare konsentrasjon. «*Den datt vel litt vekk. For eg tenkte, då eg var på skulen så visste eg kva eg kom heim til, og då klarte eg ikkje å konsentrera meg på skulen.*» (Oda, s 12). Ein av dei andre informantane sa; «*Eg kunne plutselig ikkje fokusera på fleire ting samtidig.*» (Espen, s 13).

Fleire av informantane fortalde at dei var mykje plaga med dårleg samvit; «*Og eg pleier å få veldig dårleg samvittighet .. hvis mamma blir lei seg eller pappa blir lei seg. Men dei (foreldra, red.) seier jo då at dei ikkje blir det, men eg veit jo innerst inne at dei blir det.*» (Silje, s 12).

Fleire av informantane fortalde om viktige kanalar for å få utløp for kjensler og frustrasjon som m.a.; ei spelte gitar og skreiv litt tekstar, ei skreiv dagbok og forteljingar. Eine informanten fortalde om at det å vera på data og spele spel med andre hadde vore ei god trøyst og fin aktivitet. Det drog tankane vekk frå brotet til foreldra og hjelpte han til å konsentrera

seg om noko anna. Han fortalde han fekk nye venner gjennom dataspeling; «*Eg var mykje meir sosial inne på spelet enn eg var i virkeligheten.*» (Eспен, s. 53).

Ness (2014) skriv at barn er svært opptekne av at det må vera god kommunikasjon og samarbeid mellom foreldra. God kommunikasjon mellom foreldra er viktig for korleis barna kjenner seg. Det er godt for barnet å sjå at foreldra klarar å snakke saman, for deira skuld. Fleire av informantane i mitt prosjekt fortalde at dei syntes det var kjekt at foreldra no i ettertid snakka greitt med kvarandre, og at det var kjekt at dei besøkte kvarandre.

Ungdomar kan involverer seg i foreldra sine problem, ved å forsvare ein av dei, bli meklar mellom foreldra, eller prøve å erstatte den av foreldra som har flytta ut. Dei kan overta rolla som mor eller far hadde (Moxnes 2003). Eine informanten i denne undersøkinga fortalde at ho prøvde å få far til å bli verande, og ikkje flytta. Ein anna informant fortalde at ho tok på seg ansvaret for å lage middag for far, ho «vart den nye mora» hadde litesøster hennar sagt til henne. Dette var ei rolle som ho sjølv syntes var både positiv og negativ.

«Ansikt på innsida og ansikt på utsida» / Skjule kjensler og reaksjonar

Eg har tidlegare i oppgåva skrive om dette uttrykket. Eg forklarar informantane i denne undersøkinga kort om dette uttrykket, utan å forklare meininga med det. Og spurde om dei kunne kjenna seg igjen i noko slikt i samband med at foreldra deira gjekk frå kvarandre.

«Eg trur jo ofte eg er sånn at eg er glad på utsida og lei meg på innsida. Eg trur kanskje eg blei litt meir stille, at eg ikkje sa så mykje, at eg prøvde å skjula ting og... Skjula følelsar. Eh.. Eg gjekk jo med klump i halsen, det huskar eg. At eg gjekk rundt med klump i halsen sjølv om eg lo og smilte og sånn.» (Silje, s 23).

Alle fem informantane i denne undersøkinga svara at dei kjende godt til opplevinga av å ha eit ansikt på innsida og eit ansikt på utsida, og at dei ofte hadde hatt det slik for å skjula sine egentlege følelsar for foreldra og andre rundt seg. Fleire av informantane sa at det var ei veldig god og beskrivande setning å bruke «Ansikt på innsida og ansikt på utsida». Dei som hadde følt det slik ville kjenne seg igjen ved dette uttrykket sa dei.

Uttrykket «Ansikt på innsida og ansikt på utsida» vil eg samanlikna det med det Moxnes (ibid) seier, at nokre barn klarar ikkje, mens andre er redde for å vise følelsane sine. Difor er det viktig å huske at det barna visar, ikkje alltid er det dei føler. Nokre av barna Moxnes (ibid) snakka med fortalde at dei blei så fortvila og redde i prosessen med foreldra sitt samlivsbrot at dei blei passivisert, og derfor torde dei ikkje vise nokon reaksjonar. Fleire av informantane i undersøkinga mi viste ikkje det dei følte for foreldra sine, dei var lojale mot det foreldra hadde bestemt, og viste ikkje noko om kva dei følte ved det. «Og så.. det å.. (tung pust) *altså du gjer det til ein vane, du merker ikkje det sjølv.. At du går der med maska før du legger deg om kvelden.*» (Anne Gro, s 33). Fleire av informantane kalla det å gå med maske, for å skjule det dei følte. Dei resignerte ofte og prøvde ikkje å fortelje om korleis dei følte det.

Eine informanten sa ho hadde ynskja at nokon kunne sett at ho ikkje viste sine eigentlege følelsar. « *Eg hadde jo den maska på meg, og den andre sida, så eg ønska jo eigentleg at noken skulle klara å sjå gjennom den..*» (Oda, s 31). Ho sa ho hadde håpa at faren hennar skulle klart det då ho var liten, men at han var blitt flinkare til det no når ho var eldre.

Lojalitet

Dallos og Vetere (2009) hevdar at barna ofte føler at dei blir tvungne til å velje side mellom foreldra. Dersom barna opplever at dei ikkje får snakke fint om den andre forelderen, og ikkje får fortelja om sine gode følelsar for den andre forelderen, kan dette ha negative konsekvensar (ibid). Den eine ungdomen i denne undersøkinga sa; «*Eg prøvde jo å forsvare begge partar.*» (Espen, s 16). Alle fem informantane fortalde at dei hadde opplevd lojalitetskonflikt, dei følte det var vanskeleg å måtte «velje» mellom foreldra. Fleire fekk kroppslege reaksjonar;

«Eg trur kanskje eg hadde veldig mykje vondt i magen, fordi at når eg er veldig lei meg då får eg vondt i magen. Så eg grudde meg litt kvar gang eg skulle til mamma, eller kvar gang eg skulle til pappa, for då valgte eg side på ein måte.» (Silje, s 11).

Ness (2014) skriv om det føreseielege i samband med foreldre sitt samarbeid og samvær etter samlivsbrot, og at dette også verkar inn på om barna kjenner på problem med lojalitet.

Barn tek mykje ansvar

Erfaringa i denne undersøkinga, og i praksis, er at barn ofte får og tek stort ansvar i prosessen med foreldra sitt samlivsbrot. Mange av informantane fortalde korleis dette var.

«For altså, på grunn av det som skjedde så måtte eg veksa opp så fort.. Eg har liksom dytta meg sjølv vekk, for at eg skal hjelpe pappa.» (Anne Gro, s 16).

Eit samlivsbrot kan føre til reorganiseringar i familien (Dallos og Vetere 2009). I nokre tilfelle utviklar barn ei meir vaksenrolle og foreldrerolle ved å passe på foreldra eller søskena sine (ibid). Av det informantane fortalde i intervjuet er inntrykket mitt at alle fem tok mykje ansvar og omsyn for andre på seg, og sette dermed seg sjølv til side. Dei verna søsken mot krangling og dårleg stemning mellom foreldra, vidare tok mange av informantane ansvar for å aktivisera søsken så dei vart gladare. Fleire av informantane sa at dei vart meir sjølvstendige, og vart tettare til søsken. Dette var også negativt for eine informanten som fortalde ho måtte veksa opp så fort, ho fekk ikkje vera eit barn.

Eine informanten tek ansvar for yngre søsken då ho merka det var dårleg stemning mellom foreldra; *«Eh.. eg sa i frå til dei (foreldra, red.), og så pleidde eg å ta litesøster mi med enten ut eller opp på rommet mitt, og bare sette på musikk eller noke.»* (Oda, s 9).

Fleira av ungdomane følte ansvar og bekymring for foreldra; *«Så eg følte han var meir åleine, for han hadde ikkje så mange venner på (stad, red.). Det var derfor eg tenkte mest på han, fordi han såg mest lei seg ut av dei to.»* (Silje, s 31). Nokre av informantane tok ansvar for dei vaksne sine følelsar, og då fekk ikkje barna sine følelsar plass.

4.2.3 Fekk barna tilbod om samtalar / oppfølging av andre

Informantane i denne undersøkinga fekk spørsmål om dei fekk noko tilbod om samtalar eller oppfølging av andre enn foreldra i prosessen med samlivsbrotet til foreldra. Fleire av informantane fortalde at dei ikkje fekk tilbod om samtalar / oppfølging av andre, og at dei i ettertid ser at dette kunne ha vore til hjelp for dei då dei var yngre. Informantane fekk ikkje snakka så mykje med foreldra sine om brotet, og det var heller ingen andre som sørgja for at barna fekk snakka om korleis dei opplevde dette.

Med lærar / helsesøster

Moxnes (2003) seier at personale i barnehagar og skule har sett at barn kan ha det vondt ved å vera inneslutta, ukonsentrerte eller aggressive. Eg tenkjer at dette er det nok mange som har sett, eg meiner at det er viktig at dei snakkar med barna og spør om korleis barna har det. Mi erfaring er at skulane vanlegvis har gode rutinar på dette, om det er den enkelte lærar som skal snakka med eleven dei er uroa for, eller om andre i skulen har dette ansvaret. Men diverre visar mykje forskning at mange barn går åleine med sine tankar og problem, dette stemmer med mine funn. Barna blir ikkje ivareteke av andre profesjonelle rundt dei i deira kvardag.

3 av 5 av informantane i denne undersøkinga sa at dei ikkje fekk tilbod om noko samtalar eller oppfølging av andre, som t.d. lærar eller helsesøster i skulen. 1 av informantane fekk tilbod om samtale med lærarar og med helsesøster. Han snakka bare eit par gongar med helsesøster, men seier, «*Men det var ikkje så veldig mykje. Men nok til at det hjalp.*» (Espen, s 33). Samtale med lærar var p.g.a. skulerelevante ting. Han fekk tilbod om å snakke med helsesøster eit par år seinare, men takka då nei. 1 av informantane fekk tilbod om samtale / og oppfølging med å vera med i samtalegruppe for barn som har opplevd samlivsbrot. Sjå meir om dette i neste punkt om samtalegruppe.

Oda fortalde at vaksne rundt barn må tenkja at barn ikkje alltid tør å vera ærlege med å fortelja korleis dei eigentleg kan ha det heime. Barn kan skjule kor vanskeleg det er;

«... Det er ikkje alltid.. dei seier.. sannheten, dei seier det ikkje heilt slik det er. Så sjølv om det er veldig mykje krangling så kan dei sei at det bare er pitte litt, det er bare av og til. Sjølv om at det kan vera kvar dag.» (Oda, s.38)

Ein av informantane sa at det er sjeldan at barna sjølve etterspør å få snakke med dei vaksne rundt seg i barnehage eller skule. Ho meinte at det er dei vaksne sitt ansvar å ta initiativ til dette, og dei vaksne må spør barna mange gongar før dei kanskje seier ja til å snakke med dei. Dette samsvarar med Ness (2014) si undersøking, som viste at støtte frå lærarar, helsesøstrer eller andre i nettverket ikkje må stoppe opp for tidleg etter brotet, barna har behov for dette over lengre tid. Det er viktig at dei vaksne rundt barna må spør barna fleire gongar om korleis dei har det, ved dette kan dei vaksne kanskje fange opp noko barna ikkje vil fortelje foreldra

eller anna nær familie (ibid). Ungdomane i undersøkinga mi fortalde at dei ikkje opplevde at nettverket i familien eller i skulen hadde noko nær oppfølging eller samtalar med dei då dei opplevde samlivsbrotet. Informantane sa at dei sakna at lærar eller andre i skulen skulle spurd dei meir, og over lengre tid om korleis dei hadde det. Informantane sa at som barn følte dei at det var ingen som brydde seg om dei. Ei av informantane sa at dei vaksne må spør barna «1014» gangar om korleis dei har det, og så kanskje den 1014. gangen vil barna / ungdomen svare og fortelje korleis det har det.

Samtalegruppe

Magne Raundalen, Gustav Lorentzen og Atle Dyregrov (2005) skriv om samtalegrupper for barn. Deira bok er i samband med barn som har opplevd flukt frå krig, men den er aktuell i alle typar samtalegrupper. Dette er råd til profesjonelle som arbeider med barn om korleis dei kan starta opp samtalegrupper for barn med ulike livserfaringar. Gruppeprosessen skal skape rårer, tryggleik og vera eit støttande klima, slik at barna kan snakke om det som har vore vanskeleg for dei (ibid). For nokre barn kan dette vera vanskeleg i starten, då dei har dårlege erfaringar med det å opne opp for nokon frå før. Dette meiner eg kan bli relatert til det at barn kvir seg for å fortelje til foreldra sine at dei har det vondt, dei kvir seg for reaksjonen til foreldra. Barna lar vær å fortelje, og skjuler heller følelsane sine for foreldra (Moxnes 2003).

Det er gode erfaringar med PIS-gruppene (Voksne for Barn 2014), samtalegrupper for barn som har opplevd samlivsbrot. Dette kan vera med på å gjera barna betre rusta til å møte utfordringane dei møter i kvardagen. Samtalegrupper kan vera eit godt tiltak for å hjelpa barna, dei møter andre barn i liknande livssituasjon, får fortelje om og gje råd til kvarandre.

1 av 5 informantane i denne undersøkinga hadde vore med i samtalegruppe, ho fortalde ho hadde veldig gode erfaringar med det. Informanten som hadde vore med i samtalegruppe fekk spørsmål om ho ville anbefala det til andre barn, og svara;

«Ja! Det hjelper veldig å få snakka om det, spesielt når du ikkje har så veldig mange andre som har opplevd det same. Då er det veldig bra å snakka med andre som har opplevd det. Og det kan også være veldig gøy, sidan det er andre folk der som du kan ha det gøy saman med.» (Amalie, s 68).

Ein anna av informantane hadde ei søster som hadde vore med i samtalegruppe, som hadde hatt gode erfaringar med det. Denne informanten hadde difor god kjennskap til samtalegrupper, men fekk ikkje sjølv tilbod om dette då det ikkje var i skulen då ho var yngre.

4 av 5 av informantane fekk ikkje tilbod om å vera med i samtalegruppe. Desse sa no i ettertid at dei ville ha sagt ja til å vera med i ei samtalegruppe dersom dei hadde fått tilbod om det då dei var yngre. Deira tankar om samtalegrupper; «*For då veit du at du ikkje er den einaste.. som går igjennom det akkurat då.*» (Oda, s 31). Det å oppleve å ikkje vera den einaste som opplevde det kunne vera bra. «*Å få høyrte kva andre meinte og.. kanskje sagt sjølv kva eg meinte, hvis eg hadde sagt noko i det heile tatt. Og at andre hadde fått høyrte mine meiningar.*» (Silje, s 63). I ettertid meinte dei fleste informantane det kunne ha hjelpt dei å vera med i ei samtalegruppe. Den informanten som ikkje ville ha sagt ja til samtalegruppe sa at ho hadde trengt ein-til-ein samtale med nokon, ikkje i gruppe.

Ved bruk av nyformulerande samtaler får personar bevege seg i nye retningar, dei vert oppmuntra til fortsett å utvikle og fortelje historier om sitt eige liv. Vidare finn ein fram dei meir oversedde, men kanskje viktige hendingane og erfaringane som ikkje passer inn i dei dominerande forteljingane (White 2009 og Lundby 1998 og 2009). Denne undersøkinga visar at nesten ingen av ungdomane har fått snakka med foreldra eller andre om deira tankar og følelsar etter foreldra sitt samlivsbrot. Dette samsvarar med andre undersøkingar (Moxnes 2003). Det har ikkje blitt kommunisert, og ved det ikkje bearbeida. Historia om brotet har kanskje blitt slik foreldra har fortald den. Det narrative kan vera med på at barna får ei oppleving av at dei ikkje bare er «skilsmissebarn», men at dei har sine gode eigenheter i seg sjølv. Dei kan ha ei anna god familiehistorie, og ikkje bare ei kanskje negativ historie. I dette er det Jaakko Seikkula (2000) seier viktig, å fokuserer på å få fram alle ulike stemmer i ein familie. Ved det sikre at både barna og foreldra sine stemmer kjem fram.

Ness (2014) seier at foreldre som sjølv slit etter eit samlivsbrot også skal klare å ta godt vare på barna sine. Mange foreldre synes det er positivt med god støtte frå deira sosiale og profesjonelle nettverk. Det kan det vera svært viktig å finne ut kven barna har tillit til, finne dei som kan støtte og snakke med barna undervegs i prosessen med at foreldra skal flytte frå

kvarandre. I dette trekk eg fram mine erfaringar med samtalegrupper ved at dei fleste foreldre er svært glade for at barna deira får dette tilbodet. Me fekk gode tilbakemeldingar frå barna sjølv, foreldra og lærarane på samtalegruppene. Ruud (2011) skriv om det positive ved at barn med liknande livserfaring er med i samtalegrupper. Egge (2012) skriv om si erfaring med samtalegrupper, og at det er gode evalueringar av slike grupper. Evalueringa viste at det gav ein positiv effekt for barna å vera med i gruppene, dei vart meir opne, gladare, tryggare og meir nøgd med seg sjølv. Egge (ibid) skriv at effekten av å vera med i samtalegrupper er førebyggjande, helsefremjande, og kan vera eit viktig tiltak i folkehelsearbeidet.

I arbeidet mitt som sosionom og familierapeut har eg hatt mange samtalar med barn og familiar. Eg har hatt ansvar for mange samtalegrupper, dei såkalla PIS-gruppene (Voksne for barn 2014). Dette var som tidlegare skrive ein viktig grunn til at eg ynskte å forska på korleis barn si stemme i eit samlivsbrot kjem fram. Eg har gode erfaringar med korleis barna si stemme blir høyrte i samtalegruppene, av dei vaksne gruppeleiarane, men like viktig av dei andre barna. Det kjem fram mange viktige tankar og innspel frå barna i samtalan med dei andre barna i gruppene. Ein ser at det narrative er viktig, ved at barna i samtalegrupper og i individuelle samtalar får fortelje *si* historie og oppleving av foreldra sitt samlivsbrot. Dette har vore ei viktig erfaring for borna. Som skrive tidlegare i oppgåva introduserte me for barna uttrykket «Ansikt på innsida og ansikt på utsida». Dette uttrykket laga kollegaen min og eg etter erfaring med barnesamtalar. Det betyr det same som er skrive tidlegare i oppgåva, at barn ikkje alltid fortel korleis dei har det inni seg (Moxnes 2003).

4.2.4 Råd frå informantane / ungdomen

I problemstillinga spør eg om råd frå informantane, i ettertid etter foreldra sitt samlivsbrot. Dette er også med på å få fram stemmene til ungdomane i undersøkinga. Fokuset her var om informantane kunne reflektera over kva dei i ettertid ser som eventuelt kunne vore gjort annleis for at deira situasjon som barn i samlivsbrotet kunne blitt betre. Kva som kan vera med på at andre barn som opplever samlivsbrot kanskje kan oppleve det annleis enn det dei gjorde. Dette punktet var tredelt, eg spurde informantane om kva råd dei ville gje til foreldra sine og andre vaksne som er oppe i eit samlivsbrot. Kva råd dei ville gitt til profesjonelle som arbeider med barn og ungdom. Og til sist kva råd dei ville gitt til andre barn som opplever at

foreldra deira skal gå frå kvarandre. Eg vel å skrive råda til eigne foreldre og til andre vaksne i eit felles punkt. Dette då informantane sa at desse råda gjaldt både til sine eigne foreldre, men også til andre foreldre / vaksne som var i eit samlivsbrot. Kanskje kan desse råda vera med på at vaksne rundt barn, både private og profesjonelle, kan ha eit større fokus på korleis hjelpe barna på ein meir nyttig måte. Informantane gav viktige råd til barn også.

I dette kapittelet vel eg å la råda frå ungdomane kome fortløpande. Nokre av råda var ganske like så dei er blitt samla, dei blir skrivne nokolunde slik dei vart sagt, noko i stikkords form utan å prøva å skrive det heilt korrekt. Sidan dette er eit av forskingsspørsmåla synes eg det er viktig at alle råda informantane gav kjem med. Råda vert ikkje kommentert, eg vel å la dei stå for seg sjølv. Eg vel å ikkje drøfte i denne delen av oppgåva, då mange av råda frå informantane er det same som det er skrive om tidlegare i oppgåva. Dette var råda frå informantane;

Til eigne foreldre / andre vaksne:

Vær opne og ærlege med barna dine, ikkje skjul at dei vaksne har problem. Barn ynskjer å få vite meir, ei forklaring og grunn om brotet, slik at det ikkje kjem som eit sjokk når det skal skje. Barna må få tid til å venne seg til tanken om at det blir samlivsbrot. Fortel barnet kva som skjer vidare slik at dei veit og ikkje bare lurar på det. Ikkje gi barna ei «dårleg» forklaring på samlivsbrotet, og ikkje sei at barna heller skal få vite det seinare når dei vert større. Barn har ikkje tid til å vente på det.

Snakk meir med barna og høyr meir på barna dine, sjølv om det kan verka som barnet ikkje har noko å seia eller vil snakke om det. Snakk meir med barna om korleis det går med dei, kva dei tenkjer på, snakk med dei om dei vonde følelsane dei har om brotet. Spør barna meir når dei visar følelsar, kva dei betyr for barna, spør meir om grunnen til at barna reagerer slik dei gjer med ulik åtferd. Ikkje la barna gå med vonde følelsar inne i seg. Det er dei vaksne sitt ansvar å etterspør korleis barna har det, det er ikkje barna sitt ansvar. Det er ikkje lett for barn å snakke om dette med foreldra når dei er små, men det er kanskje bra likevel.

Det er viktig at barna føler at foreldra bryr seg om dei, vær merksam på barnet ditt. Prøv å få eit betre forhold til barna dine. Gi barna råd dersom dei vaksne har erfart samlivsbrot sjølv då dei var små. Nokre foreldre tenker mest på seg sjølv, andre foreldre er oppteken av barna sine.

Foreldra må ikkje diskutera og krangle så mykje, og ikkje slik at ungane opplever det, før og etter samlivsbrotet. Det er viktig at foreldra må prøve å få til ein grei kommunikasjon og samarbeide saman slik at det ikkje blir rettssak om samvær. Dersom det er dårleg kommunikasjon mellom foreldra etter samlivsbrotet er det ikkje barna sitt ansvar å vera «budbringar» av informasjon mellom dei. Prøv at ikkje barna føler dei blir dradd mellom foreldra, for å unngå lojalitetskonflikt. Dei vaksne bør skaffe hjelp tidlegare, slik at det kanskje ikkje blir samlivsbrot.

Det er viktig at foreldra ikkje har eit nytt forhold, eller er utru, før ein har avslutta det noverande forholdet. Foreldra må ikkje få ny kjærast så fort etter brotet, slik at barna får bli vant til brotet og ny familiesituasjon. Fordi om foreldra får seg nye partnarar kan dei prøva å vera vener med kvarandre, og snakka greitt med og om kvarandre. Det er viktig å huske at dei nye steforeldra kan vera viktige nye vaksne for barna, som dei kan ha like mykje eller meir tillit til enn sine eigne foreldre.

Det er viktig at barna får vera saman med begge foreldra etter samlivsbrotet, at det ikkje blir for lite tid saman med den eine forelderen. Det er kjekt å gjera noe saman heile familien, foreldra og barna, fordi om foreldra ikkje er saman.

Foreldre blir anbefalt å la barna vera med i samtalegruppe for barn som har opplevd samlivsbrudd. Då får barna snakka med andre barn som har opplevd liknande som seg sjølv, får snakke om det, og kjenne at dei er ikkje dei einaste «i heile verda» med denne opplevinga. Ofte har ikkje ungane fått snakke så mykje om samlivsbrotet med foreldra sine, då er samtalegrupper viktig slik at dei får snakke om det. Andre treng bare å snakke ein-til-ein.

Foreldre og andre vaksne må vera klar over at data og dataspeling for barn og ungdom ikkje bare er negativt, slik dei vaksne kanskje lett kan tenka på det. Barn får tenka på anna enn det vanskelege, dei får litt pause når dei er på data ei stund. Dei vaksne trur kanskje at barna bare

er åleine på data, og isolerer seg med den. Men det er mykje sosialt ved dataspeling, dei får nye venner, både ved bruk av dataspela men også ved å møte dei.

Til profesjonelle; (personell i barnehage, skule, helsesøster, barnevern, familievernkontor)

Barn som har det vanskeleg syns det er veldig bra å få snakka om korleis dei har det. Kanskje er dei litt sur til å begynne med når ein spør, men det er betre å få snakke om det som er vanskeleg enn å ikkje få gjera det. Lytt på barnet, gi barnet tid og spelerom, prøv å finn ut korleis ungen har det. Møt barna fleire gongar, og ikkje still masse «dumme» spørsmål før du kjenner barnet. Dei profesjonelle veit kanskje ikkje korleis den ungen har det, fordi om dei har utdanning til å vite det. Ha aktivitetar med barnet, då stolar dei lettare på deg.

Det er ikkje alltid barna fortel heile sannheten, dei fortel ikkje heilt slik det er. Barna fortel kanskje ikkje kor gale det er heime, eller kor vanskeleg dei har det. Fordi det er vanskelig for barna å fortelje dette, lar dei vær. Dei lar vær å fortelje med ein gong, derfor må dei vaksne spør dei mange gongar om korleis dei har det, ikkje bare ein gong. Det er mange vaksne som «glømmar» å spør barna om korleis dei har det.

Helsesøster kunne gått rundt i skulen og informert om at barna kan snakke med henne / han. Lærar kan ha elevsamtalar og spør korleis det går med barna / ungdomen, og om det er noko lærar skal fortelje dei andre elevane om (samlivsbrot t.d.). Læraren kan fortelje helsesøster om dei veit om barn som har det vanskelig. Lærar kan passe på at barna har andre å vera med, at dei ikkje er åleine.

La fleire barn snakka saman om korleis dei eigentleg har det, for barn er flinke til å fortelje kvarandre korleis dei har det. Det kan vera utan vaksne eller med vaksne. Anbefaler at dei profesjonelle startar samtalegrupper for barn som har opplevd samlivsbrot. (Dette rådet er likt det informantane anbefalar foreldre og andre vaksne, sjå der). Det er dei profesjonelle som må spør om barnet vil snakka med nokon, eller vera med i samtalegruppe, det er ikkje barna som skal spør om dette.

Det er ikkje alltid dei vaksne rundt barna skjønner kva barna snakkar om. Kanskje barna bare vil snakka, men dei vaksne vil gjera noko, sette i gang noko, som t. d. å ringa til andre som skal hjelpa. Det kan bli opplevd vanskeleg for barnet som bare ville snakka. Det skjer litt for mykje, litt for fort, enn kva barna tenkte skulle skje.

Alle vaksne rundt barna må vera klar over at data og dataspeling for barn og ungdom ikkje bare er negativt, slik dei vaksne kanskje lett kan tenka på det. At det er mange positive sider med det. (Dette rådet er likt det informantane anbefaler foreldre og andre vaksne, sjå der).

Til barn;

Barna har ikkje har skyld i at foreldra deira går frå kvarandre. Foreldra klarar ikkje å vera saman som par lenger, det er dei vaksne sitt ansvar. Men foreldra er fortsatt glad i barna.

Prøv å få foreldra dine til å høyra på deg, prøv å få dine meiningar om situasjonen fram. Det er jo foreldra dine det er snakk om, dei vil jo alltid høyra på deg, for dei vil det som er best for ungene sine. For at barna skal få vite meir om det som skjer og det dei er usikre på må dei ikkje vera redd for å spør foreldra sine om det. Barn er nysgjerrige og vil vite, mas på foreldra dine, krev eit svar og ei forklaring. Dersom barna er lei seg bør dei snakka med nokon, dei bør ikkje holde det inne i seg for då blir det bare verre. Barna bør visa at om dei er lei seg så er dei lei seg, ikkje skjule det.

Anbefaler at barna finn nokon dei kan snakke med som gruppe, venner, lærar, sosiallærar, helsesøster. Ville anbefalt andre barn å vera med i samtalegruppe. Det hjelper veldig å få snakka om det. Det gjer det lettare å sjå korleis andre har det, det hjelper barna til å ikkje føla seg åleine. (Dette rådet gav informantane også til foreldre og profesjonelle, sjå der).

Prøv å få til ein-til-ein samtale med nokon du stolar på. Gruppe kan vera vanskeleg for nokre barn som er usikre, ikkje stolar på nokon, og ikkje snakkar så mykje.

Barna må prøva å gjera kjekke ting som dei syns er gøy også, ikkje vera lei seg heile tida. Prøva å tenke på det som er positivt med at foreldra går frå kvarandre, fordi om det ikkje er lett med ein gong. Men etter kvart ser dei det kanskje meir.

Dataspeling kan vera veldig kjekt og viktig for barna, både åleine og med andre. Då får du tenkt på noko anna, barn kan glømma det vanskelege ei lita stund når dei spelar data. (Dette rådet gav informantane også til foreldre og profesjonelle, sjå der).

Til dette hovudfunnet, *Råd frå informantane / ungdomen*, har eg prøvd å summere opp råda frå dei. Eg håpar at dette gjer til at barna sine stemmer i samlivsbrot kjem fram, slik temaet for denne mastergradsoppgåva har vore.

5 Oppsummering, avslutning og implikasjonar

5.1 Oppsummering av studien

Før eg startar på oppsummeringa av undersøkinga i denne mastergradsoppgåva vel eg å gjenta tema og problemstillinga for mastergradsoppgåva;

Tema; *Barnet si stemme ved samlivsbrot.*

Kva kan barn fortelje om sine opplevingar i samband med foreldra sitt samlivsbrot?

- Barna sine erfaringar og tankar i ein ny familiesituasjon?
- Kva oppleving hadde barna av å bli sett og høyrte, og kva kan dei gi av råd til vaksne og barn i liknande situasjon?

Eit samlivsbrot kan bety store endringar i eit barn sitt liv, det kan føra til både betring og forverring for barn. For barn betyr ofte eit samlivsbrot at dei trygge rãmene forsvinn, og for mange kan livet bli ustabil. Barna kan få auka kontroll over liva sine ved at dei vaksne ivaretek barna sine behov for tryggleik, bidreg til at barna får fram deira stemme i brotet, og sørgjer for at barna opplev å bli sett og høyrte. Thuen (2011) si undersøking visar at 80 % av barna som opplever samlivsbrot klarar seg bra. Dette stemmer med Ung-HUBRO undersøkelsen (Forskning.no 2014), og Moxnes (1999 og 2003) i sine undersøkingar. Ho skriv at barn som har opplevd samlivsbrot på en sunn måte, med vaksne som har barna i fokus klarar seg greit. Informantane i denne undersøkinga har opplevde dette ulikt. Alle informantane i dette prosjektet er i skule eller arbeid. Informantane opplevde ein vanskeleg periode då foreldra gjekk frå kvarandre, for nokre var det i ein kort periode, for andre over fleire år. Men alle informantane seier at det går greitt med dei no, så slik sett «passar» mine informantar inn i tidlegare undersøkingar på dette. Eg vil i avslutningskapittelet gjenta hovudfunna i denne mastergradsoppgåva:

- Barnet si stemme - å bli sett og høyrte
- Følelsar og reaksjonar knytt til samlivsbrotet
- Fekk barna tilbod om samtalar / oppfølging av andre
- Råd frå barna / ungdomen

5.2 *Kva viser denne undersøkinga om funna?*

Etter det som blei skriva i kapittel 4, analyse, funn og drøfting, vel eg å ha ei oppsummering av alle dei fire hovudfunna og trekkje dette saman. I hovudfunnet, *Barnet si stemme - å bli sett og høyrte*, frå kapittel 4.2.1 fann eg at 1 av 5 av informantane følte seg sett og høyrte. 2 av 5 av informantane følte ikkje dei blei sett og høyrte. 2 av 5 sa det var det litt begge deler, følte seg sett og høyrte på noko, og ikkje på andre ting. Ingen av informantane i undersøkinga følte at dei fekk snakke med foreldra om korleis dei hadde det. To av dei fortalde at dei ein gong hadde fått snakke med foreldra om dette. Alle informantane fortalde dei sakna den andre forelderen. Dei sakna huset, rommet, husdyr, leiker, leikekameratar. Fleire ytra at dei sakna å ha det rolegare, ikkje måtte flytta så mykje mellom foreldra. 2 av 5 av informantane følte ikkje dei blei trøsta av nokon, verken foreldre eller andre vaksne. Dei tre andre sa at foreldre og søsken hadde prøvd å trøysta dei. Kosedyr og husdyr gir god trøyst. Fire av fem av informantane seier at søsken er viktige i eit samlivsbrot. Tre av fem av informantane opplevde at foreldra krancla før og etter brotet. 2 av desse opplevde store konflikter mellom foreldra, den tredje sa det var litt krancling.

I hovudfunnet, *Følelsar og reaksjonar knytt til samlivsbrotet* frå kapittel 4.2.2. fann eg at informantane i dette mastergradsprosjektet fortalde om at dei blei stille, blei lei seg, nedstemt, deprimert, blei sløvare, hadde skuleskulk, isolerte seg, reagerte med sinne og aggresjon, hadde dårleg konsentrasjon og hadde dårleg samvit. Alle fem informantane i undersøkinga, 5 av 5, svarta at dei kjende godt til uttrykket «Ansikt på innsida og ansikt på utsida», det vil seia å skjule kjensler og reaksjonar. Alle fem informantane sa at dei ofte hadde hatt det slik. Alle fem informantane fortalde at dei hadde opplevd lojalitetskonflikt mellom seg og foreldra. Alle fem informantar tok på seg mykje ansvar for foreldre og søsken i samlivsbrotet, og sette seg sjølv ofte til side.

I hovudfunnet, *Fekk barna tilbod om samtalar / oppfølging av andre*, frå kapittel 4.2.3 visar funna mine at 3 av 5 av informantane sa at dei ikkje hadde fått noko tilbod om samtalar / oppfølging av andre. 1 fekk tilbod om å snakka med helsesøster, og snakka med ho eit par gongar, det hadde vore til hjelp. Informanten fekk tilbod om samtalar eit par år etter også,

men takka då nei. Han snakka med lærar om skulerelaterte ting. 1 av 5 av informantane fekk tilbod om, og var med i samtalegruppe for barn som har opplevd samlivsbrot (PIS-gruppe). Dei andre 4 av 5 fekk ikkje tilbod om samtalegruppe, den eine kjende til desse då yngre søster hadde vore med i gruppe. Desse 4 av 5 av informantane seier i ettertid at dei hadde takka ja til samtalegruppe om dei hadde fått tilbod om det då dei opplevde samlivsbrotet. 1 av informantane sa at ho hadde hatt mest behov for ein-til-ein samtale.

I hovudfunnet, *Råd frå informantane / ungdomane*, i kapittel 4.2.4, har eg prøvd å trekt saman råda deira til foreldra sine / andre vaksne, til profesjonelle og til barn. Dette er ungdomar med mykje erfaring på godt og vondt i prosessen deira med foreldra sitt samlivsbrot. Det er vanskeleg å ha noko god oppsummering av råda frå informantane, det er lett å utelata noko som er viktig. Difor vil eg anbefala å lesa råda frå informantane for å få ei betre innsikt i dei.

5.3 Viktige faktorar for at barnet si stemme skal bli høyrte i samlivsbrot

For å koma med ein forsiktig konklusjon på denne undersøkinga, ved hjelp av teorien som er brukt, andre undersøkingar, og det informantane fortalde kan eg visa til område som er viktige i samband med eit samlivsbrot. Undersøkingar visar at ein må ta barna på alvor, og at dei vaksne rundt barna må ta dei meir med i samtalane rundt samlivsbrotet. Dette gjeld både i det private og profesjonelle nettverket. Ved å setje fokus på nokre område kan kanskje foreldre og barn gå igjennom ein prosess med eit samlivsbrot på ein best mogeleg måte.

For å få fram barnet si stemme i samlivsbrot må alle vaksne rundt barna, både foreldra, personale i barnehage og skule, frå sosial- og helsesektoren, i familievern eller barnevern, sørge for at fokuset er på barnet si oppleving og erfaring av brotet. Barn må få lov og anledning til å snakke om korleis dette er for dei, og få fortelja korleis dei har det. Det er barna si historie av samlivsbrotet ein må få fram, ein må gje barna mogelegheit og anledning til det. Det er me vaksne som skal gje barna tilbod om dette, barn skal ikkje måtte etterspør det. Foreldra klarar å få fram sine stemmer på deira arenaer.

Foreldre må ikkje la være å snakke med barna, ein må informere dei og forklare dei. Og ein må snakke med barna om brotet mange gangar, og ikkje bare i ein kort periode. Dette gjeld

også for dei profesjonelle rundt barna. Det er vist til i oppgåva at foreldre må ta på alvor at barna både «sensar» og opplever korleis foreldra har det saman, dei er ikkje uvitande om det som skjer. Ta dette på alvor og informer barna om endringar som skal skje i familien. Det kan bli ulike reaksjonar frå barna på informasjon om samlivsbrotet. Stille barn reagerer også, kanskje tek dei for mykje omsyn til dei vaksne sine følelsar ved å vera stille.

Eit samlivsbrot kan vera ein vanskeleg periode for foreldra også. Dei fleste foreldre prøver å gjera det beste for barna sine. Ved at foreldra går til mekling kan dei få hjelp til å få til ein betre kommunikasjon og samarbeid om barna etter samlivsbrotet. Det er viktig at barna også får koma til samtalar på familievernkontora. Dette kan vera med på at foreldra får innsyn i korleis barna opplever prosessen, og ved avtalar om samvær får ein fram barna sine ynskjer. Det at barna også får snakke om si oppleving av foreldra sitt samlivsbrot på familievernkontora, kan vera med på at opplevinga for barna kan verta lettare å handtera. Vidare er det viktig at foreldra går på kurs, er med i program, som kan bidra til å gje foreldra reiskap til å klara å vera gode foreldre etter samlivsbrotet også. Og at relasjonane og tilknyttinga til barna blir ivareteke etter brotet også. Desse kursa er ofte organisert under familievernkontora.

Ein sørgjer for at barna blir ivareteken på ein god måte dersom profesjonelle rundt barna i kvardagen, som personale i barnehage og skule, er årvakne på korleis barna har det. Spør barna om dette, også om det kan verka som barna ikkje ynskjer å snakke om det, eller seier at dei har det bra. Spør barna mange gongar med forsiktig tilnærming, og ein dag vil dei kanskje fortelje, fordi dei har erfart at dei vaksne ikkje sluttar å spør og bryr seg. Ein veit at dei vaksne profesjonelle rundt barna bryr seg, og det er mange gode vaksne rundt barn som opplever samlivsbrot. Og desse kan vera avgjerande for at barna klarar seg greitt i ein slik prosess. Men mange av informantane i denne og andre undersøkingar fortel at dei trudde dei vaksne ikkje brydde seg om dei, sidan dei ikkje spurde korleis barna hadde det.

Eg visar i oppgåva mi til den positive erfaringa ein har av at barn får vera med i samtalegrupper for barn som har opplevd samlivsbrot. Der får dei vera saman med andre barn med liknande erfaring, dei opplever at dei er ikkje dei einaste som opplever dette.

Evalueringar av samtalegruppene visar at det gav ein positiv effekt ved at barna i gruppene

vart meir opne, gladare, tryggare og meir nøgd med seg sjølv. Dette stemde med funn frå nordiske og internasjonale undersøkingar. Dette stemmer med mi eiga erfaring med samtalegrupper også. Det å delta i samtalegrupper visar seg å hjelpe ved å bearbeida reaksjonar, følelsar, tankar og spørsmål barna måtte ha. Det bidreg til å redusere utvikling av skulefråvær, depresjon, rus og kriminalitet hos barna. Undersøkingar har også vist at samtalegrupper er helsefremjande, og kan vera eit viktig tiltak i folkehelsearbeidet.

Når eg skal prøve å avrunda denne mastergradsoppgåva vel eg å trekkje fram ungdomane si erfaring av å vera med i denne undersøkinga. På slutten av kvart intervju spurde eg ungdomane om korleis opplevinga deira av å bli intervjuja hadde vore. Og om det var noko dei syntes var viktig å spør om som eg hadde gløymt å spør dei om, eller om dei hadde tips til dei andre intervjuja eg skulle ha. Dette var svara frå dei fem flotte og kloke ungdomane eg hadde som med-forskarar, eg vel å la svara få koma fortløpande;

«Mm.. altså.. eg likte veldig godt balansen din, den var ganske bra (å vera forskar og terapeut, red.). Det ville eg bare seia med ein gong. Altså.. Egentlig så har eg ikkje noke å seia. På grunn av at det var veldig greitt å snakka med deg, du var profesjonell, og.., men du var liksom samtidig litt sånn støtte. Men ikkje sånn kun det og kun det, det var sånn akkurat passe.» (Anne Gro, s 70).

«Nei, du har dekkja alt! Det var heilt greitt. Eg hadde egentlig forventa at det skulle bringa opp masse sånne stygge minner, men det gjorde det egentlig ikkje. .. eg syns det gjekk veldig fort, tida føyk jo (latter begge).» (Oda, s 46).

«Det var kjekt å ha noken til å høyre på seg. Kanskje (eg kunne ha spurt meir om, red.) litt meir om sånn som data og sånn, i hvert fall hvis det er, gitar for eksempel er litt meir på data og sånne ting.» (Espen, s 56).

«Det var egentleg bra å snakka. [...] Eg syntes det var veldig bra sånn som dette (å bli intervjuja, red.).» (Amalie, s 77).

«Nei, for no har eg snakka så mykje om det eg aldri har snakke om det før så... (fornøgd) Det var egentlig veldig greitt. Eg tok egentlig... det var sjansen sånn å få snakka med ein person, og dela mine tankar.» (Silje, s 86).

Igjen trekk eg fram det narrative perspektivet, at informantane fekk skrive ny historie, og setja «spotlighten» på andre sider av historia om foreldra sitt samlivsbrot. Ved å vera med i denne undersøkinga var det med på å gi andre meir positive historier meir fokus. Det var veldig

interessant og bra at ungdomane var så bevisste på å vera med i dette prosjektet. Ungdomane sa at dette var deira sjanse til å få snakke om deira erfaringar med samlivsbrotet til foreldra sine då dei var yngre. Og det var viktig for meg som forskar at ungdomane var så positive også etter intervjuet, at dette hadde vore ei positiv oppleving for dei.

Målet med denne undersøkinga, og temaet for mastergradsoppgåva var å få fram alle stemmene til informantane, ungdomar som hadde opplevd foreldra sitt samlivsbrot. Det håpar eg at eg har bidrege til. All teori kjem frå erfaringar frå praksisfelte, nokre gonger frå biologien og andre gonger frå samspelet med menneske i det levde livet. Dette med tanke på m.a. det eg skreiv innleiingsvis om Ludvig von Bertalanffy (Hårtveit og Jensen 2004). Dette var også spanande å oppdaga i denne mastergradoppgåva, informantane og eg skapte kunnskap saman (Kvale og Brinkmann 2009). Først gjorde eg erfaringar med intervju med informantane, ungdomane i prosjektet, så fann eg hovudfunna i undersøkinga, og så leita eg og fann teori om det eg hadde undersøkt.

Det har vore spanande og lærerikt å finne svara informantane i mastergradoppgåva har gitt meg. Korleis det var for dei som barn å oppleva at foreldra deira gjekk frå kvarandre. Det har vore svært interessant og lærerikt for meg undervegs i undersøkinga å finne meir ut om korleis informantane opplevde å bli ivaretekne i eit samlivsbrot. Om dei følte dei vart høyrte og sett i samlivsbrot-prosessen, og om deira stemme kom fram. Dei sit på eit enormt erfaringsgrunnlag med å ha vore barn / ungdom då foreldra deira gjekk frå kvarandre. Ungdomane har opplevd dette sjølv, og har gitt gode råd til meg som forskar. Denne mastergradsoppgåva kan kanskje vera med på at dei vaksne rundt barna kan bidra til at andre barn kan gå gjennom ein liknande periode på ein kanskje betre måte. Gjennom mastergradsoppgåva håpar eg at kunnskapen barna / ungdomen har formidla til meg kan vera med på at både private og profesjonelle personar kan læra noko av dette. Korleis både foreldre og profesjonelle kan ha fokus på, og møta og hjelpe barna på ein endå betre måte enn kva ein gjer i dag. Det er mange svært gode vaksne rundt barn, både foreldre, og personale i ulike instansar, håpet er at dei skal fokusera endå meir på barnet si oppleving av eit samlivsbrot.

5.4 Avgrensingar og sjølvrefleksjon

På grunn av metodiske begrensingar må funna i dette studiet bli tolka forsiktig. Ei avgrensing er at det bare er fem informantar i denne undersøkinga, så funna kan ikkje utan vidare bli generalisert. Dei er frå same geografiske område, men kjende ikkje kvarandre. Informantane er spreidd i alder frå 16 til 19 år, det er ein gut og fire jenter. Det at informantane er intervjuva nokre år etter foreldra sitt samlivsbrot, i eit retroperspektiv, kan gjera noko med refleksjonen til informantane. Den kan ha blitt påverka av kva dei huska og ikkje huskar, og korleis dei har det i dag. Men fordelene og tanken ved å intervju informantane i ettertid er at det er ei stund sidan dette skjedde, og deira evne til refleksjon i noverande alder og med deira livserfaring er ei viktig kjelde til kunnskap. I prosessen med denne undersøkinga har eg prøvd å reflektera over mi eiga for-forståing. Korleis den kan ha vore med og farga det eg har undersøkt og tolka. Eg har forsøkt å unngå dette ved å vera etterretteleg i kvar del av analyseprosessen og i heile undersøkinga. Det eg tolkar i dette materialet er bare meint som ein av fleire måtar å tolke det på. Prosessen med mastergradsoppgåva har vore med på at eg har fått innsyn i og lært om mange ulike tema rundt barn og samlivsbrot. Det er mange og komplekse tema, med mange gode bøker og forskning på feltet. Det kan vera ei fare i slike undersøkingar som dette at ein drar for raske konklusjonar. Difor har eg valt å bruka ei brei framstilling, og ser at dette kan ha gått på bekostning av ei meir grundig og nyansert analyse enn kva mi forskning visar.

5.5 Implikasjonar for vidare forskning

I dette studiet ville eg forska på barnet si stemme ved samlivsbrot, og eg har sett på dei hovudfunna som informantane gav i undersøkinga. Eg håpar at dei temaa og drøftingane rundt livsverda til informantane i denne undersøkinga kan vera til nytte og interesse for vidare forskning. Eg meiner det ville vore nyttig å ha ei undersøking i større målestokk der ein kan nytte både kvalitative og kvantitative metodar. Ein kan lage eit forskingsdesign der ein får fram svara både i dybde ved kvalitativ forskning, og ved mengde i ei kvantitativ del av same forskning. Det eg har lese visar at det finnes for lite forskning på dette temaet med barna sitt utgangspunkt og erfaringar. Det er kome meir forskning der barn blir intervjuva og får uttale seg, men det trengst meir forskning på dette. Barn har viktig kunnskap med deira erfaring med foreldra sitt samlivsbrot.

6 Litteraturliste og referansar

Aadland, E. (1998). *Etikk for helse- og sosialarbeidarar*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Alsing, H. C. (2012). *Terapeutisk arbeid med «spagatbarn» og deres foreldre*. Tidsskriftet Fokus på Familien nr. 2: 125-137.

Antonovsky, A. (2012). *Helsens mysterium. Den salutogene modellen*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Bateson, G. (2005). *Mentale systemers økologi. Skridt i en utvikling*. København: Akademisk Forlag.

Bateson, G. (2014). *Ånd og natur. En nødvendig enhed*. Oslo: De norske Bokklubbene AS.

Bufetat.no (2013). *Intervensjoner for å dempe foreldrekonflikt- en kunnskapsoversikt*. Henta 18. april 2015 frå:
http://www.bufetat.no/Documents/Bufetat.no/Familievern/2013_Rapport_6_web.pdf

Dallos, R. & Draper R. (2005). *Familieterapi. Systemisk teori og praksis*. København: Hans Reitzels Forlag.

Dallos, R. og Vetere, A. (2005). *Researching Psychotherapy and Counselling*. England: Open University Press.

Dallos, R. og Vetere, A. (2009). *Systemic Therapy and Attachment Narratives. Applications in a Range of Clinical Settings*. London og New York: Routledge, Taylor & Francis Group.

Diakonhjemmet Høgskole (2013). *Retningslinjer for oppgaveskriving på bachelor-, videreutdanning- og masternivå*. Oslo: Diakonhjemmet Høgskole

Dyregrov, A. (2006). *Sorg hos barn. En håndbok for voksne*. Bergen: Fagbokforlaget

Egge, H. (2012). *«Du er ikke alene». Samtalegrupper som helsefremmende tiltak for skilsmissebarn*. Gøteborg: Nordic School of Public Health NHV. (Master of Public Health).

Fellesorganisasjonen for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og (FO 2002): *Yrkesetisk Grunnlagsdokument for Barnevernspedagoger, Sosionomer og Vernepleiere*. Vedtatt på kongress 20.-22. november 2002

Forskning.no (2014). *Ung-HUBRO-undersøkelsen*. Henta 4. mars 2014 frå:
<http://forskning.no/samfunn-barn-og-ungdom/2014/08/ungdom-takler-skilsmisse-bedre-enn-ti-ar-siden>

Fredrikstad Blad (2015). *Skilsmisse utgjør nesten halvparten av sakene*. Henta 9. mai 2015 frå: <http://www.side2.no/aktuelt/skilsmisse-utgjor-nesten-halvparten-av-sakene/8448050.html>

Haaland, K. R. (2005), *Even og skilsmissen*. Oslo: Universitetsforlaget

- Hårtveit, H. og Jensen, P. (2004). *Familien- pluss en. Innføring i familierapi*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Kvale, S. (2007). *Doing interviews*. London: Sage Publications Ltd.
- Kvale, S. og Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. 2. utg. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Langdridge, D. (2006). *Psykologisk forskningsmetode. En innføring i kvalitative og kvantitative tilnæringer*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Larsen, A.K. (2007). *En enklere metode. Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Lindboe, A. (2015, 19. februar) Når barn blir stille i stormen. *Dagbladet* s.50-51.
- Lov om barn og foreldre (2010). Barnelova. § 48. *Det beste for barnet*. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag.
- Lundby, G. (1998). *Historier og terapi. Om narrativer, konstruksjonisme og nyskriving av historier*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Lundby, G. (2009). *Terapi som samarbeid. Om narrativ praksis*. Oslo: Pax Forlag AS.
- Lægreid, S. og Skorgen, T. (2006). *Hermeneutikk- en innføring*. Oslo: Spartacus Forlag AS.
- Moxnes, K. (1999). *Skilsmisens virkninger på barn. Foreldres oppfatning av skilsmisens konsekvenser for deres barn*. Trondheim: ALLFORSK.
- Moxnes, K. (2003). *Skånsomme skilsmisser - med barnet i fokus*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Ness, O. (2014). Barns fornemmelse for brudd. Erfaringer med å vokse opp med skilte foreldre. *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, 51(10):815-821.
- NSD (2014). *Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS*. Bergen.
- Raundalen, M., Lorentzen, G. og Dyregrov, A. (2005). *Gruppearbeid i flyktningfamilier- barnegrupper og foreldreveiledning*. Oslo: Pedagogisk forum.
- REK (2014). *Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk*. Oslo.
- Ruud, A. K. (2011). *Hvorfor spurte ingen meg? Kommunikasjon med barn og unge i utfordrende livssituasjoner*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Seikkula, J. (2000). *Åpne samtaler*. 2. utg. Oslo: Tano Aschehoug.

Smith, J. A., Flowers, P., Larkin, M. (2009). *Interpretative Phenomenological Analysis. Theory, Method and Research*. London: SAGE Publications Ltd.

Statistisk sentralbyrå (SSB 2014). *Ekteskap og skilsmisser, 2013*. Henta 4. mars 2014 frå: <http://ssb.no/befolkning/statistikker/ekteskap/aar/2014-08-21>

Størksen I. (2006) *Parental Divorce: Psychological Distress and Adjustment in Adolescent and Adult Offspring*. Oslo: Nasjonalt folkehelseinstitutt, avdeling for psykisk helse. (Avhandling for graden Dr. psychol. degree, Ph.D.).

Thuen, F. (2007). *Sliter etter skilsmisser*. NRK.no / Puls. Henta 7. april 2014 frå: <http://www.nrk.no/livsstil/sliter-etter-skilsmisse-1.3925530>

Thuen, F. (2011). *Klinisk arbeid med par*. Bergen: Høgskolen i Bergen. Undervisning med PowerPoints-presentasjon. Gjengitt med tillating frå forfattere

Thagaard, T. (2009). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.

Tjersland, O.A: (1992). *Samlivsbrudd og foreldreskap. Meklingsprosessens psykologi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kristiansand kommune (2015). *Vanlig, men vond. Gruppeopplegg for ungdom som har opplevd foreldres samlivsbrudd*. Henta 16. mai 2015 frå: <https://kristiansand.kommune.no/barnehage-og-skole/planer-og-prosjekter/vanlig-men-vondt/>

White, M. (2009). *Kart over narrativ praksis*. Oslo: Pax Forlag AS

Voksne for barn (2014). *Snakke om skilsmissen i gruppe*. Henta 5. april 2014 frå: http://www.vfb.no/no/vi_tilbyr/skilsmisse_i_familien/pis_skilsmissegrupper/

Voksne for barn (2015). *Veiledningspakke skole og barnehage, PIS*. Henta 3. Mai 2015 frå: <http://www.vfb.no/Veiledningspakke+barnehage%2C+PIS+Program+for+skilsmissegrupper.b7zFA-xfZ0B-hTN9OCT-tRJ6lVBt6705hRfQ4Z.ips?template=webshop&productGroupID=38>

7 Vedlegg

Vedlegg 1



Region: REK sør-øst	Saksbehandler: Gjoril Bergva	Telefon: 22845529	Vår dato: 11.09.2014	Vår referanse: 2014/1253 REK sør-øst D
			Deres dato: 17.06.2014	Deres referanse:

Vår referanse må oppgis ved alle henvendelser

Halvor de Flon
Diakonhjemmet høyskole
Postboks 184 Vinderen
0319 Oslo

2014/1253 Barnet si stemme ved samlivsbrudd

Vi viser til søknad om forhåndsgodkjenning av ovennevnte forskningsprosjekt. Søknaden ble behandlet av Regional komité for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk (REK sør-øst) i møtet 20.08.2014. Vurderingen er gjort med hjemmel i helseforskningsloven § 10, jf. forskningsetikklovens § 4.

Forskningsansvarlig: Diakonhjemmet høyskole
Prosjektleder: Halvor de Flon

Prosjektomtale (original):

Dette er ei masteroppgåve i familierapi og systemisk praksis. Undersøkinga har som formål å bidra til å få fram korleis barn og ungdom kan oppleve å ha det når foreldra går frå kvarandre. Korleis det kan vera å leva med foreldra sine under og etter eit samlivsbrudd. Tema for masteroppgåva er "Barn si stemme ved samlivsbrudd". Problemstilling er "Kva kan barn fortelle om sine opplevingar i forbindelse med foreldra sitt samlivsbrudd?" Bakgrunnen for prosjektet er prosjektmedarbeidar si erfaring med å arbeida med barn / ungdom og foreldre i ulike utfordrande livssituasjonar, m. a oppfølging av vaksne og barn med utfordringar ved samlivsbrud. Formålet med prosjektoppgåva er å få fram barna / ungdomen si erfaring og oppleving av ein ny familiesituasjon, om dei vart sett og høyrte, og deira råd til andre. Informantane er over 16 år. Vidare er formålet med prosjektet å få meir kunnskap om temaet. Informantar i prosjektet er ungdom som skal som bidra til meir kunnskap i prosjektoppgåva.

Vurdering

Undersøkelsens formål er å få fram hvordan barn og ungdom kan oppleve å ha det når foreldrene går fra hverandre. Gjennom dybdeintervju søker man å få barnas erfaringer og tanker i en ny familiesituasjon og hvilke opplevelse barna har hatt av å bli sett og hørt og hva de kan gi av råd til voksne og barn i lignende situasjoner. Komiteen vurderer at prosjektet, slik det er presentert i søknad og protokoll, ikke vil gi ny kunnskap om helse og sykdom som sådan. Prosjektet faller derfor utenfor REKs mandat etter helseforskningsloven, som forutsetter at formålet med prosjektet er å skaffe til veie ny kunnskap om helse og sykdom.

Det kreves ikke godkjenning fra REK for å gjennomføre prosjektet. Prosjektet kommer inn under de interne regler som gjelder ved forskningsansvarlig virksomhet. Det er institusjonens ansvar å sørge for at prosjektet følger gjeldende reguleringer for behandling av helseopplysninger. Ettersom prosjektet forutsettes gjennomført i samsvar med gjeldende reguleringer, vil dette ikke være til noe hinder for at resultatene kan publiseres.

Besøksadresse:
Gullhaugveien 1-3, 0484 Oslo

Telefon: 22845511
E-post: post@helseforskning.etikkom.no
Web: <http://helseforskning.etikkom.no/>

All post og e-post som inngår i saksbehandlingen, bes adressert til REK sør-øst og ikke til enkelte personer

Kindly address all mail and e-mails to the Regional Ethics Committee, REK sør-øst, not to individual staff

Vedtak

Prosjektet faller utenfor helseforskningslovens virkeområde da det ikke oppfyller formålet, jf. § 2. Det kreves ikke godkjenning fra REK for å gjennomføre prosjektet.

Klageadgang

Komiteens vedtak kan påklages til Den nasjonale forskningsetiske komité for medisin og helsefag, jf. helseforskningsloven § 10 tredje ledd og forvaltningsloven § 28. En eventuell klage sendes til REK sør-øst D. Klagefristen er tre uker fra mottak av dette brevet, jf. forvaltningsloven § 29.

Vi ber om at alle henvendelser sendes inn med korrekt skjema via vår saksportal:
<http://helseforskning.etikkom.no>. Dersom det ikke finnes passende skjema kan henvendelsen rettes på e-post til: post@helseforskning.etikkom.no.

Vennligst oppgi vårt referansenummer i korrespondansen.

Med vennlig hilsen

Finn Wisløff
Professor em. dr. med.
Leder

Gjøril Bergva
rådgiver

Kopi til: refsaas@diakonhjemmet.no
Diakonhjemmet Høgskole ved øverste administrative ledelse: post@diakonhjemmet.no

Vedlegg 2

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Harald Hårfagres gate 29
N 5007 Bergen
Norway
Tel +47 55 58 21 17
Fax +47 55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org nr. 985 321 884

Halvor de Flon
Diakonhjemmet Høgskole
Postboks 184 Vinderen
0319 OSLO

Vår dato: 19.09.2014

Vår ref: 39012 / 3 / LB

Deres dato:

Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 12.06.2014. Meldingen gjelder prosjektet:

<i>39012</i>	<i>Barnet si stemme ved samlivsbrudd</i>
<i>Behandlingsansvarlig</i>	<i>Diakonhjemmet Høgskole AS, ved institusjonens øverste leder</i>
<i>Daglig ansvarlig</i>	<i>Halvor de Flon</i>
<i>Student</i>	<i>Mariann T. Haugan</i>

Etter gjennomgang av opplysninger gitt i meldeskjemaet og øvrig dokumentasjon, finner vi at prosjektet ikke medfører meldeplikt eller konsesjonsplikt etter personopplysningslovens §§ 31 og 33.

Dersom prosjektopplegget endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for vår vurdering, skal prosjektet meldes på nytt. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>.

Vedlagt følger vår begrunnelse for hvorfor prosjektet ikke er meldepliktig.

Vennlig hilsen

Katrine Utaaker Segadal

Lene Christine M. Brandt

Kontaktperson: Lene Christine M. Brandt tlf: 55 58 89 26

Vedlegg: Prosjektvurdering

Kopi: Mariann T. Haugan mariann.haugan@sklbb.no

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.

Avdelingskontorer / District Offices

OSLO NSD Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo Tel +47 22 85 52 11 nsd@uio.no
TRONDHEIM NSD Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim Tel +47 73 59 19 07 kyrr-svarva@svt.ntnu.no
TROMSØ NSD SVF, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø Tel +47 77 64 43 36 nsdmaa@svt.uio.no



Vi viser til telefonsamtale med Mariann T. Haugan 18.09.2014. Vi kan ikke se at det behandles personopplysninger med elektroniske hjelpemidler, eller at det opprettes manuelt personregister som inneholder sensitive personopplysninger. Prosjektet vil dermed ikke omfattes av meldeplikten etter personopplysningsloven.

Det tas høyde for at det kan fremkomme personidentifiserende opplysninger i forbindelse med intervju, men så lenge lydopptakene ikke lagres eller overføres til datamaskinbasert utstyr, vil denne behandlingen ikke være omfattet av meldeplikten.

Personvernombudet legger til grunn at man ved transkripsjon av intervjuer eller annen overføring av data til en datamaskin, ikke registrerer opplysninger som gjør det mulig å identifisere enkeltpersoner, verken direkte eller indirekte. Det ligger til grunn for vår vurdering at alle opplysninger som behandles elektronisk i forbindelse med prosjektet er anonyme.

Med anonyme opplysninger forstås opplysninger som ikke på noe vis kan identifisere enkeltpersoner i et datamateriale, verken:

- direkte via personentydige kjennetegn (som navn, personnummer, epostadresse el.)
- indirekte via kombinasjon av bakgrunnsvariabler (som bosted/institusjon, kjønn, alder osv.)
- via kode og koblingsnøkkel som viser til personopplysninger (f.eks. en navneliste)
- eller via gjenkjennelige ansikter e.l. på bilde eller videoopptak.

Personvernombudet legger videre til grunn at navn/samtykkeerklæringer ikke knyttes til sensitive opplysninger.

Vedlegg 3

Spørsmål om deltaking i forskingsprosjektet

«Barnet si stemme ved samlivsbrudd»

Master i familieterapi og systemisk praksis

Bakgrunn og føremål

Dette informasjonsbrevet blir levert til ungdom som har kontakt med Utekontakten på Stord, og til ungdom som går på Fitjar vidaregåande skule.

Brevet blir levert til ungdom anten dei har opplevd foreldra sitt samlivsbrudd eller ikkje. Dette er aktuelt for dei som har opplevd at foreldra deira har hatt samlivsbrudd, og det er av stor interesse om dei ynskjer å vera med på deltaking i dette forskingsprosjektet.

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i ein forskingsstudie for å finne ut korleis det kan opplevast for barn og ungdom at foreldra går frå kvarandre. Intervjua blir tekne nokre år etter foreldra sitt samlivsbrudd, for at det kanskje er lettare å bli spurd om dette i ettertid. Føremålet med studien er at eg ynskjer å finna meir ut om barn / ungdom sine erfaringar, og få fram deira stemme i samlivsbrudd. Eg har valt å snakka med ungdom som er mellom 16 og 19 år. Dette fordi eg trur at dåke kan gje meg veldig viktig informasjon og kunnskap om dette temaet, med dåkar erfaringar med foreldre som har opplevd samlivsbrudd. Dei som er over 16 år treng ikkje samtykke frå foreldra til å vera med i forskingsstudiet mitt.

Det er Mariann T. Haugan som er ansvarleg for forskingsprosjektet, ho er mastergradsstudent i familieterapi og systemisk praksis ved Diakonhjemmet Høgskole i Oslo.

Kva inneber studien?

Det som skjer i studien er at eg vil intervju dei ungdomane som vil vera mine informantar. Intervjuet vil ta ca. 1 ½ time. Intervjua blir teke opp på lydband, og sletta etter eg har fått skrive ned intervjua (transkribert). Det er oppretta kontakt med elevinspektør / rådgjevar på skulen for å få hjelp til å finna elevar som vil vera med i prosjektet. Elevinspektør / rådgjevar sitt ansvar i prosjektet er å levere ut dette informasjonsbrevet.

Gjennomføring av intervjua med ungdomar som ynskjer å delta i studiet blir gjort i perioden september-oktober-14. Tid og stad som passar best å gjennomføra intervjua vert avtala direkte mellom ansvarleg for forskingsprosjektet og eleven.

Mogelege føremoner og ulemper

Det kan vera mogeleg at det kan verta opplevd som belastande å fortelja i intervjua korleis det var å oppleva foreldra sitt samlivsbrudd. Dette skal ivaretakast på best mogeleg måte ved at informanten blir møtt med respekt med det han / ho vil fortelja i intervjuet. Det er mogeleg for

informanten å ta kontakt med intervjuar i etterkant av intervjuet dersom det er behov for det. Vidare kan intervjuar hjelpe med kontakt i hjelpeapparatet dersom det er behov for det.

Kva skjer med informasjonen om deg?

Alle opplysningane vert behandla utan namn og fødselsnummer eller andre direkte opplysningar som kan gjera at dei vert kopla til deg. Alt du seier i intervjuet vil bli anonymisert og ingenting kan sporast tilbake til deg.

Det er berre prosjektleiar som er knytt til prosjektet som har tilgang til opplysningar om deg, og berre ho som kan finne tilbake til deg. Opplysningar du gir i intervjuet vil ikkje bli kopla mot noko register. Det vert heller ikkje noko innhenting av opplysningar om deg frå andre register. Intervjuet med deg, både det på band og det som vert skrive ned, vert sletta når prosjektet vert avslutta. Dette skjer i mai 2015. Det vil ikkje vere mogeleg å identifisere deg i resultatata av studien når denne vert publisert.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å ta del i studien. Du kan kva tid som helst og utan å gje opp nokon grunn trekkje samtykket ditt til å delta i studien. Dersom du ønskjer å ta del, underteiknar du samtykkeerklæringa på siste side. Om du seier ja til å vera med no, kan du seinare trekkje tilbake samtykket ditt. Dersom du seinare ønskjer å trekke deg eller har spørsmål til studien, kan du kontakte prosjektleiar

Mariann T. Haugan. Telefon: 994 57 254. Mail: mariann.haugan@sklbb.no.

Dersom du ynskjer å delta i forskingsstudiet, «Barnet si stemme ved samlivsbrudd», ta kontakt med Mariann T. Haugan. Telefon: 994 57 254. Mail: mariann.haugan@sklbb.no.

Samtykkeerklæring følgjer etter informasjonen her.

Rett til innsyn og sletting av opplysningar om deg.

Dersom du seier ja til å vere med i studien, har du rett til å få innsyn i kva opplysningar som er registrert om deg. Du har vidare rett til å få korrigert eventuelle feil i dei opplysningane vi har registrert. Dersom du trekkjer deg frå studien, kan du krevje å få sletta innsamla opplysningar, med mindre opplysningane alt er gått inn i analysar eller er brukt i vitenskaplege publikasjonar.

Informasjon om utfallet av studien

Deltakarane har rett til å få informasjon om resultatet av studien.

Samtykke til deltaking i studien

Eg har lese informasjonsskrivet og er villig til å ta del i studien

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Eg bekreftar at eg har gjeve informasjon om studien

(Signert, rolle i studien, dato)

Eg bekreftar at eg har vore med og rekruttert informantar til studiet

(Signert, dato)

Eg bekreftar at eg har transkribert intervju av informantar i studiet

(Signert, dato)

Vedlegg 4

Intervjuguide

Tema:

Underspørsmål:

Bakgrunn	<ol style="list-style-type: none">1. Kor lenge er det sidan foreldra dine blei skild?2. Alder då, og no?3. Søsken?
Informasjon om brotet	<ol style="list-style-type: none">1. Korleis fekk du vite at foreldra dine skulle gå frå kvarandre?2. Kor mykje viste du om dette før brotet?3. Kven forklarte deg om situasjonen?4. Var du oppteken av grunnen for brotet? Hadde du behov for å få ei forståing av det?
Dine følelsar og reaksjonar	<ol style="list-style-type: none">1. Kva følelsar og reaksjonar fekk du når foreldra dine gjekk frå kvarandre? Psykiske / fysiske. Korleis møtte dei vaksne dette?2. Korleis var det å vera deg (barnet) då foreldra dine gjekk frå kvarandre?3. Var det nokon som trøsta deg? Kven? Kven kunne du snakka med?4. Kva følelsar og reaksjonar fekk foreldra? Barna sine tankar om dette?5. Kva gjorde du for å takle den nye familiesituasjonen?6. Korleis oppfatta du deg sjølv i forhold til andre ungar i denne tida?7. Endra du noke adferd? Heime, på skulen, med venner
Barnet si stemme	<ol style="list-style-type: none">1. Kva oppleving hadde du av å bli sett og høyrte av dei vaksne rundt deg?2. Korleis vart di stemme som barn i samlivsbrotet teke omsyn til? Fekk du fortald korleis dette var for deg?3. Korleis var det å vera barn mellom mor og far? Lojalitetskonflikt?4. Var det noko som var bra / greit med at foreldra skilde seg?
Foreldra	<ol style="list-style-type: none">1. Korleis var kommunikasjonen og samarbeidet mellom foreldra?2. Var det konflikt? Kor lenge varte den eventuelt?3. Prøvde dei vaksne rundt deg å gjera noko for at situasjonen kunne bli meir handterbar for barna i denne situasjonen?4. Klarte du / var det rom for å visa og fortelja foreldra dine korleis du hadde det? «Ansikt på innsida og ansikt på utsida».

	<p>5. Kva var hovedfokuset til foreldra i den nye situasjon, dei vaksne eller barna sine utfordringar ?</p>
Flytting. Ny familie	<ol style="list-style-type: none"> 1. Flytting, to heimar – Tankar rundt det? 2. Var det noko du sakna i samband med ny plass å bu? 3. Fekk foreldra nye kjærestar? Kor fort etter brotet? 4. Fekk du ny, utvida, familie? Stesøsken / nye halvsøsken?
Andre viktige	<ol style="list-style-type: none"> 1. Viktige andre personar, dyr, kosedyr for deg? (familie, venner, lærar, helsesyster) 2. Kven kunne du snakka med om korleis du hadde det?
Tilbod om samtalar / oppfølging	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fekk du tilbod om noko organisert hjelp og oppfølging? Av kven? 2. Var du med i samtalegruppe? Nyttig eller ikkje? Dersom du ikkje var med i det, tankar om det kunne vore nyttig eller ikkje?
Etter samlivsbrøtet	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kva er dine erfaringar og tankar om ein ny familiesituasjon etter samlivsbrøtet? 2. Etter samlivsbrøtet, korleis fungerte familien då? 3. I ettertid, er det noko du ser som hadde vore viktig for deg at hadde skjedd då foreldra dine gjekk frå kvarandre? 4. Korleis opplev du relasjonen din / tilhørigheten din til foreldre og sysken i dag? Vart det endra på grunn av samlivsbrøtet? Sterkare / betre eller svakare/ dårlegare no?
Råd / tips	<ol style="list-style-type: none"> 1. Dersom du skulle gitt foreldra <u>dine</u> nokre råd, kva skulle det vera? 2. Kva kan du gje av råd til andre vaksne og barn i liknande situasjon? (Personale i barnehage, skule, helse)
Deg i dag. Eit retroperspektiv	<ol style="list-style-type: none"> 1. Korleis ser du på samlivsbrøtet til foreldra dine no, fleire år etter? 2. Fekk du nokre erfaringar ved å oppleva foreldra dine sitt samlivsbrudd, som har vore til nytte for deg i ettertid? Noko som var problem i ettertid p.g.a. erfaringa? 3. Har denne erfaringa di på nokon måte vore med på å forma deg til den du er i dag? (Personleg og ift val av skule / yrke) 4. Kva er dine drømmer og håp for kjærastforhold og familie?

Til slutt;

Er det noko eg ikkje har spurd deg om som du synes er viktig å seia noko om?

Korleis var det for deg å bli intervjuet om dette?

Nokre tips til meg som skal intervjuet fleire ungdomar?

Er det greitt at me avsluttar her no?

Ynskjer du å få masteroppgåva mi når eg er ferdig med den?

Mariann T. Haugan, 22.09.2014

Vedlegg 5

Transkripsjon intervju nr. 2

I: Intervjuar

IO: Intervjuobjekt

- Stillhet i intervjuet er markert med punktum, der eit punktum = eit sekund stillhet.
- Understreka ord når informanten legg tyngde på orda
- Alle intervjuar er skrivne på nynorsk, men ikkje streng nynorsk. Ikkje dialekt, dette for at informantane skal bli anonymisert

(Dette er midt inne i intervjuet for at personen kan bli gjenkjent)

I: Eh... - Korleis oppfatta du deg sjølv i forhold til andre ungar i denne perioden?

IO: ... Kan seia at eg var meir nedstemt enn kva dei andre var, eg var mykje meir stille, og ville ikkje finne på alle tinga som dei fant på

I: Ja, var det veldig forandring, eller var dette slik du var før?

IO: Det var nok ei forandring, eg slutta jo på ein del fritidsaktivitetar, så..

I: Ja. mm.. - Hadde du nokre tankar om deg.. i forhold til andre ungar? At du hadde opplevd det , eller var midt oppe i dei vaksne sitt samlivsbrudd?.. Tenkte du noke på det?

IO: Eigentleg ikkje så mykje. Det var vel det det at eg var masse med dei andre, eg trur ikkje.. eg følte at dei andre ikkje visste kva eg gjekk igjennom. Og så trekte eg meg meir vekk igjen frå dei

I: Ja,.. Var det nokre andre ungar rundt deg i den tida som hadde opplevd samlivsbrudd, husker du det?

IO: Mm.. Eg hadde eit par veninner som hadde foreldre som var skilt. Men det skjedde då dei var så pass små at dei huska ikkje så mykje

I: Nei, så då blei det ikkje noko felles opplevelse som dåke snakka om?

IO: Nei

I: Nei.. Ok. Du snakka litt om det i stad, men eg spør likevel; - Endra du noke adferd?

IO: Ja eg trakk meg meir inn, blei meir stille, var meir åleine.. enn kva eg var før

I: Ja.. Og det har du snakka litt om, at det var noko som du gjorde litt bevisst, for det nytta for deg

IO: Ja, det var min måte å takle det på

I: Ja, nemlig. Var det forskjell, den adferden / det du gjorde med at du trakk deg tilbake, heime, på skulen og med venner

IO: Ja, eg trekte meg vekk frå alt

I: Det gjaldt liksom på alle arenaer

IO: Ja, eg blei meir stille på skulen, brøyt avtalar med venner, ville ikkje vera så mykje med dei . Og når eg var heima satt eg som regel på rommet

I: Ja, ja.. Var det nokon, dei som kjente deg mest, foreldra dine for eksempel, reagerte dei noke på det?

IO: Dei reagerte vel litte grann, men ikkje slik at eg merka det

I: Nei, ja, ok. Korleis var det med konsentrasjonen din?

IO: Den datt vel litt vekk. For eg tenkte, då eg var på skulen så visste eg kva eg kom heim til, og då klarte eg ikkje å konsentrera meg på skulen

I: Nei, det er jo sånt. Og det er heilt.. normalt òg sant, når ein har hovudet fullt av masse anna

IO: Andre tankar enn skule

I: Nemlig, sant. Neste hovudtema er barnet si stemme.

IO: Ja

I: - Kva oppleving hadde du av å bli sett og høyrte av dei vaksne rundt deg? Når dei vaksne gjekk frå kvarandre

IO:.. eh. Me blei vel sett og hørt på visse ting, men ikkje så mykje. Då måtte me gi beskjed, veldig kraftig, for å bli hørt..

I: Ja, kva ting blei dåke hørt på då? Du sa på visse ting

IO:.. Eh.. Litt om korleis me vil ha det i framtida.. , det var vel mest det..

I: Ja, og elles måtte dåke...?

IO: Bøye oss i støvet (latter)

I: Då var det dei vaksne som bestemte?

IO: Ja

I: Ja, ja.. Det er litt det same spørsmålet eg spør; – Korleis blei di stemme som barn i samlivsbruddet teke omsyn til?

IO: ... Det er vel det med å bøye seg i støvet (latter), trur eg

I: Ja, så då var det dei vaksne som bestemte? – Fekk du fortalde til dei vaksne korleis dette var for deg?

IO: Eg snakka med pappa ein gong om det

I: Ja.. Ein gong

IO: Ja

I: Ja, det var alt du fekk snakka om det?

IO: Ja